



ÅRSMELDING

2014



Surnadal
kommune

Vedteke av Surnadal kommunestyre
07.05.15



INNHOLD

Rådmannen sin kommentar.....	3
Overordna satsingsområde.....	5
Rekneskap for Surnadal kommune 2014	45
Rådmannen/administrasjonen	52
Politisk verksemd	58
Utvikling.....	58
Oppvekst.....	65
Helse og omsorg	78
Teknisk.....	101
Investeringar	112



Rådmannen sin kommentar

Gjennom årsmeldinga får vi eit godt bilde av aktivitetane og utviklinga i Surnadal kommune i 2014. Dette året har også vore prega av stramme budsjetttrammer, men vi greier etter mi meining å gi våre innbyggjarar gode tenester.

Vi har halde fram med å sjå på kven som blant dei tilsette som etter arbeidsmiljølova sine reglar har krav på utviding av si faste stilling eller nytilsetting i fast stilling. Dette har medført at mange deltidsarbeidande, spesielt innafor pleie- og omsorg, har fått større stillingsprosent. Men det har også medført at ein del som har arbeidd berre som ekstrahjelp og korttidsvikrar dei fire siste åra har fått omgjort det dei har arbeidd desse åra til fast stillingsprosent. Kommunen har i 2014 halde fram med prosjektet «Saman om ein betre kommune». Dette prosjektet var i starten konsentrert om institusjonane, mens det no også er utvida til å omfatte bu - og aktivitetstenesta. Det har vore lagt ned eit godt arbeid med dette, og vi ser at det har verka positivt på tenestene vi yter.

Det siste året vart det busett 25 flyktningar, og ved utgangen av 2014 var det totalt busett 41 flyktningar i kommunen. Det er godt å sjå at vi har greidd å skaffe nok bustader, og at vi har greidd å gi flyktningane eit godt tilbod gjennom introduksjonsprogrammet og vaksenopplæringa. Rådmannen ser også at lag og organisasjonar arbeider godt med å få flyktningane inkludert, og eg meiner lokalsamfunnet har teke ansvar og teke i mot våre nye innbyggjarar på ein god måte. Etter dei tilbakemeldingane vi får frå flyktningane ser det ut til at dei finn kommunen som ein triveleg stad å bu.

Det er no tre år sidan samhandlingsreforma vart innført, og det er gledeleg å sjå at vi har kome langt i å nå intensionane med reforma. Det er god samhandling mellom institusjonane og heimetenesta, og institusjonane har vist at dei har god kompetanse til å ta i mot utskrivingsklare pasientar som ikkje kan flytte tilbake til eigen heim. Men samhandlings-reforma er likevel krevjande, der kommunane får stadig fleire oppgåver - utan at dei øyremerka inntektene aukar i same takt. I 2014 minka pågangen på institusjonsplassar. Noko kan tilskrivast det systematiske arbeidet med heilheitleg pasientforløp i heimane.

Når det gjeld sjølve drifta av Surnadal kommune syner rekneskapen for 2014 at kommunen fekk eit netto driftsresultat på kr -5 386 766, noko som svarar til -1,1% av driftsinntektene, som var på kr 485 251 441. I 2013 var netto driftsresultat på kr -12 388 699.

Det negative resultatet kan til dels forklara med bruk av tidlegare års oppsparte midlar (disposisjonsfond), men også at vi enno ikkje har klart å tilpasse driftsnivået godt nok etter kommunen sine inntekter. Einingane har likevel utvist god budsjettdisiplin i 2014, dei aller fleste har eit forbruk på 97-103 prosent av den tildelte ramma.

Men uansett årsak så kan ikkje fortsette slik over tid, vi må tilpasse drifta slik at vi kjem på



plussida og at vi i staden kan bygge opp litt fondsmidlar til framtidig bruk. 2014 er det svakaste året på mange år når det gjeld den samla kommunale økonomien. 93 kommunar fekk negativt resultat.

Dei samla investeringane kom på i alt 39,6 mill. kroner. Det største prosjektet har vore bygginga av Sommerrotunet aktivitetshus, som skal huse ulike dagtilbod for grupper med behov for tilrettelagte aktivitetar. Det er vidare ferdigstilt ein tomannsbustad på Røssmoen like ved aktivitetshuset. Og i industriområdet i Røtet har vi fått opparbeidd industritor med tunnelmasse frå Folldalen. I desember kunne vi starte produksjonen av kunstsno i Surnadal Alpinsenter, etter ein krevjande prosess. Dette vil vere med på å legge grunnlaget for gode og stabile driftssesongar framover. Både skientusiastar og reiseliv har venta på dette, og allereie i første driftssesong ligg det an til ny rekord i talet på opningsdagar.

Ein god del av næringsaktiviteten vår går no via næringssamarbeidet med Sunndal kommune. Deler av næringfondet er kanalisert gjennom dette samarbeidet som eiga tilskotsordning, som næringsaktørar både i Surnadal og Sunndal kan søke på.

Det er stor aktivitet i industriområdet, og det var gledeleg at det no etter lengre tids planlegging er inngått avtale om faste skipsanløp på industrikaia. Fleire næringslivsaktørar har vore med for å få til dette. Det totale transportvolumet vil vere avgjerande for kor stor denne trafikken vil være i starten og for kva potensiale den kan ha i åra som kjem.

Vi hadde stor glede av å ha kongeparet på besøk den 22. mai. Den kulturelle framføringa under kongebesøket viste den totale breidda av kulturlivet vårt til stor glede for kongeparet og svært mange oppmøtte tilskodarar. Det vart ein festdag mange av oss vil minnast med stor glede.

Hausten 2014 starta arbeidet med kommunereforma, der vi har tida fram til 01.07.2016 til å samle fakta, utgreie og gjere vedtak knytt til den nye kommunestrukturen. Det er nedsett ei politisk arbeidsgruppe, med kommunestyret som styringsgruppe. Så langt er det dialog med nabokommunane og involvering av befolkninga som er viktig, før vi i 2015 startar med utredning av konkrete alternativ.

I fjor vart vi 22 fleire surnadalinger. Den positive befolkningsutviklinga frå 2013 har halde fram, og vi er no 5 976 innbyggjarar. Dette var ei gledeleg og positiv utvikling som vi håpar fortsett også i 2015. Det er eit viktig mål for kommunen å auke folketalet, både for å sikre den kommunale inntektsutviklinga og nok folk til å sorgje for gode tenester og eit rikt organisasjonsliv i åra framover. Eg vil takke både alle tilsette for godt utført arbeid - og dei tillitsvalde og politikarar for godt samspel til felles beste i 2014.

Surnadal, 31.03.2015

Knut Haugen
rådmann



Overordna satsingsområde


Samfunnssdelen av kommuneplanen for 2009 – 2021 vart vedteken av Surnadal kommunestyre 26.10.2009. Denne har vore grunnlaget for arbeidet med økonomiplanen for 2014 - 2017. Kommunestyret vedtok ny samfunnssdel for perioden 2014 – 2026 i møte 20.06.14. Målet for Surnadal kommune er å arbeide for ein organisasjons- og samfunnskultur prega av motivasjon, kraft og kultur.

I planen er det 7 gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Desse temaa er: folkehelse, likestilling og diskriminering, universell utforming, areal og miljøvern, frivillig arbeid, samfunnstryggleik og beredskap, og utviklingssamfunnet.


Samfunnssdelen er delt i 6 hovudtema:

1. Befolkningsutvikling og kompetanse
2. Barn og unge sine oppvekstvilkår
3. Næringsutvikling
4. Folkehelse og levekår
5. Kultur – omdømme – identitet
6. Tettstads- og arealutvikling

Desse temaa skal leggjast til grunn for alle tema- og sektorplanar, og også for satsingsområda i økonomiplanen i dei ulike sektorane og einingane.



Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune





INTERNKONTROLL

Etter Kommunelova §48 nr. 5 skal kommunane i si årsmelding gjere greie for internkontrollarbeidet i verksemda.

Surnadal kommune har gjennom fleire år arbeidd med kvalitetsarbeid, og også hatt eit digitalt verktøy til delar av dette arbeidet. I 2013 vart det gjort vedtak om å delta i eit felles arbeid med å etablere eit digitalt kvalitetssystem gjennom samarbeidet i IKT Orkidé.

Gjennom eit eige prosjekt i regi IKT Orkidé, med Annett Ranes frå Surnadal kommune som prosjektleiar, vart det i 2014 innkjøpt og starta implementeringsarbeidet med å ta i bruk kvalitetssystemet Kvalitetslosen. Saman med dei andre kommunane på Nordmøre har ein utarbeidd ei standardisert oppbygging, som gjer at ein har likt rammeverk for innhaldet, og også har høve til å dele prosedyrar og anna nyttig dokumentasjon. Gjennom faggruppene i IKT Orkidé arbeider ein også med sjølve innhaldet, og utarbeider like prosedyrar i alle kommunane på enkelte område.

Målet med arbeidet er å ha eit internkontrollsysten som gjer kommunestyret, kontrollutvalet og rådmannen i stand til å ivareta krava om overordna kontroll- og tilsynsansvar og sikre at verksemda er organisert slik at kommunen når dei måla som er sett, og at ein førebyggjer at feil skjer. Kommunen skal ha kvalitetsdokumentasjon som sikrar at alle tilgang til relevant informasjon som lovar og forskrifter, styrande dokument, prosedyrar og dokumentasjon,

Mål med prosjektet:

- Forenkle og kategorisere
- Å sikre gode nok tenester gjennom god dokumentasjon og aktiv avviksbehandling.
- Å gi auka tryggheit for dei tilsette og brukarar ved at tenesteutøvinga er i samsvar med myndigheitskrav, vedtak og prosedyrar.
- Å sikre at avvik faktisk blir meldt, og blir behandla på rett måte.
- Å få på plass og sikre eit tilgjengeleg og gjennkjennbart system som skal vere enkelt å bruke og enkelt å finne fram i.

Vurdering:

Surnadal kommune er godt i gang med implementeringa av Kvalitetslosen. Det er gjennomført opplæring i alle delar av systemet, og ein arbeider no på dei ulike områda med å få aktuell dokumentasjon på plass, utarbeide årshjul og gjennomføre ROS- analysar på sentrale område. Avviksmeldingsdelen er også teke i bruk. Implementeringsarbeidet fortsett i 2015.



KLIMA OG ENERGIPLAN

Surnadal kommune si energi- og klimaplan frå 2009 har desse måla:

1. Klimagassutsleppa i 2020 skal vere 10 % lågare enn klimagassutsleppa i 1991*
2. Veksten i energiforbruk skal reduserast og Enøk - potensialet på 10% skal realiserast innan 2020.
3. Energibruk i kommunale bygg, føretak og selskap skal reduserast med minimum 10% innan 2020 (referanse 2006).
4. Det skal stimulerast til at 3% av total elektrisk energibruk (referanse 2006) skal leggjast om til ny fornybar energi.

Dei viktigaste tiltaka for å nå desse måla gjennomført i 2014:

- Det var inngått energisparekontrakt mellom energientrepene og kommunen.
- Kommunen har bidratt til etablering av to ladestasjonar for el - bil.
- Kommunen har vidareført drift av energiportalen. (<http://surnadalkommune.entelligens.no/>)

LIKESTILLING

Ein kommune skal drive likestillingsarbeid ut frå ulike roller: som arbeidsgjevar, som tenesteutøvar og som samfunnsutviklar. Som **arbeidsgjevar** er det spesielt viktig å ivareta likestillingsperspektivet ved å hindre diskriminering grunna t.d. kjønn, nedsett funksjonsevne, hudfarge, religion, etnisitet, språk, seksuell legning og alder. Det gjeld både under tilsetningsprosess, undervegs i og ved avslutning av arbeidstakarforholdet.

Samstundes med at ein skal arbeide for å hindre diskriminering, skal ein også arbeide for å utjamne misforhold i kjønnsbalansen og hindre anna diskriminering innafor dei ulike yrkesgruppene og på dei enkelte arbeidsplassane. Dette må skje innafor gjeldande lov- og avtaleverk.



Avslutter med sang

Sang for de eldre siste arbeidsdag.

NYHETER Geir Forbrigd

Mobil: 48295724

Publisert: 04.07.2014 15:24 Sist oppdatert: 04.07.2014 20:47

Gjennom sommerjobb for ungdom har Sven Ranes og Stian Tonning Flatset jobbet to uker ved heimetjenesta i Surnadal. 16-åringene har trivdes bra.

3

Som **tenesteutøvar** skal ein arbeide for at tenestene, både i omfang og innhald, skal vere mest mogleg likestilte og likeverdige for brukarane.

Likestillingsperspektiva skal inn i barnehage og skole, arbeidet retta inn mot framandspråklege, og i korleis ein bygger opp og utfører tenestene elles. Frå barnehage til omsorg ved livets slutt: alle tenestemottakarar har krav etter lovverket på eit tenestetilbod som i størst mogleg grad tek omsyn til den livsfase og livssituasjon ein er i.

Likeverdig tilbod med andre betyr ikkje

Frå Driva – Sommararbeid for ungdom 2014



at tilbodet skal vere likt, men at tilbodet skal innebere at tenestemottakaren skal få så gode moglegheiter til livsutfolding som mogleg innanfor dei rammene ein har.

Som **samfunnsutviklar** og viktig samfunnsaktør har kommunen ei særleg rolle. Som behandler av saker knytt til byggeløyve er det viktig å sjå til at likestillingslovene og spesielt særreglane knytt til universell utforming vert følgd opp av byggherrane. Ved utdeling og sakshandsaming knytt til søknad om kommunale midlar eksempelvis kulturmiddlar og næringsstøtte, er også likestillingsperspektivet viktig å ta med seg både for administrasjon og politisk leiing.

Likestilling i arbeidet med busetjing, integrering og opplæring av flyktningar

Det overordna styringsdokumentet for arbeidet med flyktningarbeidet er «Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere».

I eit likestillingsperspektiv er «Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion og livssyn (diskrimineringslova om etnisitet) styrande. Her er det viktig å legge merke til § 13 om offentlege styresmakters plikt til aktivt likestillingsarbeid. Det heiter at offentlege styresmakter skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling. For å komme krava i lovverket i møte arbeider vi som flyktningteneste inn mot den enkelte for å gje vedkommande eit så individuelt tilpassa opplærings- og integreringsløp som råd. Dette blir gjort ved at vi skriv individuelle planer(IP og IOP) saman med den einskilte deltakaren. Planane blir følgt opp gjennom evalueringsmøte og samtalar.

Når det gjeld arbeid for likestilling mellom kvinner og menn kjem, flyktningane frå kulturar og samfunn som skil seg mykje frå det som er gjeldande i Noreg på feltet. Det har vist seg at kvinnene som blir busett i Noreg deltek mindre i samfunnet utanfor heimen en det som er tilfellet for menn. For å snu på det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret som mange har med seg frå heimlandet, vil eg også her trekkje fram kor sentralt det er med individuell oppfølging både når det gjeld å snakke med kvinnene om kva som finns av moglegheiter for dei, men og med mennene om kva som er forventa av dei som innbyggjarar i det norske samfunnet. I tillegg kjem sjølvsagt opplæring i samfunnskunnskap og deltaking i sosiale aktivitetar og språkpraksis/ arbeidspraksis som ein del av integreringsprosessen.

Stillingsstørrelse fordelt på kjønn

Statistikken viser oversikt over den stillingsprosent dei tilsette mottar månadslønn etter pr desember 2014. Tilsette som har slutta i løpet av 2014 er ikkje teke med.

Tal pr 31.desember 2014 viser ein slik fordeling (**berre faste tilsette**):

Arbeidstid	Kvinner	Menn
100% stilling	174 (154)	70 (71)
Deltidstilsette: gj.sn. stillings%	64,83% (63,57%)	63,33% (58,29%)



Det er den stillingsprosenten som vedkommande står i / mottekk lønn i pr 31.desember som dannar grunnlaget for statistikken både for 2014 og 2013.

Det er mange fulltidstilsette kvinner som pr 31.desember 2014 arbeider midlertidig deltid grunna delvis permisjon pga omsorg, helsesituasjon, uttak delvis foreldrepermisjon, m.v. Desse er ikkje med i talet på heiltidstilsette kvinner i oversikta over, men blir rekna med blant dei deltidstilsette. Det er difor reelt sett ein god del fleire kvinner som har 100% stilling enn det som tabellen kan gje inntrykk av.

Tal for 2013 i parentes.

Som ein ser er det i 2014 20 kvinner meir som står i 100% stilling enn på same tid i 2013.

Dette er ein svært positiv utvikling, og spore for vidare arbeid kring å byggje heiltidskultur i kommunen.

Ei auke på +5% på eitt år når det gjeld gjennomsnittleg stillingsprosent for menn i deltidsstilling, er også ei svært positiv utvikling. Når ein i tabellen ikkje ser den same positive utviklinga i gjennomsnittleg stillingsprosent for kvinner, heng dette også saman med at ein del kvinner har i 2014 fått fast stilling etter 4-årsregelen, og da for enkelte i svært låg stillingsprosent, noko som reduserer det matematiske gjennomsnittet totalt sett i forhold til kva det elles ville ha vore. Det er difor reelt sett eit meir positivt bilde i utvikling for gjennomsnittleg deltidsprosent også for kvinner generelt enn kva det reint statistiske talmaterialet i tabellen over skulle tilseie.

Arbeidsfråvær fordelt på kjønn

Statistikk ulik type fråvær 2014 (faste tilsette og tilsette i vikariatstillingar er tekne med):

Kjønn	Tal tilsette %vis fordeling	Eige sjukefråvær	Sjuke barn	Foreldreperm.	Følgje av barn
Menn	140 (139) 17,6% (17,3%)	3,2% (3,8%)	0,2% (0,2%)	0,3% (0,3 %)	0,0% (0,0%)
Kvinner	654 (662) 82,4% (82,7%)	8,5% (8,3%)	0,5% (0,4%)	0,3% (0,4 %)	0,0% (0,0%)
Sum	794 (801) 100%	7,5% (7,4%)	0,4% (0,4%)	0,3% (0,4 %)	0,0% (0,0%)

Statistikken for 2014 dekkjer alle som har vore tilsett i løpet av 2014 med stillingsstorleik 1-100%, dvs ekstrahjelp/korttidsvikarar er ikkje med, men tilsette i vikariat med stillingsprosent >0 er med. Tal for 2013 i parentes.

Følgje av barn: prosentvis fråvær er så lågt at det ligg under 0,1% og er difor falt ut.

Som ein ser er det små endringar når det gjeld fråværsuttaket samanlikna med 2013.

Når det gjeld uttak av permisjon for sjuke born, ser ein at menn har eit markert lågare uttak enn kvinner. Dette kan tyde på at menn ikkje gjer nytte av dei moglegheitene som ligg i



permisjonsordninga i like stort monn som kvinner gjer. Generelt kan ein også sjå at det er samla sett langt fram til ein god kjønnsbalanse i arbeidsstokken.

Mål og tiltak

Det er naturleg å skilje mellom likestillingsarbeid retta utover og innover i organisasjonen.

Kommunen er ein stor samfunnsaktør og kommunale vedtak og avgjerder får stor betydning for kommunen sine innbyggjarar. Det er difor teke inn eige punkt i kommunen sin samfunnsdel av kommuneplanen for 2009-2021 om at likestilling og diskriminering er 1 av 7 gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Det same gjeld for universell utforming.

Nordmøre sin representant i GLØD - gruppa i Møre og Romsdal kan fortelje at ein så langt ikkje kan vise til at det har blitt auka rekruttering til barnehagelæraryrket i fylket. GLØD - gruppa i Møre og Romsdal blir ikkje vidareført i 2016, men det blir sett ned ei anna gruppe som skal jobbe mellom anna med likestilling. Surnadal kommune har ein representant i denne gruppa.

Nordmøre sin representant i GNIST- nettverket for rekruttering av nye lærarstudentar og lærarar i Møre og Romsdal kjem også frå Surnadal, og i denne satsinga opplever ein noko av den same utviklinga. Nasjonalt er det no drøftingar kring andre måtar å tilnærme seg denne utfordringa framover.

Det er viktig for Surnadal kommune å ha eit ekstra fokus på integrering og inkludering i samband med busetting av flyktningar. Det må samarbeidast med frivillige lag og organisasjonar om ulike tiltak som t.d. fadderordningar, trivselstiltak og felles møteplassar. Kommunen er arbeidsgjevar for svært mange tilsette. Også i 2014, har Surnadal kommune lagt ned eit stort arbeid for å vidareføre med å trygge tilsettingsforhold og gje tilbod om fast tilsetting eller utviding av stilling etter arbeidsmiljølova sin § 14-9, som omhandlar 4-årsregelen. Fordi uønska deltid meir er eit kvinnefenomen enn eit mannsfenomen, er arbeidet mot uønska deltid eit godt likestillingstiltak. I 2014 har ein også i større grad enn tidlegare lyst etter og tilsett i fleire 100%-stillingar. Totalt er det tilsett 54 personar i stillingar mellom 80 til 100%.

Berre i 1.halvår 2014 vart det tilsett i 65 faste stillingar innafor det vi definerer som heiltidskultur i prosjektet «Saman om ein betre kommune» (frå 75-100% stilling). Dette dreier seg både om oppauking frå deltidsstilling til minimum mellom fast 75% stilling og fast 100% stilling, samt nyttilsetting i 100% fast stilling.



IKT

Surnadal kommune er som kjend med i Orkidé – samarbeidet. Dette samarbeidet er eit §27-samarbeid som er basert på frivillig deltaking. Alle prosjekt må godkjennast administrativt og politisk i kvar kommune før dei blir med. Surnadal kommune har vore svært delaktig i dette samarbeidet opp gjennom åra. Det blir no utarbeidd eit nytt strategidokument for IKT Orkidé som gjeld for perioden 2014-2017. Dette dokumentet byggjer på KS sitt dokument "Digitaliseringssstrategi 2013-2016 for kommuner og fylkeskommuner". Dette dokumentet byggjer igjen på regjeringa sitt digitaliseringsprogram "På nett med innbyggerne".

Fokuset for alle desse strategidokumenta er eit godt og effektivt digitalt møte med offentleg forvaltning. Digital dialog skal vere førstevalet når det gjeld kommunikasjon med det offentlege. IKT Orkidé vil blant anna gå i gang med eit prosjekt som heiter SvarUt der formålet er at post frå forvaltninga skal bli sendt til ein sikker digital postkasse.

Lokalt i Surnadal kommune vil vi ha fokus på å forbetre heimesida vår med enkel tilgong til informasjon om våre tenester. I tillegg vil vi lage retningsliner for bruk av ulike digitale kanalar.

Mål:

- Ein samordna kommunal sektor leverer digitale tenester som gir innbyggjarar og næringsliv eit reelt digitalt førsteval.

Tiltak:

- SvarUT-prosjekt i IKT Orkidé der all post blir levert i ei digital postkasse
- Enkel tilgong til informasjon om våre tenester på heimesida
- Utnytte ulike digitale kanalar til ulike formål slik at dei utfyller kvarandre

Vurdering:

Surnadal kommune har teke i bruk SvarUt som ein av dei første kommunane på Nordmøre. Eininga Næring Bygg og Miljø vart pilot, både fordi dei sender mykje brev ut til innbyggjarane, men også fordi vi ønskte å teste ut løysinga på ei avgrensa gruppe. Dette har fungert svært godt, og SvarUt vil no etter kvart bli teke i bruk på andre einingar i kommunen. Det har og vore gjort store endringar på heimesida med tanke på å synleggjere tenestene våre, både med tanke på søk og med tanke på struktur.

Vi har fått fleire nye digitale skjema og vi har oppdatert tenestesidene slik at dei digitale skjema blir meir synlege.

SCENARIO 2030

Surnadal kommune starta opp eit scenarioarbeid i mars 2013, med ei tidsramme på å vere ferdig med rapporten medio august. Dette arbeidet tek utgangspunkt i at kommunen har ei utfordring med nedgang i folketal, auke i talet på eldre, låge fødselskull og utfordringar i hove til å få rett kompetanse til både offentleg- og privat næringsliv. "Utviklingstrekk på Indre Nordmøre" (Møreforsking v/Amdam) og Borgarundersøkinga har vore grunnlagsdata for oppstarten av arbeidet.



Mål

- Målet er å auke talet på innbyggjarar med 50 personar kvart år (netto tilflytting)
- Det er og ei målsetting av bufaste opplever ei auke i bulyst og trivsel.
- Vi vil også at fleire bedrifter etablere seg i kommunen og at eksisterande næringsliv kan vekse og styrke sin posisjon.

Tiltak

- Engasjere og involvere så mange av innbyggjarane som råd er. Både som politikarar, næringsliv, ungdom, eldre, tilflyttarar, bufaste, frivillige lag og organisasjonar.
- Dette har vi gjort ved å arrangere fokusgrupper, workshops, folkemøte og intervju. Samt ei brei politisk handsaming som fortsett med folkemøte og politisk handsaming hausten 2013 og vidare i arbeidet med kommuneplanen.
- Vi har som mål å styrke næringslivet sine vilkår med tanke på tilgang til rett kompetanse. Vidare vil vi legge til rette for nye industriareal og bruke rammevilkår som kommunen rår over.
- Sette i verk rekrutteringstiltak for å få auke talet på innbyggjarar.
- Legge til rette for aktivitet og kulturarrangement
- Legge til rette for attraktive boligtomter / boligar
- Vere god på oppvekst og skule
- Legge til rette for at Surnadal kommune er ein attraktiv bu – og arbeidsregion med vekst i 2030!

3-PARTSSAMARBEID

Surnadal kommune var i perioden 2008- 2009 med i Kvalitetskommuneprogrammet, i regi av Kommunaldepartementet, KS og fleire fagorganisasjonar.

Gjennom dette vart det inngått ein 3-partsavtale mellom politisk leiing, administrativ leiing og dei hovudtillitsvalde frå arbeidstakarorganisasjonane. Denne avtalen vart fornya i 2010, og skal gjelde for resten av kommunestyreperioden. Avtalen har 4 mål:

Mål 1: Ein betre kommune for innbyggjarane, der ein gjennom 3-partssamarbeidet kjenner til og arbeider mot felles mål.

Mål 2: Tre likeverdige partar som arbeider for å utvikle kommunen.

Mål 3: Samarbeide om godt omdømme.

Mål 4: Formalisere arbeidet med 3-partssamarbeidet

Avtalen er no forlenga til å gjelde også gjeldande kommunestyreperiode gjennom vedtaket i Surnadal kommunestyret 22.03.13: Det blir inngått lokal avtale om trepartssamarbeid i Surnadal kommune mellom politikarar, administrasjon og arbeidstakarorganisasjonane ut kommunestyreperioden 2011 – 2015.



Måla i den nye avtalen er dei same. I samband med deltaking i det nasjonale prosjektet Saman om ein betre kommune, er også trepartssamarbeidet ein grunnpilar i arbeidet som vi gjennomfører. Dei tre partane er representert både i styringsgruppa og i prosjektgruppa vår.

FOLKEHELSEARBEID

Surnadal Kommune har i kommuneplanen sin samfunnsdel (2009-2021) definert folkehelse og levekår som eit av nokre få hovudområde som alt planverk elles og tiltak i kommunane skal ta omsyn til. Med bakgrunn i folkehelselova, som klart definerer folkehelsearbeidet som eit sektorovergripande ansvar, er dette innarbeidd i kommunen sitt planverk.

I samband med Regional delplan for folkehelse 2014 – 2017 har ein sagt det slik:

Målet med folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse for den einskilde, og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga. Helse i alt vi gjer – er kjernen i folkehelsearbeidet. I åra framover er det nødvendig at alle sektorar set seg folkehelsemål og samarbeider for å nå desse.

I Regional delplan for folkehelse 2014 – 2017 er det vedteke seks satsingsområde :

1. Samfunnsutvikling for ein god start i livet.
2. Helsevennleg arbeidsliv.
3. Samfunn som fremmar aktiv, trygg og frisk alderdom.
4. Trygt og helsefremmande fysisk miljø.
5. Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner.
6. Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

Innafor mange av desse områda er det arbeidd godt i 2014:

1 Samfunnsutvikling for ein god start i livet:

Barnehagane samarbeider med tverrfagleg team som eit ledd i tidleg intervasjon blant små barn. Representantar frå PPT, barnevern, helsestasjon og psykolog utgjer den tverrfaglege gruppa. Dei er ute i barnehagane to gonger i året. Da kan barnehagane melde inn saker dei ynskjer å ta opp, enten enkeltsaker eller i høve til grupper. Bidra til å hindre sosial ulikheit gjennom tilbod om sunn mat, fysisk aktivitet og tilgang på digitale verktøy i barnehagen.

Plan for trafikksikring i barnehagen som gir klare føringar på korleis man skal opptre i trafikken når ein er ute på tur. Godt innarbeidd rutine gjennom mange år. Planar for overgang mellom barnehage og skule. Fokus på helse og ernæring på foreldremøte skule og barnehage. Stort fokus på fysisk aktivitet både i barnehage og i skule. I ungdomsskulen deltek 45% av elevane på valfaget «Fysisk aktivitet og helse» og får dermed auka både kunnskap om helse og meir aktivitet kvar veke.

Elevkantiner på enkelte skular, der nærmast alle gjer seg nytte av tilbodet. Barneskulane brukar Zero som antimobbeprogram. Ungdomsskulen er MOT - skule. Dei er inne i ein oppbyggingsfase, men frå skuleåret 2015/16 vil alle trinn være inkludert. MOT blir eit viktig verktøy for å bygge eit inkluderande og godt læringsmiljø. Førebyggingsrådgjevar /psykolog for barn og ungdom er og leiar for tverrfagleg rusgruppe for ungdom. Dei møtast med jamne mellomrom for å diskutere beskyttelses- og risikofaktorar iif oppvekstmiljø.



Deltaking i Ungdata i ungdomsskule og vidaregåande skule gir ein god pekepinn på korleis ungdommen har det i bygda, både i skulen og på fritida. Som ein del av dette vart det i 2014 vart det gjort ei Ungdata -undersøking på Surnadal vidaregåande skule. Den viste at ungdommen slit med depressivt stemningsleie, bekymringar ol. Det vart som følgje av dette, og oppleving av auka pågang til helsetenesta, søkt om prosjektmidlar til å auke tilbodet. Dette vart løyvd på seinhausten. Tilboden vart dobla, frå 1,5t pr veke til 3 timer. Helsesøster er med i eit tverrfagleg samarbeid rundt elevane som nyttar seg av tilboden. Den tverrfaglege gruppa består av representantar frå barnevern, legesenteret, PPT - tenesta og psykolog.

2 Helsevennleg arbeidsliv:

Råd og rettleiing om arbeidsliv. NAV jobbar tett mot ungdom som fell ut frå vidaregåande skule og skaffar arbeidspraksis og karriererettleiing til dei som har behov for det. Samarbeidsavtale mellom Surnadal vidaregåande skule og NAV tydeleggjer oppgåvefordelinga dei imellom. Felles turmål på enkelte arbeidsplassar. Trimkort med premiering. Det er også tilbod om bruk av trimrom, eller rabatt på treningsstudio på fleire arbeidsplassar.

3 Aktiv, trygg og frisk alderdom:

Stavganggruppe for eldre. Møtast kvar torsdag i sommarhalvåret. Dei tek ut på tur og kombinerar det ofte med lokalhistorie rundt dei ulike turmåla. Sosialt samvær med felles nistepakkeeting er også eit fast innslag. Dagsenter for heimebuande eldre med tilbod om fysisk aktivitet og sosialt samvær rundt måltider. Dei har også ein snekkarverkstad der det blir produsert ulike produkt. Det er også eit dagsentertilbod for heimebuande demente. Dette går føre seg gjennom Inn på tunet - tilbod. Torsdagsdans og fredagstrim på sjukeheimen kvar veke under engasjert leiing av fysioterapeuten. Tilboden er også ope for andre.

Fredagskaffe gjennom Eldre hjelper eldre. Røde kors arrangerer treff for eldre. Dei har også starta ei besøksteneste for å førebygge einsemd. Heimenesta, i samarbeid med rehabiliteringsavdelinga i kommunen, deltek i eit landsomfattande nettverk om kvardagsrehabilitering, leia av KS. Målet er å auke kompetansen til dei tilsette og å arbeide målretta med rehabilitering for heimebuande. Mottoet er: Aktiv i eigen kvardag. Det er starta eit senioruniversitet der ulike tema blir tatt opp.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø:

Det arbeidast aktivt med å få merka og offentleggjort turløyper i kommunen. Kommunen er medlem av Friluftsrådet og det var høg aktivitet innanfor prosjektet «Stikk ut» i 2014.

Einingane sitt arbeid på området:

Rådmannen

Mål:

- Aktive medarbeidarar som gir kvarandre positiv energi til det beste for fellesskapet og den einskilde – både i og utanfor arbeidsdagen.



Tiltak:

- Legge til rette for og motivere til turar og aktivitet i naturen, gjerne som ein del av miljøskapande tiltak gjennom arbeidsplassen.
- Bruk av frukt som mellommåltid og energipåfyll i møter.

Vurdering:

Det er arrangert fleire fellesturar, der alle som ønskjer det kan delta. Eiga fruktordning.

Kultur

Mål:

- God helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar.

Tiltak:

- Legge til rette for funksjonshemma t.d. rullestoltrasear og fiskeplassar.
- Merking av tur og kulturminnestiar i samarbeid med frivillige.
- Sikre lågterskeltilbod til barn og unge med psykiske vanskar.

Vurdering:

Fritidsklubben og Camp Nordmøre Om ein ser folkehelseomgrepet i eit større perspektiv kan vi jo også trekke inn «Give me 5» prosjektet. Vi har gratis leige av Idrettshallen og kulturhuset for ungdom fram til og med 19 år. Samlokalisering av eininga, hjelper på arbeidsmiljøet, vi har også fått eit personalrom med kjøkkenfasilitetar for å få til sunne måltider. Stavganggruppa, Eldre hjelper eldre og seniordansen, senioruniversitetet, Folkeakademiet og onsdagstreffa. Vi arbeider aktivt med å få merka og offentleggjort turløyper. I 2014 vart Surnadal kommune medlem av friluftsrådet, med høg aktivitet innanfor prosjektet «Stikk ut». Revisjon av kulturplanen vart sett i gang på slutten av året. Surnadal kommune er med i nokre prosjekt frå fylket; Opplevelseskortet, kulturrabatt for ungdom og heim for ein 50 lapp. Lag og organisasjonar tildelt kulturmiddlar ut frå aktivitet og tal på unge under 19 år. Einingsleiar for kultur sitt i den tverrfaglege gruppa og ungdomskonsulenten er medlem i rusgruppa i kommunen.

Midtigrenda barnehage

Mål:

- Legge til rette og vera med å utvikle god fysisk og psykisk helse.

Tiltak:

- Fysisk aktivitet ute og inne.
- Smøremåltid og frukt / grøntmåltid kvar dag.
- Ikkje sukker til geburstagsfeiringar i bhg.
- Sosial kompetanse hos vaksne og barn.

Vurdering:

Vi har gjennomført tiltaka i løpet av 2014. Når det gjeld sosial kompetanse, har vi arbeidd med dette både i barnegruppa, personalgruppa og inn mot foreldregruppa. Vi har også bruka handlingsplan mot mobbing.



Øye og Skei barnehage

Mål:

- Legge til rette for god fysisk og psykisk helse.

Tiltak:

- Sunt kosthald, smøremåltid for alle barn.
- Fysisk aktivitet.
- Sosial kompetanse.

Vurdering:

Alle tiltaka er gjennomført i løpet av 2014.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

Mål:

- Leggje til rette for god psykisk og fysisk helse for alle.

Tiltak:

- Fokus på læringsmiljø/Trivselsplan.
- Foreldremøte med tema Vaksne skapar vennskap – saman.
- Oppgradere uteområdet med eit variert og utfordrande leikemiljø.

Vurdering:

Planlagde tiltak for 2014 er gjennomførte. Vi har lagt vekt på fysisk aktivitet gjennom fellesopplevingar for barnehagane/skulen. Hausten 2014 starta vi med skulemåltid kvar dag for alle elevane, noko som har vore veldig positivt.

Mo oppvekstsenter

Mål:

- Best muleg fysisk- og psykisk helse for alle.

Tiltak:

- Aktivt arbeid mot mobbing.
- Stort fokus på fysisk aktivitet.
- Foreldremøte med tema Vaksne skapar vennskap – saman.
- Forbetring av uteområdet gjennom nye leikeapparat.

Vurdering:

Forbetringa av uteområdet gjennom nye leikeapparat har ført til eit betre tilbod for aktivitet og fysisk utfolding både blant barnehage- og skuleborn.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Mål:

- God fysisk og psykisk helse – førebygge mobbing – utjamne sosiale ulikskapar.

Tiltak:

- Fokus på fysisk aktivitet og sunt kosthald – Kantinedrift .
- Implementering av Plan for utvikling av sosial kompetanse – oppvekst 2013 – 2016.
- ZEBRA/ ZERO.

Vurdering:

På bakgrunn av erfaringane i 2014, vil vi hausten 2015 gi leksehjelp for 1.-7.trinn.



Øye skule

Mål:

- Jobbe for eit arbeidsfellesskap, både for store og små, der god helse, trivsel og samarbeid er naturlege mål i skulekvardagen vår.

Tiltak:

- Trivselskomiteen på Øye skule arrangerer minst to sosiale samlingar med bespising kvart år og leiinga spanderer lunsj før feriar
- Vi arrangerer Miljøveke på Øye skule i veke 36. Her er læringsmiljø og psykososialt miljø viktige stikkord
- Aktiv bruk av Øye stadion og resten av uteområdet
- «Fysak» for 5.-7. trinn
- Uteskule og Inn på tunet
- Har god oppfølgjing og rutiner i arbeidet med elevane si fysiske og psykososuale helse (§ 9A)
- Vi arrangerer juleavslutning i kulturhuset for alle elevar og tilsette

Vurdering:

Vi følgjer opp tiltak og opplever høg grad av trivsel blant store og små, noko vi trur slår ut i god helse

Surnadal ungdomsskule

Mål:

- Bidra til god fysisk og psykisk helse for alle i skulefellesskapet og førebygge mobbing.

Tiltak:

- Legge til rette for ein støttande og framsnakkande skulekultur.
- Frukt og grønt kvar dag i samband med skulemåltid for alle tilsette og elevar.
- Servere sunn mat i kantina kvar dag.
- Innføring av valfaget fysisk aktivitet og helse.
- Innkjøp av utstyr til alternativ trening for elevar som ikkje kan delta i kroppsøving.
- Tilbod om gode treningsmulegheiter for tilsette.

Vurdering:

Den solide satsinga på MOT for 8.og 9.trinn i 2014 har vore svært bra for skulemiljøet. Sunn og næringsrik mat i kantina og meir fysisk aktivitet for mange elevar har også vore positivt.

Helse og rehabilitering

Mål:

- Delta aktivt i folkehelsearbeidet gjennom Frisklivssentralen og tverrfaglege arbeidsgrupper Aktive og engasjerte medarbeidarar med interesse for fysisk aktivitet, tilrettelagde uteområde og sunt kosthald.

Tiltak:

- Tilbod frå seniordansen til tilsette ved eininga kvar tysdag om å delta på "lunsjdans" saman med dei.
- Arbeide for å få opparbeidd gangstiar og aktivt uteområde kring sjukeheimen og skråninga ned mor elva.



Vurdering:

Eininga har deltatt i folkehelsearbeidet gjennom tverrfagleg gruppe, Frisklivstilbod, Bra matkurs. Samarbeid med lag og organisasjoner slik som «Stavganggrupper» og «Fredagstrimmen». Delteke i ulike markeringar, til dømes Rehabiliteringsdagen. Arbeidd med å skaffe data for oversikt over helsetilstanden i befolkinga.

Institusjonane

Mål:

- Å gjere pasientar og tilsette i stand til å betre og bevare sin helse, samt å fremme livskvalitet, overskot og trivsel

Tiltak:

- Samarbeid med lag – og organisasjoner for å fremme fysisk aktivitet for våre beboarar
- Ta imot besøk frå barnehage, skule og kulturskule
- Gje våre pasientar moglegheiter til å fortsette med aktivitetar som så langt har gjeve meinung i deira liv
- Leggje til rette for sosiale møteplassar for pasientar og tilsette
- Auke fokus på pasientane sin medverknad og ressursar

Vurdering:

Det vart oppretta arbeidsmiljøgruppe ved Institusjonane i 2013, og denne har hatt ein viktig oppgåve i å bidra i utviklinga ved institusjonane. Det har vore eit godt samarbeid med Sjukeheimsforeninga, Pårørandeforeninga og Folkeuniversitetet, og dei har arrangert mange tilstellingar med aktivitetar, song og musikk ma. Pårørandeforeninga har gjeve fleire gåver til sjukeheimen i 2014 også, og dei har planta og rydda kring sjukeheimen. Alle er bidrag til trivsels- og miljøtiltak.

Bu - og aktivitetstenesta

Mål:

- Det må leggast til rette for at utviklingshemma får oppleve meistring og ha eit meiningsfullt arbeid og/ eller aktivitet. Alle må få mulegheita til å utnytte eigne ressursar og ha eit godt og verdig liv.

Tiltak:

- Ein må ha eit godt samarbeid med andrelinjetenesta/ spesialisthelsetenesta, til dømes Vaksenhabilitering.
- Nok ressursar i fellesbustadane, samt bevisstgjering av tilsette ifht. Motivasjon og • oppmuntring av brukarar til fysisk aktivitet.
- Opplæring til brukarane med omsyn til riktig kosthald.

Vurdering

Bu- og aktivitetstenesta er inne i ei spennande tid, der vi planlegg innhald og organisering av det nye aktivitetshuset på Sommarro. Vi ser at å få samla administrasjon og tenesteyting under same tak, samtidig som aktivitetstilbodet blir i gangavstand frå heimen til mange av brukarane, kan gi fordelar for aktivitets- og kosthaldsvaner.



Heimetenesta

Mål:

- Helsetenester og bustader er tilpassa den kraftige auken i behov som er venta når talet på eldre og kronisk sjuke veks.

Tiltak:

- Tidleg intervasjon gjennom t.d. heimebesøk til alle over 75 år som kan førebygge utvikling og forverring av kroniske sjukdommar, og behovet for institusjonsplass.
- Tilpassing av bustad.
- Observasjon og behandling i heimen.
- Samarbeid med rehabiliteringsavdelinga for rehabilitering i heimen.

Vurdering:

Heimetenesta deltek i eit landsomfattande nettverk om kvardagsrehabilitering, leia av KS (Kommunenes Sentralforbund). Vi gjer dette i samarbeid med Helse- og rehabilitering. Målet er å auke kompetansen til dei tilsette og å arbeide målretta med rehabilitering for heimebuande. Heimetenesta utfører observasjon og behandling i heimen, og tek imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehus i lag med obs-posten på sjukeheimen.

NAV

Mål:

- NAV har som målsetting å bidra til at fleire er i arbeid og aktivitet og færre går på passive stønader.
- NAV vil gjennom aktiv bruk av statlege og kommunale tiltak bidra til at færre personar blir avhengige av økonomisk sosialhjelp over lengre tid.
- Kvalifiseringsprogrammet skal bidra til å motarbeide fattigdom og få fleire i målgruppa kvalifisert til arbeid gjennom tettare og meir forpliktande bistand og oppfølging.
- Prosjekta "Bustadsosialt arbeid" og "Ruskonsulent" bidrar også positivt til å kunne klare å nå måla.

Tiltak:

- Styrke den heilheiteige arbeidsretta brukaroppfølginga.

Vurdering:

NAV Surnadal merka i 2014 ei stor auke i utbetalingar til økonomisk sosialhjelp. Vi har satt saman grupper som jobbar på tvers av innsatsbehova til brukarane, og laga faglege forum for tilsette i NAV- det arbeidet kom i gong hausten 2014. Det er litt tidleg å sjå resultatet av dette arbeidet, men vi trur på ei betring i heilheitlig arbeidsretta brukaroppfølging.

Vi har hatt få deltagarar i Kvalifiseringsprogrammet, men fleire dei som faktisk har vært inne i programmet har fått gått ut i lønna arbeid etterpå. Det vert derfor eit mål at vi aukar innsatsen mot å finne aktuelle deltagarar til dette programmet.

Kommunalteknikk – VAR

Mål:

- Tilrettelegge for godt arbeidsmiljø og yte gode tenester



Tiltak:

- For eigne mannskap innafor brannvesenet har eininga leigd gymnastikksalen på ungdomsskulen til trening og fysisk aktivitet ein gong i veka (1,5 time) gjennom heile året.
- For befolkninga elles vil mykje av det vi utfører; bygging av g/s-vegar, opparb. Av byggefelt, park- og grøntareal, produksjon av vatn m.m, påverke befolkning si helse og trivsel direkte eller indirekte.

Vurdering:

Tiltaka har ein fokusert på kvar dag gjennom heile året.

Næring, bygg og miljø

Mål:

- Yte gode tenester innanfor byggesak, plan/oppmåling og jordbruk/skogbruk

Tiltak:

- Vi har i byggesaksbehandling lagt særstak vekt på universell utforming av alle typar bygg, både inne og tilkomst til bygg. Dette for at ingen skal diskriminerast ved bruk av alle typar bygg. For egen bustad vil dette bety at bustaden kan brukast om ein er eller vert funksjonshemma.
- I planarbeidet er det også lagt stor vekt på universell utforming. Dette er viktig for at alle skal kunne bruke dei tilbode som leggast inn i ei plan, slik som t.d den nye sentrumsplana.

Vurdering:

Fokus på universell utforming blir gjort ved handsaming av byggesake på så vel kommunale bygg som ved private søknader, gjeld bustader og andre bygg der folk skal opphalde seg.

Sentrumsplana er sett litt på vent av økonomiske årsaker.

Eigedom

Mål:

- Vi har mål om å halde alle kommunale ute/aktivitetsanlegg i orden, og til fri bruk for alle beboarar.

Tiltak:

- Effektiv utnytting av dei tekniske anlegg på dei kommunale bygg.
- Opplæring

Vurdering:

Dette har vi fokus på i det daglege arbeidet, og EPC vil hjelpe oss vidare i dette arbeidet.

HMS – ARBEID

Mål:

Arbeidsmiljøutvalet behandla felles satsingsområde innafor HMS for organisasjonen Surnadal kommune for 2013 og 2014 den 12.februar 2013, og fatta slik vedtak:



"Organisasjonen elles skal ha fokus på å følgje opp det som AMU tek initiativ til å spreie informasjon om når det gjeld sjukefråværssarbeid og nærværssarbeid, og vurdere om tiltaka i ei eller anna form kan bli teke i bruk i si eining."

Tiltak:

Arbeidsmiljøutvalet har difor lagt vekt på å få med i samarbeidsavtalen med Midtnorsk HMS – senter for 2013 ulike opplæringstiltak som støttar opp om det fokuset. Dette vil bli vidareført i 2014. I prosessen ein har hatt med å utarbeide samarbeidsavtalen med Midtnorsk HMS – senter for 2014, er ein komme til at det er viktig å gjennomføre systematiske risiko – og sårbarheitsanalysar på arbeidsplassane for å avdekkje dei viktigaste HMS – satsingsområda lokalt. Ein tek difor sikte på å gjennomføre nødvendig opplæring i 2014 i å bruke risiko – og sårbarheitsanalyse som metode innafor HMS.

Einingane sitt arbeid på området:

Rådmannen

- HMS – opplæring for alle medarbeidarar med personalansvar.
- Førstehjelpskurs.
- Kurs for prosedyrar ved overgrep.

Vurdering:

Gjennomført HMS- opplæring og kurs i prosedyrar ved overgrep. Førstehjelpskurs no.

Kultur

- Eininga har ein del tilsette i mindre stillingar, men det ser ut til at dei fleste ønskjer å fortsette i desse stillingane. Andre kan tenke seg ein større prosentdel om dette var mogleg å få til innanfor ramma.

Vurdering:

I september 2014 flytta kultureininga (dei fleste) frå 3. høgda på kommunehuset og over til kulturhuset. I skrivande stund er vi i ferd med å få på plass dei siste flyttingane.

Kultureininga vil da bli samlokalisert, med dei fordelane det fører med seg.

Midtigrenda barnehage

Mål:

- Arbeide med det psykososiale miljøet i barnehagen.
- Vernerunde.
- Kunnskap om førstehjelp og brannberedskap.

Tiltak:

- Fast vernerunde på HMS der verneområdeleiar og verneombud deltek. Gjennomføre fagbolkar på personalmøta og planleggingsdagane for 2013/14 . Arbeide direkte med dette i kvardagen saman med vaksne og barn.
- Førstehjelpskurs for personalet 13/13, og faste brannvernveker 2 gong pr. år.



Vurdering:

Gjennomført vernerunde. Gjennomgong av HMS på planleggingsdagen i januar-14, og på personalmøte i etterkant av vernerunden.

Vi har arbeidd med det psykososiale miljøet, spesielt hausten 2014, då vi opplevde ein del sjukefråvær. Det har vore utfordrande.

Førstehjelpskurs gjennomført hausten 2014.

Øye og Skei barnehage

Mål:

- Ha god brannberedskap.
- Ha god kunnskap om førstehjelp for barn og vaksne.
- Ha eit godt psykososialt arbeidsmiljø.

Tiltak:

- Gjennomføre praktisk slukkeøvingar + teori om brannvern i løpet av bhgåret 13/14.
- Førstehjelpskurs i løpet av våren 2014.
- Arbeide med psykososialt arbeidsmiljø.

Vurdering:

Vi har gjennomført praktiske slukkeøvingar og hatt teori om brannvern i høve barnehage.

Vi har gjennomført førstehjelpskurs i november 2014. Vi har gode rutinar for å ta vare på eit godt psykososialt arbeidsmiljø. I tillegg er vi proaktive og prøver å ta tak i ting som kan bli ei utfordring med tanke på det psykososiale arbeidsmiljøet.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

- Årlege vernerundar.
- Årlege brannøvingar
- Trivselstiltak for tilsette

Vurdering:

Vernerundar og brannøvingar er gjennomførte. Det er gjort akustikk måling på to klasserom samt kantina. Lydanlegg er kome på plass på begge klasseromma, men enno ikkje i mål med tiltak for reduksjon av etterklang på enkelte rom.

Mo oppvekstsenter

Mål:

- Ha gode HMS –rutinar
- Arbeide med å skape tryggheit og trivsel for elevar og tilsette.

Tiltak:

- Gjennomføring av vernerunde kvart år.
- Minimum ei brannøving kvart år.
- Minimum eit førstehjelpskurs for alle tilsette annakvart år.
- Trivselstiltak blant dei tilsette

Vurdering:

HMS-arbeidet og trivselstiltak gjennomført.



Todalen og Stangvik oppvekstsenter

Mål:

- Gode rammer for helse og trivsel for born og vaksne

Tiltak:

- Følgje opp trafikksikringsplana
- Årlege vernerundar

Vurdering:

Vernerundar og brannøvingar gjennomføret etter planen. Det er i tillegg gjennomført lydmålingar i gymsal og kantina ved avd. Stangvik. Tiltak blir vurdert i høve desse.

Øye skule

Mål:

- Lære meir om ROS – analyser i HMS arbeidet
- Halde ved like kunnskap om førstehjelp (alle tilsette deltok på førstehjelpskurs i 2012).
- Ha eit godt psykososialt arbeidsmiljø.

Tiltak:

- Vi skal sende alle leiarar med personalansvar på HMS – kurs.
- Førstehjelpskurs i løpet av 2014.
- Jobbe med trivselstiltak i kvardagen.

Vurdering:

Vi har hatt folk frå adm. på kurs i ROS – analyse, skal kurse internt

Førstehjelpskurs for tilsette gjennomført hausten 2014

Vi har eigen trivselskomite som arbeider godt med trivselen, m.a. gjennom faste arrangement

Surnadal ungdomsskule

Mål:

- Lage ROS-analyse for verksemda.
- Arbeide med å skape tryggheit og trivsel for elevar og tilsette.

Tiltak:

- Få meir kunnskap om ROS-arbeid.
- Gjennomføre førstehjelpskurs med elevar og tilsette.
- Ha deltakarar på symje- og livredningskurs.
- Jobbe aktivt for ein skulekultur der framsnakking og openheit er viktig.
- Gjennomføre 2-3 brannøvingar kvart skuleår.

Vurdering:

Arbeidet med ROS-analyse kom i gang i 2014, men vi er ikkje heilt i mål. Førstehjelpskurs for personalet er gjennomført. Det er også gjennomført 3 brannøvingar.

Helse og rehabilitering

Mål:

- Eit inkluderande arbeidsmiljø med rom for nyskaping og kreativitet.



Tiltak:

- Oppfølging gjennom medarbeidarsamtalar.
- ROS –analyse for å avdekkje satsingsområde.

Vurdering:

Medarbeidarsamtalar er gjennomført. Vi har prøvd ut ein ny arena for medarbeidarsamtalar, ved å innføre «Walk and talk». Vi kombinerar medarbeidarsamtalen med fysisk aktivitet ved å ut og gå samstundes som vi gjennomfører medarbeidarsamtalen. Tilsette kan velje mellom 2 alternativ. Vi har gjennomførs medarbeidarundersøking i 2014. ROS – analysen vil bli gjennomført i 2015.

Institusjonane

Mål:

- Ha eit inkluderande arbeidsmiljø med fokus på fagutvikling, nærvær, kompetanse og samarbeid.

Tiltak:

- Gjennomføre utviklingsprosjekt på kvar avdeling i utviklingsprosjektet saman om ein betre institusjon.
- Aktiv medskaping.
- Betre oppgåve og rollefordeling.

Vurdering:

Tiltaka er gjennomførte og vi må fortsette å arbeide aktivt på området. Alle avdelingar har prøvd ut ny oppgåve- og rollefordeling, og ein ser at det er krevjande å gjere arbeidet på nye måtar, nye rutinar osv. ROS - analysar vil bli eit viktig verktøy for å kartlegge risikoområde i HMS – arbeidet. I 2014 kom vi så vidt i gang med refleksjonsgrupper leia av diakon, dette vart godt motteke av tilsette og samarbeidet fortsett i 2015.

Bu - og aktivitetstenesta

Mål:

- Ha eit godt og trygt psykososialt arbeidsmiljø.
- Ha god kunnskap om førstehjelp, samt å kunne livredning v/svømmetilbod for brukarar.

Tiltak:

- Arbeide med psykososialt arbeidsmiljø. Kva gjer ein sjølv som tilsett for å skape godt arbeidsmiljø.
- Etikk og haldningar.
- Gjennomføre førstehjelpskurs med livredning.

Vurdering:

På vårparten kom det fram kritikk i media som handla om arbeidsforhold i Surnadal kommune. Etter ei brei arbeidsmiljøkartlegging frå Rådmannen vart det sett i verk fleire tiltak innan Bu- og aktivitetstenesta. Vi har følgt opp tiltaka og meiner at vi er på rett spor i høve dette arbeidet.



Heimetenesta

Mål:

- Ha eit trygt, ope og inkluderande arbeidsmiljø med fokus på omsorg, samarbeid og fagutvikling.

Tiltak:

- Oppfølging av tilsette gjennom medarbeidarsamtalar.
- Kompetanseheving, heiltidskultur og felles målutvikling

Vurdering:

Heimetenesta har med nokre små unntak, kome i mål med at alle har den stillingsprosenten dei ønskjer seg. Dei fleste har også store stillingar/heiltidsstillingar. Alle tilsette har delteke på fagdag om arbeidsmiljø. Tilsette deltek i ulike fagnettverk innan kreft, kvardagsrehabilitering, legemiddelhandtering, velferdsteknologi, pasientforløp, m.m.

Medarbeidarsamtalar er utfordrande å få gjennomført for alle. Vi har sett i gang eit arbeid for å knytte desse samtalane opp mot pasientforløptankegangen (HPH).

NAV

Mål:

- Ha eit trygt, ope og inkluderande arbeidsmiljø.
- Gjennomføre vernerundar.
- Sikre gode rutinar i forhold til evakuering, vold og truslar.

Tiltak:

- Oppfølging av tilsette gjennom medarbeidarsamtalar.
- Kompetanseheving med felles målutvikling på NAV' s oppdrag.
- Gjennomføre øvingar i forhold til brann/evakuering minimum 2 gonger i året og øve på aksjon i forhold til vold og truslar minimum 4 gonger i året.

Vurdering:

NAV har gjennomført både vernerundar og medarbeidarsamtalar med tilsette. Vi har fleire gonger i året øvingar for å handtere situasjonar som vold og truslar. Vi har og ei rekke førebyggande tiltak vi gjennomgår med jamne mellomrom.

IK Barnevern

Mål:

- Ha eit trygt inkluderande arbeidsmiljø
- Gjennomføre vernerundar
- Utarbeide ROS analyse

Tiltak:

- Medarbeidarsamtalar vert gjennomført årleg. Saksmengde og arbeidstilhøve til den enkelte vert vurdert kontinuerlig.
- Verksette sikringstiltak
- Kompetanseheving på fagområda

Vurdering:

Handlingsplan etter ROS analyse er laga. Ombygging av resepsjon med for å hindre fri ferdsel er under arbeid.

Det er ikkje gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i 2014.



Kommunalteknikk – VAR

- Eininga har gjennom fleire år hatt særslig lågt sjukefråvær. Dette skuldas bl.a. eit godt psykososialt arbeidsmiljø, som det har vore jobba kontinuerleg med over relativt lang tid.
- I samarbeid med Midtnorsk HMS – senter har eininga tidlegare gjennomført ROS – analyser innanfor fleire av tenestene som eininga har ansvar for.

Vurdering:

To av dei tilsette har i mai 2014 gjennomført kurs i arbeidsvarsling på/ved offentleg veg. Seks tilsette har gjennom brannvesenet gjennomført førstehjelpskurs. Dette kurset gjekk over to dagar i mars 2014 og var tilrettelagt av Norsk Luftambulanse. Ein tilsett har gjennomført ADK – kurs, som til saman varte i heile 10 dagar. Ein tilsett har gjennomført feiarskule del 1 og del 2 på til saman 40 dagar. Kurset fører fram til fagbrev i feiarfaget.

Næring, bygg og miljø

- Eininga har eit lågt sjukefråvær. Dette skyldes fleire ting som lite fysisk utfordrande arbeid, godt arbeidsmiljø og at vi bevist tilrettelegger for at arbeidsplassen tilpassast den enkelte arbeidstakar. Vi har fleire gonger hatt god bistand frå Midtnorsk HMS – senter på dette.
- Vi arbeider bevist med trivsel for alle.

Vurdering:

Det er fokus på å leggje tilrette kvar kontorarbeidsplass for å få ei meir variert arbeidsstilling. Einingsleiar har gjennomført grunnopplæring i arbeidsmiljø.

Eigedom

- Eininga er ikkje samlokalisert, men vi fokuserer på tett oppfølging av alle, da trivsel er eit godt tiltak når det gjeld førebygging av sjukdom.

Vurdering:

Prøver å ha jamlege møte med tilsette, samt at vi legg opp til enkelte sosiale samlingar.

IA-avtalen :

Delmål 1: Sjukefråvær

- a) Utarbeide mål for sjukefråværsarbeidet og sette resultatmål for sjukefråværsutviklinga.
- b) Etablere etterprøbare aktivitetsmål.

Tiltak:

Opplæring i nye rutinar for oppfølging.

Einingane sitt arbeid på området:

Rådmannen

- Ønskjer å ha fokus på trivsel i arbeidsdagen, som også kan påverke sjukefråværet positivt.

Vurdering:

Gjennomført fellesturar og sosiale samankomstar.



Kultur

- Vi vil arbeide for å ha eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 3% eller mindre.

Vurdering:

Vi arbeider med å ha eit positivt arbeidsmiljø, der folks skal ha lyst til å komme på jobb, dette ser det ut som vi får til. Vi ser også at samlokaliseringa er positiv for oss, og vi blir meir fleksible og kan hjelpe kvarandre.

Midtigrenda barnehage

Tiltak:

- Arbeide kontinuerleg for å få ned sjukefråværet – fokus på nærværsfaktorar, god og rett oppfølging av sjukemeldte og fokus på ergonomi i arbeidskvarden.

Vurdering:

Vi har dessverre opplevd eit betydeleg sjukefråvær i løpet av 2014, spesielt hausten. Dette har stort sett vore relatert til helsemessige utfordringar hos den enkelte. Det blir då umuleg å komme i mål med måltal på sjukefråvær. Fokus på nærværsfaktorar har vore veldig viktig, for å behalde eit godt pedagogisk miljø. Det har vore god oppfølging på den enkelte sjukemeldte, i samarbeid med Personal og kompetanse. Det har vore repetert kor viktige ergonomi er med dei tilsette, og med dei som har vore inne som vikarar.

Øye og Skei barnehage

Tiltak:

- Arbeide for å kome ned på måltal for sjukefråvær satt for ansvar 227.
- Definere nærværsfaktorar ilag med personalet og ha fokus på desse.
- Ha god oppfølging på sjukemeldte medarbeidarar.

Vurdering:

Vi har satt ned nye måltal for sjukefråværet i vår eining. Målsettinga er ikkje nådd og vi har hatt eit høgt sjukefråvær i 2014. Fråværet skuldast i hovudsak langtidsjukemeldingar av ulike grunnar. Vi har satt ned nærværsfaktorar vi skal sjå nærare på i 2015. Vi har god oppfølging av sjukemeldte arbeidstakrarar. I tillegg har hatt ein gjennomgang av arbeidet kring sjukefråvær i lag med personal- og kompetanseavdelinga.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

- Måltal for sjukefråver 5%

Vurdering:

Vi har ikkje nådd målet for sjukefråvær på 5%, men korttidsfråværet er lågt.

Mo oppvekstsenter

Mål:

- Ha eit så lågt sjukefråvær som mogleg.

Vurdering:

Sjukefråværet er på 2,5%. Det er vi godt nøgd med.



Todalen og Stangvik oppvekstsenter

- Måltal for sjukefråvær 5%

Vurdering:

Snittprosent for barnehage og skule for 2014 er 6,6. Målalet på 5% står fast.

Øye skule

- Øye skule har fått ned sjukefråværet dei siste åra. Vi har som mål og halde fråværet nede på 4-5%.

Vurdering:

Vi har no eit sjukefråvær på 3,3%. Vi er spesielt nøgde med at langtidsfråværet er nede på 1,3%

Surnadal ungdomsskule

Mål:

- Målet er å halde det gjennomsnittlege sjukefråværet godt under 5 %

Vurdering:

Samla sjukefråvær for 2014 er 5,4%. Sjølv om målet var å kome under 5 %, er det positivt at sjukefråværet er lågare enn i 2013 og at korttidsfråværet på 1,1 % er gledeleg lågt.

Helse og rehabilitering

- Halde sjukefråveret så lågt som muleg
- Sjukefråværet er 5-6 %. Eininga har få tilsette noko som gjer store utslag i fråversprosenten.

Vurdering:

Sjukefråveret er på 6,5 % og er ein nedgang frå 2013. Dette skuldast i hovudsak kronisk sjukdom og skadar som ikkje er relatert til arbeidsplassen. Med såpass få tilsette i eininga, vil fråversprosenten auke fort om berre få tilsette er borte. Vi har ikkje nådd målsettinga vår enno.

Institusjonane

- Auke nærværet med minimum 1% kvart år.
- Ein betre arbeidskvardag for alle tilsette.

Vurdering:

Sjukefråværet er på 13%, og det er alt for høgt. Det blir arbeidd med å kartlegge årsak til sjukefråveret og redusere det i samarbeid med bedriftshelsetenesta, NAV arbeidslivssenter, personalavdelinga og institusjonane. Det vart gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking i 2014, og den viste stor grad av trivsel ved Institusjonane. Vi har iverksett fleire tiltak for å auke nærværet og innarbeide ein heiltidskultur, og det har vore eit stort fokus på å sikre fagdekning på alle vakter heile veka gjennom heile året. Det er ein årleg gjennomgang der det blir sett på ønska stillingsstørrelse, ønske om endring av arbeidsstad mm for dei tilsette. Større fleksibilitet og samhandlingskompetanse har også vore sentralt i 2014.

Bu - og aktivitetstenesta

- Målet er at sjukefråværet ikkje blir høgare.



Vurdering:

Sjukefråværet enda på 7,3% og er ein gledeleg reduksjon frå 8,5% i 2013. Om dette har samanheng med arbeidsmiljøutfordringane vi har hatt, eller om dette er tilfeldig, går ikkje tydeleg fram av statistikken.

Heimetenesta

- Heimetenesta har dei siste fem åra halvert sjukefråværet, og målet er fortsett reduksjon.

Vurdering:

Sjukefråværet er relativt stabilt med ei endring frå 6,0% til 6,1%. Vi tenkjer at dette framleis er eit lågt tal sjølv om målet var reduksjon.

NAV:

- Det vart ved ein inkurie ikkje utarbeidd målsetting om sjukefråvær i 2014, men på statleg side i NAV er målsettinga å vere under 6,5 %

Vurdering:

For kommunalt tilsette i NAV vart sjukefråversprosenten på 5,4 % i 2014. Vi ser føre oss at det er potensiale for å kome endå lågare. I 2013 var det på berre 2,3 %, men med få tilsette gjev det store utslag om for eksempel ein person er sjuk over ei periode.

IK Barnevern

- Utarbeide mål for sjukefråvårsarbeidet og sette resultatmål for sjukefråvårsutviklinga.
- Etablere etterprøvbare aktivitetsmål.
- Sette aktivitetsmål for oppfølgings- og tilretteleggingsarbeidet overfor eigne arbeidstakrar med redusert arbeidsevne for å førebyggje overgangen frå arbeid til passive ytingar.
- Sette aktivitetsmål for korleis verksemda skal opne for personar som NAV har avklart og som har behov for utprøving av arbeids- og funksjonsevna si i det ordinære arbeidslivet.

Vurdering:

IK barnevern har som mål at sjukefråværet skal ned på 5%

Kommunalteknikk – VAR

- Målet er eit sjukefråvær mindre enn 3 %. Eininga har låg bemanning, slik at eit langtidsfråvær vil gjere store utslag i %, noko ein må vere klar over.

Vurdering:

Sjukefråværet er på eit konstant lågt nivå, trass i hardt fysisk arbeid og ein relativt høg gjennomsnittsalder på dei tilsette.

Næring, bygg og miljø

- Sjukefråværet er under 2 % og målet er å halde eit så lågt sjukefråvær. Eininga har låg bemanning og da vil dette gje store utslag ved eit langtidssjukefråvær.

Vurdering:

Det har også i 2014 vore lågt sjukefråvær.



Eigedom

Målet for sjukefråvær er mindre enn 5%, noko som er ambisiøst innan fagområdet.

Sjukefråværet for 2013 var på 7,1% og 7,6 % i 2014. og for det meste var dette langtidsfråvær etter slitasjeskadar.

Vurdering:

Har ikkje lukkast på dette området, så her må det haldast fokus.

Delmål 2: Personar med nedsett funksjonsevne

a) Sette aktivitetsmål for oppfølgings- og tilretteleggingsarbeidet overfor eigne arbeidstakrar med redusert arbeidsevne for å førebyggje overgangen frå arbeid til passive ytingar.

b) Sette aktivitetsmål for korleis verksemda skal opne for personar som NAV har avklart og som har behov for utprøving av arbeids- og funksjonsevna si i det ordinære arbeidslivet.

Tiltak:

Gjennomføre tilretteleggingstiltak for å finne arbeid som er tilpassa funksjonsevne.

Einingane sitt arbeid på området:

Rådmannen

Vurdering:

Rådmannsteamet/administrasjonen har i dag ikkje medarbeidarar med nedsett funksjonsevne, men vil (og kan) legge til rette for det dersom slikt behov oppstår.

Kultur

- Eininga arbeider tett med personalstaben for å legge til rette for arbeidstakrar med redusert arbeidsevne.

Vurdering:

Ingen tilsette med nedsett funksjonsevne

Midtigrenda barnehage

Tiltak:

- Legge til rette for gode arbeidsforhold i forhold til ergonomi, tilrettelegging av storleiken på stillingane.

Vurdering:

Det har vore gjennomgått storlek på stillingane til dei som har vore langtidssjukemeldte.

Prosessens starta vi med i slutten av 2014. Vi ser at det å finne ut kor stor stillingsprosent den enkelte klarer å stå i over tid, er viktig for stabilitet i personalgruppa.

Øye og Skei barnehage

Tiltak:

- Sette mål for arbeidet ved kvart enkelt høve.
- Ha god dialog med den tilsette og vere kreativ for å finne måtar å legge tilrette på.
- Vere positiv til å ta imot personar frå NAV dersom det passar i høve barnegruppe og personalgruppa.



Vurdering:

Tiltaka er gjennomført.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

- Vera fleksible i forhold til timer/dagar og arbeidsoppgåver for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.

Vurdering:

Vi har lagt til rette for at arbeidstakar har fått prøvd ut arbeidsevna si, og elles følgjer vi opp langtidssjukmelde.

Mo oppvekstsenter

- Vi legg til rette for arbeidstakarar som har redusert arbeidsevne og personar som treng utprøving av arbeids- og funksjonsevna si.

Vurdering:

Vi har lagt til rette for at arbeidstakar har fått prøvd ut arbeidsevna si.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter

- Kontinuerleg arbeid med å leggje til rette for at tilsette med særskilde behov eller som treng utprøving, kan fungere så godt som råd i arbeid ved oppvekstsenteret.

Vurdering:

Godt samarbeid med personalavdelinga i høve oppfølging av sjukemeldte.

Øye skule

Tiltak:

- Øye skule har god erfaring med å tilpasse arbeidsdagen for eigne arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne. Med god dialog mellom leiing, arbeidstakar, bedriftshelseteneste og fastlege, finn vi gode løysingar for alle partar.
- Øye skule har alltid vore positiv til å ta i mot personar frå NAV for arbeidsutprøving. Det skal vi fortsette med.

Vurdering:

Vi har og i 2014 hatt tilpassing og tilrettelegging med godt resultat. Vi har og hatt arbeidsutprøving, m.a. arbeidspraksis for busette flyktingar

Surnadal ungdomsskule

Mål:

- Å ha ein open og god dialog der arbeidstakarane kjenner seg verdsett.
- Å ha ein godt tilrettelagt arbeidsplass som tek omsyn til ulike behov hos dei tilsette.

Tiltak:

- Følgje opp sjukemelde arbeidstakarar på ein profesjonell og god måte i samarbeid med Personalavdelinga, fastlege og evt. Bedriftshelsetenesta der det er naturleg.
- Tilpasse arbeidssituasjonen og leggje arbeidsmiljøet fysisk godt til rette ved behov.
- Ta i mot arbeidstakarar som treng arbeidstrening/utprøving i samarbeid med NAV.

Vurdering:

Det er klare rutinar for oppfølging av sjukemelde på skulen og vi har eit godt samarbeid



med Personalavdelinga. Arbeidet med fysisk tilrettelegging av arbeidsplassar til medarbeidarar som har behov for det, har vore prioritert også i 2014.

Helse og rehabilitering

- Eininga klarar for det meste å få til gode løysingar for tilrettelegging for brukarar med nedsett funksjonsevne. Løysingar blir vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Vurdering:

Dette fungerer godt i eininga.

Institusjonane

- Institusjonane arbeider kontinuerlig med tilrettelegging av oppgåver for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vurdering:

Dette er godt ivaretatt i eininga. Eit stort arbeid er sett i gang med å synleggjere oppgåver som kan utføres av dei med redusert funksjonsevne.

Bu - og aktivitetstenesta

- Eininga prøvar å leggje tilrette for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne så langt det let seg gjere innan drifta på den tilsettes arbeidsplass.

Vurdering:

Det er stor variasjon i arbeidsoppgåver innan eininga, og difor muleg å leggje tilrette for ulike funksjonsnedsettingar.

Heimetenesta

- Heimetenesta arbeider kontinuerlig med relevante individuelle aktivitetsmål.

Vurdering:

Heimetenesta har opna for personar som NAV har avklart og som har behov for utprøving av arbeids- og funksjonsevna si i det ordinære arbeidslivet ved at dei har delteke i ordinært arbeid saman med, eller med rettleiing av personalet. Vi har også gjennomført oppfølgings- og tilretteleggingsarbeid overfor eigne arbeidstakarar med redusert arbeidsevne for å førebyggje overgangen frå arbeid til passive ytingar, ved at dei t.d. har kortare dagar, tilpassa turnus/arbeidstid og lettare arbeidsoppgåver.

Kommunalteknikk – VAR

Ikkje relevant for eininga.

Nærings-, bygg og miljø

Eininga har ikkje i dag personar med nedsett funksjonsevne, men kan lett legge til rette for det.

Eigedom

- Eininga har personar med nedsett funksjonsevne, og oppgåvene blir tilrettelagt deretter.
- Eininga har også hatt personar på utprøving frå NAV. Ein ser at dette i enkelte tilfelle krev mykje frå leiinga om det skal lukkast.

Vurdering:

Tilsette med nedsett funksjonsevne får oppgåver tilpassa sitt nivå noko som fungerer bra, men vi lukkast ikkje berre bra når det gjeld utprøving av NAV – personell.



Delmål 3: Avgangsalder

- a) Ha eit livsfaseperspektiv som skal vere del av verksemda sin personalpolitikk og i det systematiske førebyggjande arbeidet.
- b) Sette aktivitetsmål for korleis verksemda kan stimulere eldre arbeidstakarar til å forlenge yrkeskarrieren.

Tiltak:

Vidareføre dei seniortiltaka som allereie er vedtatt. Gjennomføre seniorkurs.

Kvar eining har skrive vurderingar av måloppnåing knytt til desse måla og tiltaka.

Einingane sitt arbeid på området:

Rådmannen

- Vi vil legge til rette for at eldre arbeidstakarar også i framtida kan forlenge yrkeskarrieren.

Vurdering:

Tilbod om og gjennomført seniorsamtalar i samband med medarbeidarsamtalane.

Kultur

- Støtter opp og inspirere til at eldre arbeidstakarar forlenger yrkeskarrieren.

Vurdering:

Ingen tilsette i denne kategorien

Midtigrenda barnehage

- Seniorsamtalar, og individuell tilrettelegging ved behov.

Vurdering:

Individuell tilrettelegging ved behov i forhold til helsemessige årsaker: Vi har hatt fokus i 2014 på stillingsstorleik og kva den enkelte over tid klarer å stå i. Dette gjeld spesielt dei som har vore langtidssjukemeldte. -1 seniorsamtale vart ikkje gjennomført i 2014, men er planlagt for gjennomføring i 2015.

Øye og Skei barnehage

- Utarbeide aktivitetsmål for korleis eininga kan stimulere eldre arbeidstakarar til å forlenge yrkeskarrieren.
- Tilby seniorsamtalar.

Vurdering:

Vi har ikkje eigne aktivitetsmål for korleis eininga kan stimulere eldre arbeidstakarar til å forlenge yrkeskarrieren ut over det som står i personalplana. Vi tilbyr seniorsamtalar.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

- Legge til rette for at eldre arbeidstakarar kan forlenge yrkeskarrieren gjennom individuell tilrettelegging.

Vurdering:

Seniorsamtalar er gjennomførte med vekt på stillingsstorleik og arbeidsoppgåver.



Mo oppvekstsenter

Mål:

- Å legge best muleg til rette for at eldre arbeidstakarar kan forlenge yrkeskarrieren.

Tiltak:

- Gjennomføre seniorsamtalar.
- Leggje til rette og tilpasse arbeidssituasjonen ved behov.

Vurdering:

Seniorsamtalar i samband med medarbeidarsamtalane. Individuell tilrettelegging ved behov.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter

- Seniorsamtalar, og individuell tilrettelegging ved behov.

Vurdering:

Tilrettelegging etter behov. Medarbeidarsamtalar.

Øye skule

- Leiinga ved Øye skule gjennomfører kvart år ein seniorsamtale med dei eldste arbeidstakarane. Vi tilpassar arbeidsdagen til seniorar slik at dei kan stå i arbeidet sitt lengre.

Vurdering:

Seniorsamtalar er gjennomført og arbeidsoppgåver er avtalt og avklara med seniorane

Surnadal ungdomsskule

Mål:

- Å legge best muleg til rette for at eldre arbeidstakarar kan forlenge yrkeskarrieren.

Tiltak:

- Gjennomføre seniorsamtalar.
- Leggje tilrette og tilpasse arbeidssituasjonen ved behov.

Vurdering:

Det er gjennomført seniorsamtalar med dei eldste arbeidstakarane. I samtalane blir også spørsmålet om evt. behov for tilrettelegging for den enkelte teke opp.

Helse og rehabilitering

- Vi vil legge til rette for at eldre arbeidstakarar kan forlenge yrkeskarrieren gjennom seniorsamtalar og individuell tilrettelegging.

Vurdering:

Seniorsamtalar og tilrettelegging er gjennomført.

Institusjonane

- Seniorsamtalar og utviklingssamtalar, tilrettelegging ved behov

Vurdering:

Senior- og utviklingssamtalar vart gjennomført med bortimot alle tilsette ved Institusjonane i 2014. I valet mellom meir fritid eller auka løn etter fylte 62 år, vel 66% løn og 34% meir fritid.

Bu - og aktivitetstenesta

- Utarbeide ein plan og gjennomføring av seniorsamtalar.



Vurdering:

Seniorsamtalar blir gjennomført i samband med medarbeidarsamtalar. I valet mellom meir fritid eller auka løn etter fylte 62 år, vel langt dei fleste meir fritid.

Heimetenesta

- Seniorsamtalar, og individuell tilrettelegging ved behov.

Vurdering:

Seniorsamtalar blir gjennomført i samband med medarbeidarsamtalar. I valet mellom meir fritid eller auka løn etter fylte 62 år, har alle i Heimetenesta så langt valt auka løn.

NAV:

Tiltak: gjennomføring av seniorsamtaler og tilrettelegging av arbeidsoppgåver kan ver aktuelt.

Vurdering:

Tiltaka fins, men det er ingen kommunalt tilsette som er i målgruppa senior endå.

IK Barnevern

Tiltak:

- Gjennomføre seniorsamtale
- Vurdere tilrettelagt arbeidsforhold

Vurdering:

Iversett i samsvar med intensjonane

Kommunalteknikk – VAR

- Pr. i dag har eininga 2 medarbeidarar på seniortiltak. Desse innehar mykje kompetanse som eininga har bruk for. Vi vil fortsette å støtte opp om og inspirere til at desse skal forlenge yrkeskarrieren. I skrivande stund har den eine no sagt opp si stilling i ein alder av 68 år.

Vurdering:

Ein tilsett vil no snart passere 68 år og ein annan 67 år. Begge står pr. dags dato fortsatt i arbeid.

Næring, bygg og miljø

- Eininga har i dag 3 medarbeidarar som går på seniortiltak. Her er mykje kompetanse som vi har bruk for og vil støtte opp om at desse vil forlenge sin yrkeskarriere.

Vurdering:

Det går bra.

Eigedom

- Eininga har i dag 4 medarbeidarar på seniortiltak. Desse tilfører eininga mykje kompetanse og trivsel. Vi vil legge til rette for at eldre arbeidstakrar også i framtida kan forlenge yrkeskarrieren.

Vurdering:

Det går bra.



SJUKEFRÅVÆR 2014 (i %)

Sjukefråver	Eigenmelding (1-8 dagar)	Arb.gjevarperiode (1-16 dagar)	Trygdebetalt (17 dagar - 1 år)	Gjennomsnitt 2014	Gjennomsnitt 2013
Rådmannen	0,4%	1,1%	3,4%	4,5%	2,8%
Kultur	1,4%	2,5%	0%	2,5%	5,2%
Midtigrenda barnehage	0,9%	1,4%	19,1%	20,5%	9,1%
Øye og Skei barnehage	1,5%	2,1%	6,1%	8,2%	8,2%
Bøfjorden og Bæverfjord oppv.	1,4%	2,0%	4,8%	6,7%	7,1%
Mo oppvekstsenter	0,9%	1,6%	0,9%	2,5%	2,0%
Todalen og Stangvik oppv.	1,7%	2,2%	4,4%	6,6%	4,0%
Øye skule	1,5%	2,0%	1,3%	3,3%	4,2%
Surnadal ungdomsskule	1,1%	1,9%	3,5%	5,4%	6,7%
Helse og rehabilitering	1,0%	1,7%	4,8%	6,5%	7,2%
Institusjonane	1,4%	1,1%	10,6%	13,0%	11,8%
Bu- og aktivitetstenesta	1,1%	2,7%	4,6%	7,3%	8,5%
Heimetenesta	1,5%	3,0%	3,1%	6,1%	6,0%
NAV	1,6%	2,6%	2,8%	5,4%	2,3%
Kommunalteknikk - VAR	0,9%	1,5%	0,5%	2,1%	2,9%
Næring, bygg og miljø	3,0%	0,1%	1,2%	1,3%	1,3%
Eigedom	1,6%	2,7%	4,9%	7,6%	7,1%
IK Barnevern	1,2%	2,1%	6,2%	8,2%	5,6%
Samla	1,2%	2,2%	5,3%	7,5%	7,5%

Vurdering:

Rådmannen: Vi har eit lågt sjukefråvær samla sett, men har hatt nokre langtidsfråvær i 2014.



Kultur:

I 2014 oppnådde vi eit samla sjukefråvær på 2,5%, noko som er bra, men med ei så lita eining skal det ikkje mykje til før eit slikt tall kan forverre seg. Å ha så låge måltal kan fort bli ris til eigen bak, der ei brekt arm kan medføre prosenttal langt over måltalet. Det viktige i dette arbeidet blir å fokusere på trivsel, arbeidsoppgåver og utfordringar som er tilpassa kompetansen på eininga, slik at folk føler meistring og at dei som treng det, får utviklingsmulegheiter der dei treng det.

Midtigrenda barnehage:

Pga. fleire sjukemeldingar i 2014, spesielt på hausten, har det vore umuleg å komme i mål med måltal på sjukefråvær. Fokus på nærværsfaktorar for å behalde eit godt pedagogisk miljø har vore sentralt hausten 2014. Det har vore eit særskilt krevjande år, spesielt frå hausten 2014, med tanke på å gjennomføre det vi hadde planlagt. Vi har vore heilt avhengige av gode vikarar. Oppfølginga på sjukemeldte har vore følgd opp i 2014, og vil føres vidare for dei det gjeld i 2015.

Øye Skei barnehage:

Sjukefråværet ved eininga har vore stabilt høgt dei to siste åra. Måltal for sjukefråværet vart i 2014 justert ned til 7,3 % fråvær. I 2013 var måltalet vårt 8,1 %.

Det er det legemeldte fråværet som gir dei høge tala for vår eining. I høve dei langtidssjukmeldingane vi hadde i 2014 kan vi ikkje sjå at nokon av dei kjem av arbeidsrelaterte grunnar.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

Langtidssjukmeldingar har gjort at vi ikkje har nådd målet på 5%.

Mo oppvekstsenter:

Gjennomsnittsfråværet gjekk litt opp det siste året, men vi er likevel godt nøgde med 2,5%.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

Fråværsprosent på skule er 3,3%. Barnehage ligg på 10,1%. Vi har eit måltal samla på 5%, og ligg med eit snitt på 6,6% litt over dette.

Øye skule:

Sjølv om korttidsfråværet har auka noko, er det eit gledeleg lågt totalfråvær på 3,3%

Surnadal ungdomsskule:

Målet om at samla sjukefråvær skal ligge under 5 % ligg fast. Statistikken viser at det har vore ein del langtidsfråvær i 2014. Dette påverkar sjølv sagt sjukefråværsprosenten sterkt. Det er likevel gledeleg at korttidsfråvær/eigenmeld fråvær framleis er lågt.

Helse og rehabilitering:

Kommentert tidlegare.

Institusjonane:

Kommentert tidlegare.

Bu - og aktivitetstenesta, Heimetenesta og NAV:

Kommentert tidlegare.



Tilsette pr. 31.12.14

	Tal tilsette		Årsverk		Kvinner		Menn		Kvinner < 50%		Menn < 50%	
	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014
Rådmannen	42	45	37,3	38,8	27	31	15	14	0	0	0	0
Kultur	12	11	7,2	8	6	6	6	5	1	1	2	1
Midtigrenda barnehage	15	15	13,0	12,99	14	15	1	0	1	1	0	0
Øye og Skei barnehage	26	29	20,8	22,5	24	27	2	2	1	1	0	0
Bøfjorden og Bæverfjord opp	14	14	13,1	11,3	13	13	1	1	1	1	0	0
Mo oppvekstsenter	13	13	10,60	10,85	11	11	2	2	1	1	0	0
Todalen og Stangvik oppv.	27	34	20,4	24,4	24	31	3	3	3	3	0	0
Øye skule	51	51	41,9	41,4	41	41	10	9	0	1	0	0
Surnadal ungdomsskule	36	35	31,3	30,1	21	24	15	11	1	1	1	1
Helse og rehabilitering	33	35	25,4	25,0	30	30	3	4	1	0	2	2***
Institusjonane	159	128*	100,5	97*	155	125*	4	3*	23	5**	0	0
Bu- og aktivitets-tenesta	115	125	85,0	91,1	81	93	34	24	15	24	3	10
Heimetenesta	55	53	44,2	42,3	54	53	1	1	1	0	0	0
NAV	7	7	6,1	6,5	5	6	1	1	0	0	0	0
Kommunal-teknikk - VAR	13	13	13,0	13	0	0	13	13	0	0	0	0
Næring, bygg og miljø	9	9	8,6	8,6	4	4	5	5	0	0	0	0
Eigedom	42	43	33,5	33,5	27	30	15	13	3	6	1	1
IK Barnevern	12	11	10,5	9,8	10	10	1	1	2		0	0

Vurdering:

Rådmannen:

Auken i talet på tilsette er i hovedsak auken innanfor Oppvekst og integrering, med flere tilsette i vaksenopplæring/grunnskule/programrådgjeving.



Kultur:

Som vi ser så har kultureininga to tilsette under 50 % stilling, den eine stillinga var nyopprettet i 2014 og er sesongarbeid, der vedkommande har tilnærma 100% stilling i Svinvik arboret si opningstid. Det hadde sjølv sagt vert ønskeleg å kunne gi vedkommande meir arbeid innanfor kommunen, ingen kan leve av ei 30% stilling! Den andre stillinga under 50% er ei stilling som er eit samarbeid med oppvekst, som samla er 100% stilling.

Midtigrenda barnehage:

Talet på årsverk held seg nesten på lik linje som i 2013. Barnetalet har vore nogelunde lik frå 2013-2014. Vi har dessverre ingen menn i faste stillingar i barnehagen vår.

Øye Skei barnehage:

Auken i tal på årsverk og tal på personalet skuldast i hovudsak bemanning kring eit barn med spesielle behov.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

Talet på årsverk har gått ned pga nedgang i barnetal både i barnehage og skule. Talet på tilsette er stabilt pga endring i stillingsstorleik.

Mo oppvekstsenter:

Talet på tilsette og årsverk er stabilt

Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

Stor søknad til barnehage har gjort oppbemannning naudsynt. Dette gjeld særleg avd. Stangvik barnehage. Total auke på nær 4 stillingar.

Øye skule:

Vi har ein svak nedgang på 0,5 årsverk frå 2013 til 2014, antal tilsette er stabilt

Surnadal ungdomsskule:

Talet på årsverk har gått ned med 1,2 frå 2013 til 2014. Talet på kvinner aukar og det blir færre menn på skulen. Det inneber at kjønnsbalansen i kollegiet har endra seg. Dette bør vere med som ein del av vurderinga ved framtidig rekruttering av nye medarbeidarar.

Helse og rehabilitering:

Alle tilsette har minst 50 % stilling. Unntaket er legar i offentleg legeteneste.

Psykologstillinga er redusert med 40 %. Det vil bli lyst ut etter psykolog i 2015.

Institusjonane:

Ved Institusjonane er det tilsett i 18 heiltidsstillingar i 2014. Det har også vore eit prøveprosjekt for nokre tilsette på å arbeide 2,5 helger, og det blir evaluert i 2015. Dei fleste har i følgje arbeidsmiljøundersøkinga den stillingsstørrelsen dei ønskjer.

Bu- og aktivitetstenesta:

Talet på stillingar har auka spesielt på helg, og det gjer seg utslag i mange fleire småstillingar. Dette kjem som ei følge av fleire nyoppstarta og utvida tilbod siste halvår.

Heimetenesta:

Heimetenesta har for første gong ingen tilsette i stillingar mindre enn 50%.

Gjennomsnittet på stillingsstørleik i Heimetenesta er på over 80%.

NAV:



Vi har ei stilling på 50 %, elles berre 100 % stillingar. Vi har hatt noe vakanse i periodar av 50 % stillinga.

IK barnevern:

Nedgang i årsverk med 0,4 som skal finansiere felles barnevernsvakt etter kontortid for Halsa, Rindal og Surnadal

Eigedom:

Talet på årsverk er det same som tidlegare, men det har vorte ein person meir tilsett, og talet på tilsette med stillingsstorleik under 50% har auka. Dette skuldast at fleire er tilsett i mindre stillingar, dels etter eige ønskje, og etter 4-årsregelen.

KOSTRA –TAL

Administrasjon

	Surnadal 2013	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Brutto driftsutgifter i kr pr. innbyggjar, adm styring i % av tot. brt.driftsutg.	6,9	6,6	6,7	6,3	6,5
Lønn, adm. styring, fellesutgifter, i % av totale lønnsutgifter	6,9	6,3	6,6	6,6	7,0

Kommentar:

Det har vore ein nedgang av lønn til administrasjon, og vi ligg lågare enn dei gruppene vi samanliknar oss med. Når det gjeld brutto driftsutgifter til adm. Styring ligg vi om lag på landssnittet.

Kultur

Netto driftsutgifter per innbyggjar i kroner:	Surnadal 2013	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Kultursektoren	3 132	3 383	1725	1 867	1 998
Folkebiblioteket	357	394	256	289	279
Kino	105	94	22	51	15
Aktivitetstilbod barn og unge	186	155	77	101	167
Idrett	68	110	133	149	180

Kommentar:

Tala viser at Surnadal kommune har ei god satsing på kultur.



Oppvekst

	Surnadal 2013	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Andel barn 1- 5 år m. barnehageplass	97,2%	93,7%	92,5	91,0%	90,9%
Kommunale overføringer av driftsmidlar til priv. barnehagar per korr. oppholdstime (kr)	47	45	40	39	47
Andel ansatte med førskolelærarutdanning	41,1%	39,0%	31,6%	35,1%	34,9%

Kommentar:

Dei siste åra har det vore arbeidd med å heve delen tilsette med førskuleutdanning. Figuren viser at vi no har nådd gode resultat, sjølv om det har vore ein liten nedgang siste året.

	Surnadal 2013	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter 6- 15 år	108 560	111 876	103 247	108 564	100 843
Brutto korrigerte driftsutgifter	107 008	112 607	113 200	116 559	111 681
Elevar per kommunal skule	123	121	171	171	213
Del innbyggjarar 6 – 9 år i SFO i %	42,4	42,4	58,3	47,3	59,3
Del elevar i grunnskulen som får skuleskyss %	68,0	69,2	28,0	36,4	23,7

Kommentar:

Surnadal kommune brukar litt meir enn samanliknbare kommunar pr. elev. Dette skuldast truleg ein desentralisert skulestruktur, med mange skulebygg. Vi ligg høgt samanlikna med andre kommunar når det gjeld elevar som får skuleskyss.

Helse og omsorg

	Surnadal 2013	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner	1 975	2 183	2 336	2 564	2 311
Netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter	3,4	3,8	4,4	4,6	4,4
Netto driftsutg. til førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste pr. innb. 0-20 år	1 793	1 820	2 142	2 141	2 053
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar, kommunehelseteneste	10,2	9,3	10,7	11,2	10,3
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar, kommunehelsetenesta	8,7	8,6	8,6	9,3	8,9

Kommentar:

Vi bruker meir på kommunehelseteneste enn i 2013, men vi ligg enno litt under landsgjennomsnittet.



	Surnadal 2013	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/ Oslo
Netto driftsutgifter, pleie-og omsorg i prosent av kommunen sitt totale netto driftsutgifter	35,3	40,3	34,4	34,2	31,5
Andel bebuarar 80 år og over som bur på institusjon	66,3	67,4	74,2	73,4	70,6
Andel plassar avsett til på tidsavgrensa opphold	18,5	18,5	17,9	17,8	19,0
Andel plassar i skjerma eining for aldersdemente	17,4	17,4	21,7	29,2	24,5
Legetimar per veke per bebuar i sjukeheim	0,28	0,29	0,38	0,43	0,51
Tjenester til hjemmeboende – andel av netto driftsutgifter til plo	40	44	52	53	50
Aktivisering/ støttetjenester – andel av netto driftsutgifter til plo	2	1	5	5	5
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år	35,2		22,6	20,1	19,6
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79år	11,9	-	14,6	15,0	13,7

Kommentar:

Netto driftsutgifter til pleie- og omsog har hatt ein sterk auke. Delen som går til omsorgstenester for heimebuande har gått opp siste året, men vi ligg enno noko under det samanliknbare kommunar og landet utanfor Oslo brukar til slik omsorg av det totale beløpet til pleie- og omsorgstenester.

Surnadal har og ein større andel mottakar av heimetester i gruppa under 66 år. Mange av desse finn vi truleg innafor bu og aktivitetstenesta.

	Surnadal 2011	Surnadal 2012	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/ Oslo
Netto driftsutgifter til sosialtenesten pr innbyggjar 20 – 66 år i Kr.	700	705	2 438	2 927	3 119
Netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr innbyggjar 20 – 66 år i kr	178	388	856	1 462	1 557
Andel sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20 – 66 år i %	1,9	2,1			4,2
Årsverk i sosialtenesten	5,4	5,9	6,9	5,69	10,28

Kommentar:

Tala syner at Surnadal kommune brukar lite ressursar til økonomisk sosialhjelp. Kommunen har lågare bemanning i høve andre kommunar i landet. Arbeidsledigheta i kommunen er låg, satsing på kvalifiseringsprogrammet og førebyggande tiltak kan ha hatt ein positiv effekt når det gjeld utviklinga i økonomisk sosialhjelp.



Teknisk

	Surnadal 2013	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Del av befolkninga som er tilknytt kommunalt vann (%)	74,9	74,6	74,5		82,1
Driftsutgifter vann pr. tilknytt innbyggjar	1 772	1 451	1 080		965
Årsgebyr for vannforsyning (rapporteringsår + 1)	3 268	3 439	3 051	2 801	3 252
Driftsutgifter kloakk pr. tilknytt innbyggjar	1 214	1 144	1 046		1 153
Årsgebyr for avløpstestenesten (rapporteringsår + 1)	2 928	3 292	2 924	3 231	3 604
Årsgebyr for septikktømming (rapporteringsår +1))	1 200	1 200	1 157	1 315	1 465
Årsgebyr for avfallstenesten (rapporteringsår + 1)	2 700	2 650	2 561	2 448	2 485
Netto driftsutgifter til funksjon 339 (brann- og ulykkesvern) pr. innbygger	619	652	794	787	692

Kommentar:

Surnadal kommune ligg no omrent på landsgjennomsnittet i gebyr for alle VAR – tenestene.

Eigedomsforvalting

	Surnadal 2013	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet utanom Oslo
Netto driftsutg. til kommunal eiendomsforv. pr innbygger	5 600	5 950	4 129	4 320	4 475
Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter pr innbygger	6,5	6,5	5,2	5,9	6,2
Energikostnader for kommunal eiendomsforv. I prosent av netto driftsutgifter	12,6	12,2	11,8	12,5	10,9
Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforv. pr. kvm.	53	37	82	52	69

Kommentar:

Som vi kan lese av tabellen har vi store driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning pr. innbyggjar. Dette heng saman med at vi har store kommunale areal pr. innbyggjar.

IK Barnevern

	Surnadal 2013	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet utanom Oslo
Netto driftsutgifter pr,barn i barnevernet.	121 309	141 940			109 846
Del av netto driftsutg. til barn som ikkje er plassert av barnevernet	2,2	8,3	12,1	11,9	12,1
Barn med undersøking ift. talet på innbyggjarar 0-17 år.	3,3	2,2			4,2
Delen av barn med barneverntiltak ift. talet på innbyggjarar 0-17 år.	4,1	4,0			4,7



Kommentar:

Surnadal kommune har hatt ein auke i netto driftsutgifter i 2014.

ØKONOMISKE RAMMER OG FØRESETNADER

Tabell 1: Folketalsutviklinga i kommunen

Pr. 01.01 År	Folke- mengd	Fødde	Døde	Fødsels- overskot	Innflyttingar	Utflytt- ingar	Netto innflyt.	Folke- tilvekst
2003	6 208	62	71	-9	165	155	10	1
2004	6 209	68	56	12	155	216	-61	-49
2005	6 160	50	65	-15	104	142	-38	-53
2006	6 107	60	75	-15	132	172	-40	-58
2007	6 049	60	70	-10	169	169	0	-10
2008	6 039	47	78	-31	136	144	-8	-39
2009	6 000	50	77	-27	117	133	-16	-44
2010	5 956	54	55	-1	156	163	-7	-7
2011	5 949	48	64	-16	210	191	19	3
2012	5 952	52	73	-21	194	199	-5	-25
2013	5 927	50	62	-12	211	174	37	27
2014	5 954	49	55	-6	185	157	28	22
2015	5 976							

Kjelde: Regionalstatistikken, SSB

Arbeidsmarknad og næringsliv

Ved utgangen av september 2014 var det registrert 47 heilt arbeidsledige i Surnadal kommune. Dette utgjer 1,6 % av arbeidsstyrken. Av dette var det 19 kvinner og 28 menn. Tala viser har det vore ein auke i talet på arbeidsledige siste året. I Rindal er 0,7 % av arbeidstyrken heilt arbeidsledig, mens tala for Halsa var 1,4 %. Møre og Romsdal hadde ved utgangen av september 2013 registrert 2,0% heilt arbeidsledige, og ligg litt under landsgjennomsnittet på 2,5% heilt arbeidsledige. Desse tala viser at det er stor aktivitet i næringslivet både lokalt, regionalt og nasjonalt. Mykje tyder på at det vil bli kamp om arbeidskrafta i åra framover.



Rekneskap for Surnadal kommune 2014

1.1 Investeringsrekneskapen

Samla investering i anleggsmidlar i 2014 var kr 39 645 459. Av dette vart kr 32 459 805 lånefinansiert.

1.2 Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen viser slikt resultat for einingane:

Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Meirforbruk ¹⁾	Forbruk i %
100 RÄDMANN	27 223 916	27 113 000	110 916	100,4
130 KULTUR	10 127 158	7 522 000	2 605 158	134,6
150 POLITISK VERKSEMD	4 075 737	4 264 000	-188 263	95,6
223 MIDTIGRENDA BARNEHAGE	6 279 360	6 144 000	135 360	102,2
227 ØYE OG SKEI BARNEHAGE	10 908 172	10 533 000	375 172	103,6
231 BØFJORDEN OG BÆVERFJORD OPPV	6 801 986	7 142 000	-340 014	95,2
233 MO OPPVEKSTSENTER	6 437 649	6 445 000	-7 351	99,9
234 TODALEN OG STANGVIK OPPVEKSTS	13 405 859	12 890 000	515 859	104,0
236 ØYE SKULE	26 806 081	26 923 000	-116 919	99,6
237 SURNADAL UNGDOMSSKULE	22 915 584	23 324 000	-408 416	98,3
310 HELSE OG REHABILITERING	29 896 547	30 110 000	-213 453	99,3
330 INSTITUSJONANE	53 328 593	53 635 000	-306 407	99,4
340 BU OG AKTIVITETSTENESTE	39 892 622	35 467 000	4 425 622	112,5
350 HEIMETENESTA	27 070 192	26 995 000	75 192	100,3
360 NAV	4 867 384	5 200 000	-332 616	93,6
420 KOMMUNALTEKNIKK	10 349 986	13 885 000	-3 535 014	74,5
430 KOMMUNALTEKNIKK - VAR	-2 424 303	-2 606 000	181 697	93,0
440 NÄRING, BYGG OG MILJØ	6 127 760	6 148 000	-20 240	99,7
460 EIGEDOM	30 960 853	29 999 000	961 853	103,2
503 TILSKOT UTANOM NÄRINGSFONDET	8 418 160	8 011 000	407 160	105,1
510 PP-TENESTA	2 337 812	2 626 000	-288 189	89,0
520 KULTURSKULEN PÅ I.NORDMØRE	2 959 593	3 047 000	-87 407	97,1
530 KYRKJELEG FELLESRÅD	5 658 000	5 408 000	250 000	104,6
540 IK BARNEVERN	9 509 916	9 255 000	254 916	102,8
Samla for dette utvalet	363 934 617	359 480 000	4 454 617	101,2 %

Avvik frå budsjett er kommenterte i tekstdelen under dei einskilde einingane.

I 2014 vart driftsrekneskapen for Surnadal kommune avslutta med eit netto driftsresultat på kr -5 386 766. Dette svarer til -1,1 % av driftsinntektene på kr 485 251 441. For 2013 var netto driftsresultat på kr -12 388 699.



1.3 Auke i lønsutgifter

6.3 Lønsutgifter i høve til driftsrekneskapen for 2014

	2014	2013	auke i kr	auke i %
Lønn inkl. sosiale utgifter	347 694 386	330 790 806	16 903 580	5,11

1.4 Skatt på formue og inntekt

I 2014 var kommunedelen av skatteinngangen kr 120 312 201, mot kr 115 127 420, i 2013. Dette er ein auke på kr 5 184 781, eller 4,50 %.

1.5 Fond

Bundne driftsfond	kr	10 398 191
Ubundne investeringsfond	kr	6 160 303
Bundne investeringsfond	kr	354 144
Disposisjonsfond	kr	<u>37 861 294</u>
Til saman rekneskap 2014	kr	54 773 932
Til saman rekneskap 2013	kr	<u>67 861 543</u>
Minke fra 2013 til 2014	kr	<u>13 087 611</u>

1.6 Lånegjeld

Lånegjelda er siste året auka frå kr 384 541 170 til kr 404 700 244. Dette svarar til ein auke frå kr 64 585 per innbyggjar til 67 721 per innbyggjar. I tillegg har vi langsiktig gjeld i form av pensjonsplikt på kr 689 198 199.

1.7 Langsiktig gjeld


Langsiktig gjeld (inkl. pensjonsplikt og lån til vidare utlån) har utvikla seg slik:

	Gjeld	Folketal	Kr pr innbyggjar
2010	kr 792 741 239	5 949	kr 133 256
2011	Kr 904 407 475	5 952	kr 151 950
2012	Kr 974 474 602	5 927	kr 164 413
2013	kr 1 030 526 192	5 954	kr 173 081
2014	kr 1 093 898 443	5 976	kr 183 049

1.8 Andre utdrag frå rekneskapen

Lønnsutgiftene sin del av dei totale driftsutgiftene:

	Totale utgifter	Lønnskostnad	Prosent
2010	kr 382 576 322	kr 267 172 161	69,83%
2011	kr 407 764 394	kr 287 250 708	70,45%
2012	kr 438 438 282	kr 305 876 151	69,76 %
2013	kr 487 865 341	kr 330 790 806	67,80 %
2014	kr 492 311 409	kr 347 694 386	70,62 %



1.9 Finansielle omløpsmidler

Aktivklasser:

Utanlandske aksjefond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.14	Virkeleg verdi pr. 31.12.14	Bokført verdi pr. 31.12.14
Aksjefond 1	1 911 518	4 266 591	4 266 591
Aksjefond 2	107 941	417 253	417 253
SUM	2 019 459	4 683 844	4 683 844

Norske aksjefond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.14	Virkeleg verdi pr. 31.12.14	Bokført verdi pr. 31.12.14
Aksjefond 3	2 846 292	5 283 143	5 283 143
Aksjefond 4	1 050 000	1 716 868	1 716 868
SUM	3 896 292	7 000 011	7 000 011



Utanlandske obligasjonsfond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.14	Virkeleg verdi pr. 31.12.14	Bokført verdi pr. 31.12.14
Obligasjonsf. 1	1 700 000	2 583 912	2 583 912
SUM	1 700 000	2 583 912	2 583 912

Norske obligasjonsfond:

Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.14	Virkeleg verdi pr. 31.12.14	Bokført verdi pr. 31.12.14
Obligasjonsf. 2	3 100 000	3 889 433	3 889 433
SUM	3 100 000	3 889 433	3 889 433

Norske pengemarknadsfond:


Omløpsmiddel	Anskaffelseskost pr. 31.12.14	Virkeleg verdi pr. 31.12.14	Bokført verdi pr. 31.12.14
Pengem.fond 1	1 000 000	1 357 807	1 357 807
Pengem.fond 2	3 000 000	4 024 880	4 024 880
SUM	4 000 000	5 382 687	5 382 687

Norske bankinnskot:

Omløpsmiddel	Virkeleg verdi pr. 31.12.14	Bokført verdi pr. 31.12.14
Bank 1	6.193.602	6.193.602
Bank 2	874.189	874.189
Bank 3	21.042.930	21.042.930
Bank 4	88.035	88.035
Bank 5	23.419.937	23.419.937
SUM	51.618.693	51.618.693

Porteføljen er innafor dei rammene som kommunestyret behandla i sak 112/07.

Her vart allokeringa i ulike aktivaklasser sett til:





Ein har med bakgrunn i dette valt å gå mot ei slik samansetning av porteføljen for langsigte aktiva:

Aksjefond norske aksjar	kr 5 400 000
Aksjefond utanlandske aksjar	kr 3 600 000
Norske obligasjonar/ obligasjonsfond	kr 5 400 000
Utanlandske obligasjonsfond	kr 6 600 000
Bank/ pengemarknadsfond	kr 9 000 000
Til saman	kr 30 000 000

Finansreglementet vårt har disse rammene for denne forvaltninga:

Samla maksimum plassering i pengemarknads- og obligasjonsfond er 50% av aktuell kapital. Maksimum plassering i aksjefond er 40% av kapitalen. Midlar plasserte i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.

Aksjefond skal spreast på norske, nordiske og/eller fond med minst 60% europisk plassering. Ingen fondstype skal ha meir enn 50% av plasseringa.

Med denne porteføljen er vi godt innafor desse rammene.

Porteføljen er ikkje å sjå på som statisk, men som eit uttrykk for det som bør vere normalsituasjonen. Det vil alltid vere avvik frå desse verdiane, både på grunn av verdiendring på fonda og på grunn av inn -/ utfasing i ei aktivaklasse.

Ein har sett det som fornuftig å gå inn i marknaden gjennom fleire mindre kjøp over tid. Dette for å spreie risikoen i kjøpsfasen i ein litt uroleg marknad. For tida ynskjer vi også å vere undervekta i obligasjonsmarknaden.

For aksjefond ligg vi no over normalverdiane for både norske og utanlandske fond. Dette har samanheng med avkastning i perioden som enno ikkje er teke ut.

Når det gjeld bankinnskot er det i økonomireglementet fastsett ei maksimal ramme for innskot i ein og same bank på kr 50 000 000.

1.10 Langsiktig gjeld

Gjeldsporteføljen er fordelt på 25 lån hos 2 ulike långjevarar. Total lånegjeld er NOK 404 700 244. Av dette er kr 32 072 292 knytt til formidlingslån, og kr 378 627 952 til eigne investeringar i anleggsmidlar.

Lånegjelda er fordelt slik mellom långjevarane:

Husbanken	32 072 292
Kommunalbanken	378 627 952



Lånegjelda har slik fordeling på vilkår:

Flytande rente	103 995 254
3 mnd. NIBOR +/- margin	300 521 238

Lånegjelda har slik gjenstående avdragstid:

Nedbetalt < 5 år	kr 5 090 280
Nedbetalt mellom 5 og 10 år	kr 179 951 385
Nedbetalt mellom 11 og 15 år	kr 135 303 095
Nedbetalt mellom 16 og 20 år	kr 7 315 740
Nedbetalt mellom 21 og 25 år	kr 44 983 836
Nedbetalt mellom 26 og 30 år	kr 31 872 256
Nedbetalt > 30 år	kr 0

1.11 Skatterekneskapen

Økonomisjefen er skatteoppkrevjar for kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda. Det vert ført eige rekneskap for skatteinntektene og folketrygda. Fordeling av inntektene skjer kvar månad.



År	Innbet. skattar og arb.gj.avgift (mill.kr.)	Auke i %	Kommunedel (mill. kr)	Auke/minke i %
2010	453,0	-0,50	112,6	2,58
2011	459,7	1,50	102,1	-9,28
2012	483,1	5,08	110,1	7,82
2013	543,4	12,5	115,1	4,53
2014	577,7	6,3	120,2	4,43

1.12 Eigedomsskatt – bustad og fritidsbustad

Krets	Utskrive skatt	% av samla skatt
Bøfjorden	436 438	5,74
Bæverfjord	543 084	7,14
Mo	793 162	10,40
Øye	4 495 557	59,05
Stangvik	956 562	12,57
Todalen	388 215	5,10
Sum	7 613 018	100,00



Folketalsutvikling fordelt på krinsane






Rådmannen/administrasjonen

Stab og støtte

Den administrative strukturen vart sist gjennomgått og endra gjennom ein større prosess i 2010, med nokre mindre endringar som er gjort i ettertid.

Gjeldande organisasjonskart er no slik ut;



1. Aktivitet

Rådmannsteamet

Rådmannsteamet (leiargruppa) er samansett av rådmann, dei 4 kommunalsjefane og økonomisjef. Alle kommunalsjefane har kvar sine sektorvise hovudområde, men arbeider på tvers av organisasjonen ved behov. I den utvida leiargruppa deltek også personalsjef og avdelingsleiar for informasjon og service. Hovudoppgåva for rådmannsteamet er m.a. å førebu, legge fram, sette i verk og følgje opp forslag som blir vedteke i politiske organ.



Rådmannsteamet har også eit overordna ansvar for administrativ leiing og økonomistyring – samt å legge tilrette og gjennomføre gode prosessar for strategisk arbeid og utvikling.

Økonomi

Stabsfunksjon med 8,6 årsverk.

Økonomi har ansvaret for disse oppgåvene:

- Føring av rekneskap for kommunen, inkludert interkommunale samarbeid og diverse legat. Avstemming og kontrollarbeid på rekneskapen.
- Ansvar for mva.oppgåvene, inkl. søknad om mva.kompensasjon.
- Felles mottak og skanning av fakturaer for heile kommunen.
- Utgåande fakturering for alle einingane, og ansvar for innfordring av alle kommunale krav.
- Overordna ansvar for budsjettgrunnlag og oppfølging av dette.
- Ansvar for rutinane for økonomiarbeidet og internkontroll på dette området.
- Overordna ansvar for innkjøp og kontaktpunkt mot innkjøpssamarbeidet på Nordmøre.
- Lønnsarbeid, inkl. refusjon av sjukepengar.
- Daglig finansforvaltning, både på plassering og gjeldssida.
- Saksbehandling for formannskap og kommunestyre i økonomisaker.
- Rettleiing og oppsyn med økonomiarbeidet i einingane.
- Skatteoppkrevjar for kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda, inkl. rettleiing, saksbehandling, tvangsinnekrevjing/ tvangssal og rekneskapskontroll.
- Arbeidsgjevarkontroll, inkl. rettleiing for nye arbeidsgjevarar.
- Eigedomsskattekontor, inkl. saksbehandling for takstnemnda og klagenemnda.
- Administrering av startlån, inkl. sikring av pant/ tinglysing.

Personal og kompetanse

Personal og kompetanse har særleg ansvar for å sette i verk kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk slik den er nedfelt i lov- og avtaleverk, kommunale planar, med særleg vekt på personalplana, og andre kommunale vedtak som gjeld arbeidsgjevarpolitikken.

Personal og kompetanse har ansvar for saksbehandling og oppfølging av vedtak i tilsettingsutvala, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet og sekretærfunksjon andre utval, prosjekt og arbeidsgrupper knytt til kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon.

Personal og kompetanse har eit særleg ansvar for rekrutteringsarbeidet i kommunen, frå ei stilling blir ledig, til evt. utlysing, til vedtak om tilsetting er fatta og kunngjort, inngåing av arbeidsavtalar, og melding til alle som har søkt stillinga. Under tilsettingsforholdet har personal og kompetanse arbeidsoppgåver i forhold til m.a.ulike typar permisjonar,



lønnsfastsetting og forhandlingar, endringar i tilsettingsforholdet, sjukefråværssoppfølging, saker som gjeld yrkesskadar, disiplinärsaker, pensjonsspørsmål og søknader om ulike typer pensjon, oppseiing og avslutning av arbeidsforholdet.

Støtteeininga driv mykje med oppfølging, rettleiing og opplæring til einingane i forhold til den daglege utøvinga av arbeidsgjevarfunksjon, og i saker der einingsleiarane treng særskilt oppfølging og støtte. Personal og kompetansehar også overordna ansvar for kommunen sitt arbeid med helse, miljø og sikkerheit (HMS).

Informasjon og service

Informasjon og service består av følgjande roller/arbeidsoppgåver:

Servicetorg med førstelinje mot ulike kanalar (sentralbord, publikumsmottak, informasjonsmedarbeidar)

Arkiv og politisk sekretariat med ansvar for arkivsystem, postmottak, politiske møte
IKT med ansvar for innkjøp, drift, vedlikehald og opplæring av ikt-utstyr og programvare

Oppvekst og integrering

Denne stabsfunksjonen består av pedagogisk konsulent for barnehage og grunnskule, og Surnadal vaksenopplæring. Det er for tida 2 tilsett som pedagogiske konsulenter, sidan den eine fram til 31.12.15 er prosjektleiar for Barnehageløftet IKT i regi IKT Orkidé i 50% stilling. Barnehageopptak, skuleskyss, Den kulturelle skulesekken, Give me 5, tilsynsansvar som barnehagemyndighet, kompetanse og utvikling på barnehageområdet ligg m.a.her.

I Surnadal vaksenopplæringa er det 5,4 undervisningsstillingar og 2,0 programrådgjevar/miljøarbeidar for flyktningar. Programrådgjevaren har den daglege leiinga av vaksenopplæringa. Heimelen for vaksenopplæringa finn ein i Opplæringslova §4A -1 Grunnskuleopplæring for vaksne og §4a-2 spesialundervisning for vaksne. I tillegg kjem Introduksjonslova for innvandrar med rett eller plikt til norskopplæring med samfunnsfag. For innvandrar kan også introduksjonsprogram vere aktuelt. Dette går over 2 år, med introduksjonsløn, og kan vere samansett av språkopplæring, språkpraksis, grunnskuleopplæring for vaksne eller arbeidspraksis. For innvandrar utan rett eller plikt blir det gjeve tilbod om norskkurs på kveldstid, som dei betaler ein eigendel for.

Plan og utvikling

Plan og utvikling er ein stabsfunksjon med 4 medarbeidarar. Kommunalsjefer ansvarleg for "teamet", som består av plankonsulent, næringskonsulent og rådgjevar.

Våre arbeidsoppgåver er:

- Vere sakshandsamar for Næringsfondet
- Drive det kommunale planarbeidet
- Vere pådrivar for regionalt plansamarbeid



- Vere prosjektleiar for Bulystprosjektet
- Vere pådrivar og utøvar av næringssamarbeid med Sunndal kommune
- Vere pådrivar og utøvar av regionalt samarbeid på entreprenørskap
- Vere pådrivar og utøvar av regionalt og fylkeskommunalt næringssamarbeid
- Vere kontaktledd og samarbeidspart for næringsutvikling med næringslivet
- Vere pådrivar og utøvar av rekrutteringstiltak på vegne av næringslivet
- Vere koordinator og tilretteleggar for busetting av flyktningar
- Kommunalt HoppId kontor; rådgjeving og rettleiing i spørsmål knytt til etablering av eigen bedrift.
- Administrere kjøp og sal av industritomter

Dei mest sentrale lovverka som blir nytta er Kommunelova, Forvaltningslova og Offentlighetslova. I tillegg til lover med eit meir fagleg preg.

2. Utfordringar

Rådmannen / administrasjon

Rådmannen og resten av leiargruppa har ei stadig utfordring med å finne den rette balansen mellom daglig drift og utviklings- / strategiarbeid. Det er svært lett å hamne i den fella at for stor del av tida og fokuset blir retta mot det daglige arbeidet. Vi må samtidig passe så vi ikkje "møter" bort arbeidsdagen, både med tanke på tidsbruk og dei økonomiske ressursane som går når mange samlast rundt møtebordet i (for) lang tid. Som leiarar bør vi alltid sørge for å ha tid til å følgje opp einingane, prate med medarbeidarar osv., men dette er det dessverre ikke alltid like lett å finne nok tid til. Dette må igjen balanserast mot ønske om å prioritere arbeid retta mot sentrale myndigheter (departement, fylkesmannen, fylket, KS osv), eksterne prosjekt, regionalt / interkommunalt samarbeid, lokale bedrifter, frivillig sektor osv..

Økonomi

For 2014 er målsettinga å vidareutvikle og forenkle saksflyten vår på økonomiområdet. Dette ved å:

Ta i bruk nye elektroniske forsystem for direkte input i rekneskapet.

Doble talet på efaktura til private kundar.

Ta i bruk det nye EHF-formatet på efaktura til bedriftskundar.

Sikre gode innkjøp og redusert fakturabehandlingstid ved bruk av eOrdre og Visma eHandel.

Få alle tilsette over til lønsslipp på epost og elektronisk reiserekning.

Kompetanseutvikling

Delta på regionale og nasjonale kurs og konferansar innan fagområdet. Ta i bruk nye verktøy som blir utvikla, og vere pådrivar for oppgradering, rasjonalisering og samarbeid i Romsdal og på Nordmøre.



Personal og kompetanse

Kompetanseutvikling

Det skjer heile tida endringar i lov- og avtaleverk innafor fagområdet vårt, og det er viktig at vi på Personal og kompetanse held oss faglig oppdatert på desse endringane og prøve å vere i forkant av den utviklinga som skjer. Dette er krevjande når vi samstundes skal sørge for at daglege arbeidsoppgåver ikkje blir skadelidande.

Surnadal kommune er ein svært kompleks organisasjon. I tillegg til mange felles problemstillingar innafor personalområdet, har dei ulike einingane svært ulike behov for hjelp og kompetanse frå vår eining. Det sett store krav til variert og spesiell kompetanse i ei lita eining.

Ved tilgang på god kompetanse, ny teknologi og gode arbeidsverktøy må vi prøve å utnytte dei ressursane vi har på ein god måte, prøve å forbetra arbeidsrutinar og vere så effektive som muleg.

Informasjon og service

Kompetanseutvikling

Å halde tritt med teknologisk utvikling og vere i front er krevjande men og svært viktig.

Bemanning

Vi på informasjon og service har funksjonar og roller som må oppretthaldast dagleg. Dette gjeld til døme ikt, postmottak og sentralbord. Slike roller må vi ha overlapp på for å kunne oppretthalde eit godt nok tilbod.

Kapasitet

Bruken av IKT er i stadig utvikling, talet på pc'ar, mobiltelefonar, fagsystem og talet på brukarar aukar år for år. Kravet til oppetid og kapasitet på nettverket blir aukar i takt med bruken av ikt.

Oppvekst og integrering

Hovudutfordringa ligg i vaksenopplæringa. Dersom talet på innvandrar og busette flyktingar fortsett å vekse, vil det vere behov for fleire tilsette. Avdelinga tilbyr i dag norskkurs på kveldstid, i tillegg til fleire grupper med norskopplæring på dagtid. I tillegg har ein oppretta tilbod om grunnskule for vaksne igjen no i haust. Det er stor spreiing i behova, slik at ein vil ha behov for fleire grupper. Vaksenopplæringa flytta inn i nye lokalar hausten 2013, men må truleg vurdere å leige tilleggsareal for å få plass til alle elevane frå 01.08.14.

Vurdering:

Sidan økonomiplanen vart skriven hausten 2013, har ein utvida denne avdelinga med 4,5 årsverk. Der hovudtyngda er knytt til dei ulike undervisningsgruppene ein har. Arealet er også utvida. Pr. no er det busett i alt 44 flyktingar, der 25 var busett i 2014. Av desse er 21



frå Eritrea, 18 frå Somalia og 5 frå Russland. 30 personar deltek på introprogrammet, og av desse går 13 på grunnskule for vaksne. 12 personar er born i alderen 2 til 12 år.

Plan og utvikling

Det er viktig for oss å delta på regionale kurs, sertifiseringar, seminar og kompetansehevande tiltak innan næringsarbeid, rekruttering og busetting. Vi må ha ein oppdatert og framtidsretta kompetanse til å ivareta utviklingsarbeidet.

Vi er 4 personar som har ulike roller, men kan ved mange oppgåver overlappe og hjelpe kvarandre. Vi har som målsetting å selje vår kompetanse i prosjekt og i samarbeid med andre kommunar. Dette skal gje avdelinga og kommunen større handlefridom og effektivisering i utviklingsarbeidet.

Kapasiteten blir fort ei utfordring di fleire oppgåver og prosjekt vi tek på oss. Her er det viktig med ei rolle og ansvarsfordeling slik at vi fordeler ressursane rett.

3. Rådmannen si vurdering:

Kommunen opplever eit stadig behov for bustadar – for innbyggjarar i alle aldrar og kategoriar, noko som er eit godt teikn for eit lokalsamfunn. Næringslivet går også godt i dei fleste bransjane, og spesielt er det gledeleg å sjå veksten og alle dei nye bygga i industriområdet i Røtet. Det er difor viktig å legge til rette for nye bustadfelt og industrietableringar i alle delar av kommunen, noko som også er lagt inn i investeringsplana.

Vi har det siste året hatt sterkt fokus på informasjon, utviklingsarbeid og omdømmebygging – gjennom fleire parallelle prosjekt. Dette har vi lykkast rimeleg bra med – men det gjenstår framleis mykje arbeid på dette feltet også. Framover må vi bli enda dyktigare til å gi service til innbyggjarar m.m. på digitale kanalar, men vi har gjort store skritt i rett retning. Det blir også spennande å sjå korleis vi klarer å inkludere flyktningane våre i kommunale tenester og i kommunen elles i åra framover. Så langt ser det svært bra ut etter rådmannens oppfatning.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2013
100 Rådmannen	27 224	27 113	111	26 097

Vurdering

Ønska bemanningsreduksjon i kommunen (20 årsverk over 3 år) er foreløpig «saldert» mot ansvar 100 Rådmannen. På ei anna side kjem økonomien knytta til integrering og opplæring av flyktningane våre inn under eininga sin aktivitet. Totalt sett kjem ein i mål med eit lite meirforbruk.



Politisk verksemd

Ansvar 150 Politisk verksemd

Ein har valt å leggje all økonomi knytt til politisk verksemd under eit eige ansvar. Dette er:

- Ordførar 100% stilling, varaordførar 50% stilling fram til august 2014 og 30% frå 01.09.14
- Kommunestyre, formannskap og hovudutvala
- Ungdomsråd, eldreråd, rådet for funksjonshemma
- Klientutval
- Kontrollutvalet
- Overformynderiet
- Valstyret

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2013
Politisk verksemd	4 076	4 264	-188	4 770

Vurdering:

Budsjett til politisk verksemd vart frå 2013 til 2014 redusert med om lag kr 700 000,- . I tillegg brukte ein kr 188 000,- mindre enn budsjettet for 2014 .

Utvikling



Kongebesøk 22. mai. 2014

Foto: Nathan Lediard



1. Aktivitet

Utviklingsavdelinga i kommunen begynner å finne sin plass i organisasjonen, men ser enda behov for å finne optimale måtar å nytte kompetansen på. Både i avdelinga og i samarbeid med resten av organisasjonen. Kulturavdelinga er den einaste eininga i denne avdelinga med einingsleiar Lilli Husby, som har med seg ein stab på omlag 10 personar. Elles er det plan og utviklingsavdelinga med 4 tilsette som utgjer staben for utviklingsavdelinga.

Ansvar 130 Kultur

I kulturplanen heiter det: *"Kunst og kultur har ein viktig eigenverdi og kan ikkje reduserast til middel for å nå andre mål. Såleis står den enkelte sine opplevingar og utvikling i sentrum. Kulturaktivitet og kulturoppleving er òg ein berebjelke for lokal og regional identitet, trivsel og utvikling. Kultur er viktig for å skape attraktive lokalsamfunn for næringsutvikling og verdiskaping. Den har derfor meirverdi knytt til trivsel, bulyst, folkehelse, omdømmebygging, rekruttering, kompetanse, innovasjon og nyskaping".*

Kulturavdelinga er organisert med seks områder:

1. Ungdom; Barne- og ungdomsarbeid og fritidsklubben
 2. Frivillighet; Frivillige lag og organisasjoner (idrett og friluftsliv)
 3. Bibliotek
 4. Kino
 5. Kulturhuset
 6. Kulturkontoret; Kulturvern, bygdebok, museum, kulturhus og fordeling av kulturmiddlar etc.
- Organisasjonen består av einingsleiar, kulturhusleiar, kinomaskinist og servicearbeidarar på kinoen, biblioteksjef og to konsulentar ved biblioteket, barne – og ungdomsarbeidrarar på ungdomsklubben og ein ungdomskonsulent, i tillegg har vi to prosjektstillingar i bygdebokprosjektet.

Kommunen eig bygningane ved Åsen bygdemuseum, Svinviks Arboret og Kleiva, og vi er konsolidert inn i Nordmøre museum som står for drifta av anlegga av Surnadal museum.

Plan og utvikling

Plan og utvikling er ein stabsfunksjon med 4 medarbeidrarar. Kommunalsjef som er ansvarleg for "teamet", som består av ein plankonsulent, ein næringskonsulent og ein rådgjevar. Arbeidsoppgåvene til avdelinga er både prosjektretta og med fleire tyngre stabsfunksjonar på oppdrag frå rådmannen. Næringsutvikling, rekruttering, busetting av flyktingar, planarbeid og tilrettelegging for å få eit attraktivt bu- og arbeidsområde.



Utviklingsområde

Særskilde fokusområde i 2014

Kultur: Arbeide med å utvikle fritidsklubben og lokalitetane der til mellom anna ein ungdomsbase i samarbeid med ungdomsrådet og frivillige.

Utvikling: Lage nye industritoromter og utarbeide salgsmatriell, sette i gang prosess for å etablere eit selskap for Surnadal Hamn, få etablert eit samarbeid med Sunndal på reiseliv og tilsette reiselivskoordinator, drive målretta og berekraftig næringsutvikling etter næringslivet sine behov, samarbeide regionalt for å få til eit løft i næringsutviklinga, få Sjekk Nordmøre i godt driv, få bolystprosjektet i god drift og forankring i samarbeid med Sunndal. Busette flyktningar og legge til rette for familiegjenforeining.

2. Satsingsområde

Satsingsområde 1: Befolkningsutvikling og kompetanse

Mål: "Eit robust og stabilt folketal for å oppretthalde eit godt tenestetilbod og nok, god og rett arbeidskraft og kompetanse".

Kultur

Legge til rette for arrangement, tema - og litteraturutstillingar og brukarorienteringar på biblioteket.

Infopakke/velkomstpakke til nyinnflyttarar i samarbeid med ungdomsrådet

Stimulere til historielagsarbeid i nedre og øvre Surnadal, Bæverfjord og Bæverdalen.

Vurdering:

Biblioteket er i ei god utvikling med tanke på arrangement, det vart i 2014 satt i gang to prosjekt opp mot nyinnflyttarar i kommunen, det eine går på barnetreff og det andre er nye vaksne som blir invitert på temakveldar. Desse treffa er sjølvsagt opne for alle.

Det er no kome på plass ei infopakke som blir delt ut til nyinflyttarar fra sørvestorget, dette har vært eit samarbeid mellom utviklingsavdelinga og mellom anna ungdomsrådet.

Det er no lagt opp til historielagsarbeid i nedre Surnadal, der Øra vel har gripe tak i dette fokuset, det ser òg ut til at det er ei gruppe i Øvre Surnadal som har fokus på denne type arbeid der oppe.

Plan og utvikling

Bidra til auka innbyggjartal ved å rekruttere arbeidskraft gjennom sjekk Nordmøre,

Utpågang, annonsering og omtale i aviser, magasiner og sosiale media og rekrutteringstiltak i samarbeid med Sunndal.

Vurdering:

Folketalet har auka, men det er vanskeleg å peike på spesifikke tiltak som årsak til dette. Det



er like vel avgjерande at fokus på utvikling og vekst i samfunnet minskar sjansen for stagnasjon og tilbakegang. Det vil i så fall slå uheldig ut på alle samfunnsfunksjonar. Bolystprosjektet har funne ei god form for å drive integrering i lag med frivillige lag og organisasjonar. Vi vil trekke frå Surnadal Idrettslag og Røde Kors spesielt i denne samanhengen. Det er tydeleg at fokus på dette området og ei pengemessig støtte er med å aukar bevisstheit og innsats for å ta med seg sine nye sambygdingar i fritidsaktivitetar. Marknadsføring og rekrutteringstiltaka har etter kvart vorte kjent og det er lettar å få oppslutning og deltaking i dei ulike tiltaka. Både annonsering og deltaking i magasin som Nærings i Midt - Norge og eige magasin Utpågang har vorte gode kanalar for å skape eit godt omdømme og marknadsføre kommunen.

Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår

Mål:

"Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel.".

Kultur

Tiltak:

Styrke fritidsklubben og vidareutvikle aktiviteten.

Stille krav til at offentlege festarrangørar gir barn og unge den beste beskyttelsen som m. a alkohollova har til hensikt å gi.

Vurdering:

Fritidsklubben og aktiviteten der skulle hatt eit enda større fokus i 2014, dette arbeidet vidarefører vi inn i 2015.

Plan og utvikling

Tiltak:

Snøkanonanlegget i Surnadal Alpinsenter vart teke i bruk i rom jula og det har vore til stor glede for både liten og stor.

Vurdering:

Det har vore mange diskusjonar og mykje omtale i media om investeringa i snøkanonanlegget. Det vil vi ikkje gå inn på her. Det som er heilt sikkert er at dette har vorte eit flott anlegg som gir alpininteresserte eit meir stabilt og godt tilbod, og ikkje minst til dei som ikkje finn seg til rette i det organiserte fritidstilbodet og kan nytte dette anlegget i "fri dressur".

Det har også gitt reiselivsnæringa at flott aktivitetstilbod som dei kan legge til i sin meny.

Vi er og sikker på at dette vil være med å auke omdømmet og bolyst i kommunen.

Satsingsområde 3: Næringsutvikling

Mål: *"Utvikle og skape fleire arbeidsplassar innafor reiseliv generelt og natur- og kulturbasert reiseliv spesielt, da basert på våre lokale ressursar, som laksefiske, jakt og anna fiske, rein natur og friluftsliv".*

Tiltak:

Plan og utvikling



I samarbeid med våre nabokommunar Rindal, Halsa og Sunndal utvikle og styrke arbeidet med å drive produktutvikling og tilrettelegging for næringsutvikling basert på våre naturgitte føresetnadar. Tilsette reiselivskoordinator i samarbeid med Sunndal. Vidareføre kunnskapen om og arbeidet med Opplev Trollheimen.

Vurdering:

Søknader til næringsfondet har vel aldri merka så stor pågang verken på talet på søknader og størrelse på beløp. Det same gjelder for gründeraktiviteten i form av søknader til HoppId konsulenten.

Nettverkstreff mellom bedrifter i regi av samarbeidet mellom Sunndal og Surnadal har fått god oppslutning og har eit godt omdøme. Det same opplever vi med fleire av tiltaka i dette samarbeidet med Sunndal.

Satsingsområde 4: Folkehelse og levekår

Mål:

"God helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar".

Tiltak:

- Legge til rette for funksjonshemma t.d. rullestoltrasear og fiskeplassar.
- Merking av tur og kulturminnestiar.
- Sikre lågterskeltilbod til barn og unge med psykiske vanskar.

Vurdering:

Kultureininga har hatt stor fokus på merking av stiar, områda Nordvik, Bøfjorden og Bæverfjord har no eit godt og stort stisystem som er nasjonalt merka. Surnadal har òg mange turar inne i det populære turmålfinnaren morotur.no på nett. Dette er ei nettside som Møre og Romsdal fylke driv, der kommunane kan legge ut turane sine: www.morotur.no.

Surnadal er i skrivande den kommunen på Nordmøre som har flest registrerte turar på denne nettsida med 37 turar, Gjemnes og Sunndal har og over 30 turar. Surnadal kommune vart i 2014 medlem av friluftsrådet og fikk på den måten mulegheit til å blir med inn i Stikk Ut satsinga, dette har ført til enda fleire merka stiar og mykje folk ut på tur.

Satsingsområde 5: Kultur – omdømme – identitet

Mål

"Vi skal skape eit raust samfunn prega av mangfold, toleranse, utfordringar og utvikling for den enkelte – og for kvarandre - der kulturlivet skal vere ei drivkraft i formainga av vår identitet og vårt omdøme".

Tiltak:

- Arbeide med å laga nye og oppdaterte bygdebøker for heile Surnadal kommune- med mål om å gi ut første bok i november 2014.
- Løfte fram og nyttiggjere oss eldre kulturminne frå dei første spor av menneskelege aktivitet og busetting i kommunen fram til i dag. Dette gjerast med tanke på å styrke



lokal identitet, auka kunnskap om vår lokale historie, samt styrking av reiselivsnæringa i kommunen.

- Lage gode møteplassar for integrering av tilflyttarar, både arbeidsinnvandring og flyktnigar. Her vil frivillige lag og organisasjonar spele ei viktig rolle.

Vurdering:

Bygdebokprosjektet skulle ha gitt ut den første boka (Todalsboka) på november i 2014, dette viste seg å vere for knapp tid til den første boka. Den vil komme ut på november i 2015. Vi er heilt avhengige av frivillig arbeid inn i dette prosjektet for å få til den kvaliteten som må til. Indre Nordmøre Sleksforum har hatt eit parallelt prosjekt over fleire år som går ut på å digitalisere kyrkjebøkene, dette arbeid er viktig med tanke på å få retta opp feil som finns i dei gamle bøkene. I tillegg har vi mange andre frivillige inn i arbeidet, omlag 150 personar totalt. Det arbeidet disse gjer er eit vere eller ikkje vere for heile prosjektet. Kommunen har forskotert prosjektet med om lag tre millionar til no, noko som skal tilbakebetalast gjennom inntekter av boksal. Når heile prosjektet er ferdig vil den frivillige innsatsen utgjere ein økonomisk ressurs på 14 000 000 kroner. Einingsleiar stiller gjerne opp i eit kommunestyremøte for å informere kommunestyret om prosjektet.

Vi er godt i gang med inkluderingsarbeidet. Men dette er eit arbeid som ikkje blir gjort ein gong og så er ein ferdig, her krevjas det at ein arbeider jamt og trutt opp mot frivillige lag og organisasjonar og samfunnet elles.

Satsingsområde 6: Tettstads- og arealutvikling

"Legge det fysiske miljøet til rette for å skape best muleg trivel og utvikling i heile Surnadal kommune".

Tiltak:

- Ta vare på og utvikle dei fritidstilboda vi har i kommunen, samt vurdere å etablere nye aktivitetar knytt til eksisterande anlegg.
- Kleiva - bruk og utvikling av området og husa.
- Kallastuå framtidig bruk og status.
- Arbeide med planane for ein storhall/fleirbrukshall.

Vurdering:

Det er gjort eit arbeid opp mot utvikling av området på Kleiva, mellom anna med tanke på ein friluftsscene, dette vart stoppa i budsjettprosessen.

3. Kvalitetsarbeid

Særskilde område det vil bli arbeidd med i 2014.

Mål:

Vi skal systematisere vårt kvalitetsarbeid og implementere det nye i heile avdelinga og i kultureininga

Tiltak:

- Vi fortsett arbeidet med gjennomgang av rutinar og prosedyrar.



- Heile prosessen blir dokumentert.

Vurdering:

- Dette er eit kontinuerleg arbeid som vi enno ikkje er i mål med

4. Utfordringar

I budsjettet for 2014 beskriv vi kva som ville bli dei største utfordringane for kultureininga. Her vart drifta av kulturhuset trekt fram, noko som vi no ser stemmer. Det er dei økonomiske transaksjonane som har vært utfordrande, elles vil eg påpeike at vi har eit godt samarbeid med hotellet. Dette samarbeidet har blitt enda betre etter at kultureininga har flytta over til kulturhuset.

Plan og utvikling

Utfordringane er i hovudsak å få til gode investeringar som kan prioriterast, samstundes som ein må kutte driftskostnader og redusere planlagde investeringar. Det er viktig å arbeide langsiktig, slik at dei gode tiltaka kjem inn i kommuneplanen og finn sin rettmessige plass i investeringsbudsjettet. Samarbeid på tvers av fagområde er og ei utfordring som vi ser har eit stort potensiale til effektivisering.

Næringsfondet har stor pågang og det er ei utfordring å gjøre dei rette prioriteringane og dei retta vala i høve til det som er berekraftig og framtidsretta. Samstundes er det eit godt teikn at det er stor etterspurnad.

Samarbeidet om Næringsutvikling med Sunndal har vore vellukka så langt, og fleire nye tiltak har funne si form. Vi har likevel eit stykke fram til at tilskott til bedriftsretta tiltak vert kjent og nytt i den grad det er lagt til rette for. Samarbeid og dialog med resten av næringsutviklingmiljøa på Nordmøre er og viktig for å løfte blikket og tenke regionalt. Vi arbeider tett og godt med SIV – inkubator og dei nettverka som er etablert i Den Gode Maten, In2Offshore og Trenettverket.

5 Rådmannen sin kommentar

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2013
Kultur	10 127 158	7 522 000	2 605 158	7 084 267

Vurdering:

Kultureininga hadde i 2014 sviktande inntekter på kino og i arboretet, dette er avhengig av mellom anna tilbod, blomstring og vær. På tilskotsida kom vi ut med eit meirforbruk på om lag 250 000, dette er teke tak i og formannskapet hadde ei sak om tilskotsordninga i 2015, til orientering, på januarmøtet. Der vi hadde største utfordringane økonomisk i 2014 var med drifta av kulturhuset og dei økonomiske transaksjonane rundt dette. Dette vart òg omtala i årsplan for 2014 som ei utfordring.



Oppvekst

1. Aktivitet

BEST BUNNADAL
KUNNSKAPSAPPARTEMENT
Meld. St. 24
ØRED-2013
Melding til Stortinget
Framtidens barnehage

Ansvar 223 – 225 Barnehage

Surnadal kommune har 9 barnehagar; 8 kommunale og 1 privat. 4 av desse barnehagane ligg i Nedre Surnadal. I grendene Bæverfjord, Bøfjorden, Mo, Stangvik og Todalen er barnehagane ein del av oppvekstsentera med grunnskulane under felles administrativ leiing.



Tenesta barnehage er regulert av Lov om barnehagar og "Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver". Hovudmålsetting for barnehagane i Surnadal kommune er: "Barnehagane i kommunen skal gje alle barna eit likeverdig, mangfoldig og kvalitativt godt barnehagetilbod". Prognose over fødde og busette barn i førskulealder fordelt på krinsane:

Fødselsår Skulekrins	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Bæverfjord	3	1	3	2	2	3
Bøfjorden	4	2	2	2	5	1
Mo	2	5	7	4	6	0
Stangvik	6	12	12	7	6	10
Todalen	1	2	3	4	3	6
Øye	30	30	28	34	43	38
SUM	46	52	55	54	65	58

Kjelde: SSB pr. 01.01.14

Ansvar 231 – 237 Grunnskule

Surnadal kommune har 3 oppvekstsenter, 1 barneskule og 1 ungdomsskule.

Desse har saman med skulefagleg ansvarleg ansvar for:

- Eit godt og teneleg grunnskuletilbod til elevar mellom 6 og 16 år
- Tilpassa tilbod til funksjonshemma elevar i barnehage og grunnskulen
- Tilbod om skulefritidsordning (SFO)
- Opplæringstilbod til ulike grupper vaksne
- Gi kompetanseheving til undervisingspersonale og andre tilsette i tråd med Kunnskapsløftet
- Leggje til rette for utvikling av skulane som lærande organisasjoner

BEST BUNNADAL
KUNNSKAPSAPPARTEMENT
Meld. St. 20
ØRD-2013
Melding til Stortinget

På rett vei
Kvalitet og mangfold i læringsmiljø



BEST BUNNADAL
KUNNSKAPSAPPARTEMENT
Meld. St. 22
(ØRD-2013)
Melding til Stortinget


Motivasjon – Mestring – Muligheter
Ungdomsskolen





Grunnskuleopplæringa er regulert av Opplæringslova av 17.07.1998 med endringar, og Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Prognose over elevtalsutvikling i perioden 2010 - 2025:



Kjelde: SSB fødde og busette 0-16 år pr. 01.07.13

Særskilde fokusområde i 2014


- Barnehageløftet IKT
- Skuleløftet IKT
- Vurderingsløftet – Vurdering for læring (Nasjonal satsing, 4.pulje) og spesialpedagogikk
- Skulebasert kompetanseutvikling på ungdomstrinnet (Nasjonal satsing, pilot og 1.pulje)

Surnadal kommunestyre vedtok i juni 2013 Oppvekstplan – Kultur for danning 2012- 2015.

Visjon – "Kultur for danning"

Visjonen for oppvekstsektoren i Surnadal kommune er å skape "Kultur for danning", der barnehagar og skular saman med foreldre og samfunnet elles bidreg til å dyktiggjere barn og unge til å delta og møte eit samfunn i stadig utvikling . Dette handlar mellom anna om ein god kultur for å vere saman, ein god kultur for foreldresamarbeid, kultur for å lytte, lære, formidle og utvikle digital kompetanse, og ein kultur for å dele og gjere kvarandre gode.

"Sluttmålet for opplæringen er å anspore den enkelte til å





realisere seg selv på måter som kommer fellesskapet til gode – å fostre til menneskelighet for et samfunn i utvikling (Generell del L97 s. 50).

Mål og tiltak under satsingsområde er henta frå planen.

2. Satsingsområde

Satsingsområde 1: Befolkningsutvikling og kompetanse

Barnehage

Mål:

- Full barnehagedekning med god kvalitet.
- Rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft.
- Vidareutvikle og auke kompetansen i personalet målretta i tråd med satsingsområda i perioden.

Tiltak:

- Bruke ekstra areal i skulane ved behov for utviding ved oppvekstsentrar.
- Løyve naudsynte ressursar til tilsette ved utviding av barnegrupper i barnehagane ved ekstra behov for barnehageplass.
- Gi tilbod om etter- og vidareutdanning i tråd med strategiar og lokale behov i kvar Eining.

Vurdering:

Midtgrenda:

Vi har hatt dei ressursane vi har trонge for 2014 i forhold til barnetalet og barn med særskilte behov, men nokre av fastpersonalet har vore langtidssjukmeldte, og vi har vore heilt avhengige av vikarar for å halde eininga i gong både i forhold til kvaliteten på tilbodet!

Øye og Skei:

Vi har full barnehagedekning i kommunen. På Øye og Skei barnehagen har vi i barnehageåret 14/15 eit prosjekt gåande som tek sikte på auke kvaliteten i det daglege samspelet. Vi tek for oss sentrale, daglegdagse aktivitetar og vurderer dei med tanke på språk, åtferd, organisering og vaksenrolla.

Grunnskule

Mål:

- Utvikle skular med god kvalitet.
- Rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft.
- Vidareutvikle og auke kompetansen i personalet målretta i tråd med satsingsområda i perioden.

Tiltak:

- Utvikle Mentor - ordningar, og rettleie vikarar og andre.
- Vurdere kompetansebehov ved ledige stillingar.
- Gi tilbod om etter- og vidareutdanning i tråd med strategiar og lokale behov i kvar eining.

Vurdering:

Bøfjorden og Bæverfjord:

Ein tilsett i gang med vidareutdanning i 2014.



Mo:

Ein tilsett på vidareutdanning 2014

Todalen og Stangvik:

Tre tilsette på vidareutdanning i 2014.

Øye:

Skulen hadde våren 2015 fire og hausten 2014 sju lærarar på vidareutdanning

Vi er i ferd med å gjennomføre lokal vurderingsprosjekt

Vi har hittil hatt god tilgang på kvalifiserte lærarar

Surnadal ungdomsskule:

Arbeidet med prosjektet «Skulebasert kompetanseutvikling» (SKU) og «Vurdering for læring» har sett tydelege spor etter seg på Surnadal ungdomsskule og ført til auka kvalitet i læringsarbeidet både for elevar og tilsette. Rekruttering av ny kompetanse og vidareutdanning i fag, har også vore viktige bidrag til denne utviklinga.

Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår

Barnehage

Mål:

- Barna skal utvikle godt språk-, god lese- og skrivekompetanse.
- God organisering og godt innhald med fokus på barn si medverknad i barnehagedagen.
- Sikre digitalt kompetente barn og unge som kan møte framtidens krav.

Tiltak:

- Utarbeide rutinar og prosedyrar for å vurdere til ei kvar tid organisering og innhald i barnehagedagen, tilpassa barna sine evner og behov -fokus på Rammeplana.
- Utarbeide lokale rutinar og prosedyrar for å sikre barn og foreldre sin medverknad .
- Utarbeide felles plan for IKT- Nettverk Orkidé –og lokal tilpassing til barnehagane.

Vurdering:

Midtigrenda:

Vi har i 2014 arbeidd med språklæring spesielt i førskulegruppa. Fokus på lesestund stort sett kvar dag har vi fått gjennomført. –Vi har gjennom fleire år fokusert på god organisering av bhg.dagen til det beste for barn/personalet –det har vi og halde fokus på i 2014.

Rammeplan og bruk av fagområda - gjennom temabolkar.

Barn - og foreldra sin medverknad: sett fokus på dette, spesielt foreldremøte hausten 2014.

Temaet var sosial kompetanse, vennskap og handlingsplan mot mobbing. I etterkant har vi arbeidd mykje med dette temaet i barnegruppa. Temaet må settast fokus på jamnleg.

IKT - satsing: vi starta våren 2014 med opplæring for leiarar og bhg. tilsette, og har sett oss ein del mål for innkjøp og bruk av IKT -verkty inn mot m.a. læring for barna. Dette skal vidareførast i 2015.



Øye: og Skei:

Vi driv målretta med å utvikle godt språk-, god lese- og skrivekompetanse i barnehagen. Dette arbeidet skjer tett knytt opp mot enkeltbarn og dei gruppene vi har i vår barnehage. Vi har gode rutinar for å sikre medverknad for barn og foreldre. Barnehagen er representert i IKT - nettverk for Orkidé som skal utarbeide felles IKT - plan for barnehagane i vår region.

Grunnskule

Mål:

- Gi barna medverknad etter alder og modning.
- God samhandling med foreldre/føresette.
- Sikre digitalt kompetente barn og unge som kan møte framtida sine krav.

Tiltak:

- Vidareutvikle og implementere Vurderingsretteliaren for å gi god vurdering tilpassa elevane sine evner og behov.
- Auke pedagogisk bruk av IKT og LMS for å betre informasjonen og høve til samhandling med heimane.
- Følgje opp manifest mot mobbing.

Vurdering:

Bøfjorden og Bæverfjord:

Fronter er meir i aktivt bruk både som informasjonskanal og i arbeidet med vurdering. Vi har også ei godt besøkt Facebookside.

Mo:

Arbeider med Vurdering for læring og med å auke bruken av Fronter som kontaktarena med heimane.

Todalen og Stangvik:

Pågående prosjektarbeid innan vurdering for læring. Open dialog med føresette og godt samarbeid med FAU. Elevundersøkinga peikar på elevmedverknad som utviklingsområde.

Øye:

Aktivt elevråd med jamlege møte.

Temaet godt læringsmiljø er oppe på alle møte i elevrådet og klasseråda og blir tatt opp i kollegiet jamleg. Følgjer opp bekymringsmeldingar.

Arbeider med å få auka bruken av Fronter.

Surnadal ungdomsskule:

Det er framleis rom for forbetring når det gjeld elevmedverknad, - både når det gjeld undervisning og vurdering. Foreldresamarbeidet er godt, men kan utviklast enno meir. Arbeidet med «Vurdering for læring» er godt i gang, men vi må halde trykket oppe for å utvikle skulen vidare på dette området.



Satsingsområde 3: Næringsutvikling

Barnehage og grunnskule

Mål:

- Auke talet på pedagogar i barnehagane.
- Ha universelt utforma barnehagar og skulebygg.
- Auke arbeidet med entreprenørskap i barnehagane og skulane.

Tiltak:

Barnehage

- Vurdere kompetansebehov ved utlysing av ledige stillingar.
- Leggje til rette for at assistentar/barne- og ungdomsarbeidarar kan få ta arbeidsplassbasert forskulelærarutdanning.
- Innarbeide entreprenørskap som del av handlingsplanen for kultursekkjen for barnehagen.

Vurdering:

Midtigrenda:

Det er eit godt samarbeid med administrasjonen / Personal - og kompetanse når vi skal sjå på behov for kompetanse og pedagogisk bemanning i bhg. Det har vore viktig at einingsleiar har fått uttale seg om behova på sin bhg. for at kvaliteten skal bli best muleg!

Hausten 2014: tilrettelagt for at barne - og ung. fagarbeidar kunne byrje desentralisert barnehagelærarutdanning.

Det er laga Entreprenørskapsplan i bhg./skule i løpet av 2014. Den skal på høyring og godkjennast våren 2015.

Øye: og Skei:

Vi har meir personale med høgskuleutdanning enn norma seier vi skal ha.

Barnehagen er representert i arbeidsgruppa som driv og arbeider med plan for entrepenørskap i barnehagen.

Grunnskule

- Vurdere kompetansebehov ved utlysing av ledige stillingar.
- Leggje særleg vekt på universell utforming ved pedagogisk tilpassing av skulebygget på Øye skule.
- Innarbeide entreprenørskap som del av handlingsplanen for kultursekkjen for skule.
- Gjennomføre Gründercamp for 9.trinn på Surnadal ungdomsskule.

Vurdering:

Bøfjorden og Bæverfjord:

Godt i gang med entreprenørskap gjennom eiga Kulturplan, men har ein veg å gå i forhold til ny entrepenørskapsplan.

Mo:

Ta vare på og utvikle dei entreprenørielle verksemdene vi har.

Todalen og Stangvik:

Arbeide med entrepenøriell tilnærming i undervisninga.



Øye:

Ser Inn på Tunet og uteskule som arenaer for entreprenøriell verksemd

Viktig å få sett entreprenørplanen ut i aktiv bruk

Surnadal ungdomsskule:

Kompetansebehova har vore retningsgivande for utlysing av stillingar og rekruttering av nye medarbeidarar. Gründercamp for 9.trinn er gjennomført med godt resultat.

Entreprenørskapssatsinga vår er no med i dei felles kommunale planane på dette området.

Satsingsområde 4: Folkehelse og levekår

Barnehage og grunnskule

Mål:

- Førebyggje, avdekke og stoppe mobbing.
- Gi eit godt tilbod om fysisk aktivitet.
- Betre kontakten og dialogen mellom heim og barnehage/skule.

Tiltak:

- Følgje handlingsplanen mot mobbing Zebra og Zero.
- Bidra til god helse hos barna ved å legge vekt på fysisk aktivitet og sunt kosthald.
- Etablere felles kommunale foreldreutval for barnehagar og skular.

Vurdering:

Midtigrenda:

Vi har bruka handlingsplan mot mobbing hausten 2014 inn mot foreldra på foreldremøte, og i situasjonar i bhg.kvarden. Arbeidet er ikkje ferdig, dette er ein kontinuerleg prosess.

Barna får tilbod om fysisk aktivitet kvar dag, både inne og ute. Vi er fast på turdag for kvar storbarnsgruppe 1 gong pr. veke. Vi har hatt fokus på sunt kosthald til alle måltid.

Foreldrutvalget (FAU) har fungert godt i 2014, engasjerte foreldre med fokus på tett samarbeid med bhg.

Øye: og Skei:

Vi har jobba med stødig kurs etter Zebra for barnehage. No har vi i barnehagane fått ein ny handlingsplan mot mobbing.

Vi legg vekt på å tilby barna ved eininga mykje fysisk aktivitet og eit sunt kosthald.

Bøfjorden og Bæverfjord:

Arbeider kontinuerleg med læringsmiljøet gjennom Zero. Har eit stort uteareal for allsidig leik, og hausten 2014 fekk vi skulemåltid med varmmat 2 gonger pr veke.

Mo:

Årleg gjennomgang og revidering av handlingsplana mot mobbing. Arbeider kontinuerleg med å utvikle haldningar mot mobbing gjennom samtalar med enkeltelevar og på allmøte. Utbetringa av uteområdet gjev større moglegheiter for fysisk aktivitet.

Todalen og Stangvik:

Handlingsplan mot mobbing har vore revidert, og er i aktiv bruk. Fysisk aktivitet er timeplanfesta, og uteområdet gjev gode høve for mange aktivitetar. Kantinedrift og dagleg utdeling av frukt og grønt.



Øye:

Skulen har per i dag ikkje lokale for kantinedrift, men ser fram til nybygg med kantine
Aktivt arbeid med elevane sitt læringsmiljø gjennom elevråd, klasseråd, arbeid i klassane og
felles arrangement for klassar, trinn og skulen

Surnadal ungdomsskule:

Skulen har jobba aktivt med å førebygge mobbing, - ikkje minst gjennom sterkt satsing på
MOT. Handlingsplanen mot mobbing er aktivt bruka og er til god hjelp i handtering av
aktuelle saker.

Satsingsområde 5: Kultur – omdømme - identitet

Barnehage og grunnskule

Mål:

- Styrke individuell og felles identitet i eit raust fellesskap prega av mangfald og
toleranse.
- La barna utvikle kulturinteressene sine.

Tiltak:

Barnehage

- Gjennomføre den årlege barnehagedagen for 5-åringane på Surnadal kulturhus.
- Gjennomføre vedtekne tiltak i handlingsplanen for Kultursekkjen.
- Bidra i utarbeidninga av årleg handlingsplan for Kultursekkjen.

Grunnskule

- Gjennomføre "Give me 5" – koret årleg for 5.trinn ved skulane.
- Gjennomføre 10.trinns - prosjekt årleg ved Surnadal ungdomsskule.
- Gjennomføre vedtekne tiltak i handlingsplanen for Kultursekkjen.

Vurdering:

Midtigrenda:

Barnehagedagen 2014 vart arrangert for førskulegruppene i bhg. v/Mo oppvekstsenter.
Vi har fulgt plana for Kultursekkjen der vi har hatt besøk av ulike teaterframstyringar.

Øye: og Skei:

Vi har vore med på den årlege barnehagedagen. Øye og Skei barnehage har hatt besøk av
aktørar engasjert gjennom kultursekkjen.

Vi har gjennomført tiltaka i handlingsplana for kultursekkjen. I tråd med Rammeplan for
barnehagen gir vi barna høve til å oppleve kunst og kultur, og til å sjølve å uttrykkje seg
estetisk. Både lokale og nasjonale kulturverdiar er representert i vår verksemd.

Bøfjorden og Bæverfjord:

Har gjennomført vedtekne tiltak i handlingsplanen for Kultursekkjen.

Mo:

Har delteke på arrangement gjennom kultursekkjen og GM5.



Todalen og Stangvik:

Aktiv bruk av digitale media i samfunnskontakten. Lag og organisasjonar benytter lokalitetane på begge avdelingar. Mykje utleige også til private på avd. Stangvik.

Øye:

Vellykka gjennomføring av tradisjonell juleavslutning med 320 barn og 60 vaksne i Storstua i kulturhuset

Give me 5» saman med alle dei andre barneskulane

Mykje god kultur gjennom Kultursekk og eigenprodusert kultur

Leseveke

Miljøveke

Surnadal ungdomsskule:

10.trinnsprosjektet vart også i 2014 gjennomført med høg kvalitet og stor entusiasme.

Kultursekk - tilboda blir bruka aktivt i undervisninga.

Satsingsområde 6: Tettstads- og arealutvikling

Barnehage

Mål:

- Leggje til rette for gode trafikkforhold kring barnehagane .

Tiltak:

- Ny parkeringsplass Øye barnehage.

Vurdering:

Midtigrenda:

Vi har kjøreregler for parkering ved bhg. sitt område, og har hatt fokus på korleis vi skal gå på turar utanfor bhg. Alle barna har refleksvestar når vi går ut frå bhg.

Øye: og Skei:

Ny parkeringsplass er opparbeida og teke i bruk. Plassen er ikkje asfaltert og utgård er ikkje på plass enda.

Øye og Skei barnehage har ein eigen trafikksikringsplan som sikrar at barna blir teke godt vare på når vi beveger oss utanfor porten på barnehagen.

Grunnskule

Mål:

- Leggje til rette for at fleire skuleelevar syklar og går til skulen.

Tiltak:

- Vurdere ein ny gang- og sykkelveg til Øyeområdet.
- Ny busslomme og parkeringsareal på Stangvik oppvekstsenter.

Vurdering:

Bøfjorden og Bæverfjord:

Ingen særskilde tiltak.

Mo:

Ingen særskilte tiltak.



Todalen og Stangvik:

Ny busslomme og parkeringsareal på Stangvik oppvekstsenter utsett til 2016

Øye:

Betra trafikkforhold etter nytt parkeringsareal ved hovudvegen og framom Øye barnehage. Det er starta regulering av trafikken ved innkjøring/parkering i vest m.a. med ei rundkjøring (kiss and drive). Forbod mot bilkøyring (utanom varetransport og handicap) på skuleområdet så lenge skule og SFO er ope

Surnadal ungdomsskule:

Noko betra trafikkforhold ved at det er opparbeidd nytt stort parkeringsareal ved hovudvegen før oppkøyringa til skulane.

3. Kvalitetsarbeid

Barnehage og grunnskule

Mål:

- Systematisere og forenkle kvalitetssystemet for oppvekst.
- Arbeide med tidleg intervasjon og tidlege tiltak for dei yngste barna.
- Arbeide med betre oppfølging av læringsarbeidet til elevane.
- Særleg fokus på fleirspråklege barn.

Tiltak:

- Arbeidet med utvikling av nytt kvalitetssystem held fram.
- Ta i bruk kartleggingsverktøyet ASQ-SE for dei yngste barna i barnehagen
- Meir systematisk bruk av kartleggingsverktøy i skulane.
- Ta i bruk Plan for fleirspråklege barn.

Vurdering frå barnehage og grunnskule:

Godt i gang med å ta i bruk Kvalitetslosen. ASQ - SE er implementert og i bruk i alle barnehagane. Arbeidet med dei ulike kartleggingane er meir aktivt enn tidlegare. Etablert nettverk i barnehagane for dei som arbeider med fleirspråklege barn.

4. Utfordringar

Midtigrenda barnehage:

- Hatt mange barn med særskilde behov, årsak til meirforbruk, færre no.
- Kanskje vore noko underbudsjettert?
- Variasjon i barnetal.

Øye og Skei barnehage:

- Grunnbemanning ok.
- Utfordring å gi god nok hjelpe til barn med særskilde behov.

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

- Nedgang i elevtal 2015,
- Nedgang i barnehagebarn i Bæverfjord frå h-2015, auke i Bøfjorden. Stort nok areal? Personalressursar?



Mo oppvekstsenter:

- Svinging i elevtal.
- Gjere best mogleg nytte av personalressursane både med tanke på skule, SFO og barnehage. Utvikle samarbeidet enda meir.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

- Kraftig auke i barnetal på barnehagen på Stangvik, behov for meir personale.
- Mange fleirspråklege i Todalen.
- Omfordeling av personalressursar mellom skule og barnehage.
- Barnehagebygget i Todalen for lite og utdatert.
- Skulebygget i Todalen for stort og utdatert, lite energiøkonomisk.

Øye skule:

- Fleire elevar, frå andre kommunar, frå naboskular.
- Mindre elevtalsnedgang enn i prognosene for h- 2013.
- Auka skyssutgifter.
- Barn med særskilde behov.
- Utfordring for å vidareføre dagens drift kr 750'.

Surnadal ungdomsskule:

- Forventning om fleire valfag.
- Fleire elevar.
- Elevar i andre kommunar kr 1,2 mill.
- Store elevgrupper over tid – effekt på eksamensresultata?

Surnadal vaksenopplæring:

- Stor variasjon i elevmassen.
- Aukande elevtal og behov for differensiering.
- Behov for fleire tilsette i samband med busetting av flyktningar og familiegjenforente.

Vurdering:

Midtigrenda:

Vi ser enno variasjon av barnetalet, og har i 2014 vore avhengige økonomisk av å ta inn fleire barn dersom vi har hatt ledig plass. Vi har i 2014 hatt barn med særskilte behov, der vi måtte ha ekstra ressurser (deler av fastpersonalet) inn mot barna.

Øye: og Skei:

- Vi har fleire fleirspråklege barn som treng tett oppfølging.
- Uteleikeplassane ved både Øye og Skei treng meir utfordringar for dei eldste barna.
- Vi står midt i eit stort løft innan IKT – satsing i barnehagane. Dette krev kompetanseutvikling og innkjøp av utstyr.
- Vi har for få ressursar til barn med spesielle behov.

Bøfjorden og Bæverfjord:

Nedgang i elevtal hausten 2015, 1.-4.skule, men deretter går elevtalet oppover. Bruke personalet på ein best muleg måte, mange oppgåver på få tilsette.

Mo:

Stor vilje og fleksibilitet blant dei tilsette gjer at vi kan bruke dei tilsette på best mogleg vis.



Todalen og Stangvik:

Elevtalet på begge skulane på veg opp. Framleis barnetalsvekst på avd. Stangvik barnehage, medan nedgang i barnetalet ved Todalen barnehage. Utfordring med særskilde behov i Todalen, særleg med tanke på fleirspråklege, både i skule og barnehage. Stangvik barnehage syner nå teikn på slitasje, som ein snart må gjere noko med.

Øye:

Krevjande økonomisk med mange elevar som treng særskild oppfølging i skule og SFO
Med mindre årskull har vi fått ei utfordring med at vi får ein liten klasse i bokmål og ein stor klasse i nynorsk

Det er krevjande å gi eit godt nok tilbod til det auka talet med barn med tospråkleg bakgrunn, mange startar med därleg eller ingen kunnskap i norsk

Vi er i ferd med å få ein funksjonell og god PC-park for elevane

Surnadal ungdomsskule:

Innføring av valfag på alle tre trinn vart fullført hausten 2014. Det krev mange fleire lærartimar og utfordrar med delingstid elles.. Utbetalingar til andre kommunar i samband med gjesteelevar vart noko lågare enn forventa i 2014. Det er framleis låg lærartettheit med nokså mange elevar pr. lærar (16,9), medan gjennomsnittet for kommune, fylke og land er langt under dette.

5. Rådmannen si vurdering:

Samla sett har det vore svært stor aktivitet i oppvekstsektoren i 2014. Både kvalitetsutviklingsarbeid i barnehagane og skulane har vorte lagt merke til utanfor kommunen, og ein har vore invitert til erfaringsdeling både regionalt og nasjonalt. Dette gjeld særleg det lokale digitale læreplanarbeidet, innføringa av ASQ-SE (kartleggings- og dialogverktøy i barnehagane for dei yngste barna), og ungdomsskulen si deltaking i Ungdomstrinn i utviklingssatsinga. Ved Øye skule har arbeidet med Vurdering for læring gitt store utslag i elevane si oppleveling av opplæring gjennom Elevundersøkinga. Kvalitetsutviklingsarbeidet har dei seinare åra vorte spissa gjennom Oppvekstplanen og dei årlege handlingsplanane. Administrativt har ein lagt vekt på å prøve og skape gode samanhengar og forenkling. Hovudfokuset i det vi gjer rettar seg mot kjerneverksemda i einingane – kvaliteten på dei daglege møte mellom barn og vaksne i barnehagane og skulane.

Nokre einingar har utfordringar med minkande barne- og elevtal, medan særleg Stangvik opplever ein sterk vekst i barnehagen, som har sett krav til stor evne til omstillingsevne og fleksibilitet. Dette har også gjeve utfordring med å halde kostnadane til meir personell nede.

Hausten 2014 gjorde Plan- og byggjenemnda for Øye skuleområde vedtak om å få utarbeidd skisseprosjekt for to alternativ. Felles for begge er at "Gul"- og "Blå"- bygget på Øye er foreslått rive. Dette prosjektet er svært viktig for dei skulane der om lag 2/3 av barneskuleelvane og alle ungdomsskuleelevane våre går.



Økonomiske rammer

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2013
Midtigrenda barnehage	6 279	6 144	135	5 758
Øye og Skei barnehage	10 908	10 533	375	9 570
Bøfjorden og Bæverfjord oppv.	6 801	7 142	-341	7 171
Mo oppvekstsenter	6 438	6 445	-7	6 456
Todalen og Stangvik oppv.	13 406	12 890	516	12 204
Øye skule	26 806	26 923	-117	25 815
Surnadal ungdomsskule	22 915	23 324	-409	22 599

Vurdering:

Midtigrenda:

Ut ifrå regulert budsjett og årsrekneskap, ser det ut til at vi har hatt eit budsjett som samsvarer betre med drifta vår, enn resultata frå tidlegare år. Vi hadde meirforbruk på m.a. lønn og sjukevikar, men fekk samtidig refusjon frå ein annan kommune grunna enkeltbarn. Resultatet for rekneskapet gjekk ikkje i 0, men resultatet for overforbruk vart ikkje meir enn 102 %.

Øye: og Skei:

Meirforbruket ved eininga skuldast i hovudsak meirutgifter knytt til barn med spesielle behov som vi ikkje har fått kompensasjon for. Andre utfordringar er store utgifter knytt til vikarbruk ved sjukdom og ferievikarar.

Bøfjorden og Bæverfjord:

Vi har eit mindreforbruk på kr 341.000, mest grunna:

- mindre lønnsutgifter i barnehagane enn budsjettet
- mindre vikarutgifter enn budsjettet

Mo:

Godt samsvar mellom budsjett og rekneskap.

Todalen og Stangvik:

Meirforbruket i 2014 er i hovudsak knytta til oppbemanning på avd. Stangvik barnehage. Driftsramma for 2014 var ikkje tilstrekkelega i høve naudsynt bemanningsauke på Stangvik barnehage i løpet av året. Ramma vart i samband med dette auka for budsjettåret 2015, men ikkje nok til å halde dagens driftsnivå.

Øye:



Eit stramt økonomisk hushald gjer at vi held budsjettet

Surnadal ungdomsskule:

Rekneskapen for 2014 kjem ut med eit mindreforbruk først og fremst på grunn av:

1. Det vart ikkje innleidt vikar fullt ut.
2. Det vart inntektsført noko meir refusjon for frikjøp av deler av stillingar enn opprinnelig budsjettet.
3. Utgifter til gjesteelevar i andre kommunar gjekk klart ned i forhold til budsjett.

Helse og omsorg

1. Aktivitet

Helse og omsorgsektoren består av desse einingane:

Ansvar 310 Helse og rehabilitering

Helse og rehabilitering omfattar helhestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, interkommunalt miljøretta helsevern, smittevern, legeteneste, ergo- og fysioterapi, folkehelse og psykisk helse. Interkommunal skjenke - og røykekontroll finn ein ved denne eininga.

Eininga har også rehabiliteringsavdeling med 5 døgnplassar og dagsenter.

Koordinerande eining har eit overordna ansvar for koordinering av tenester til brukarar med langvarige og samansette behov.

Helse og rehabilitering skal drive førebyggand- helsefremjandee arbeid retta mot heile befolkninga. Frisklivssentralen er ein del av folkehelsesatsinga i kommunen.

Ein stor del av verksemda er retta mot barn, unge og deira familiar. Tenestene er regulert av mange ulike lovverk. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester og Folkehelselovengjeld for alle tenestene.

Ansvar 330 Institusjonane

Tenester i eininga Institusjonane vert gjeve etter ” Lov om kommunale helse og omsorgstjenester m.m.

Institusjonane har 81 heildøgnsplassar, i tillegg har vi 6 senger på OBS-post

Eininga har desse tenestene:

Langtidsavdeling I, 16 langtidsplassar

Langtidsavdeling II, 16 langtidsplassar

Bu- og avlastningsavdeling, 12 langtidsplassar, 5 korttidsplassar og 1 avlastningsplass.

OBS-post, 6 senger

Skjerma avdeling, 16 langtidsplassar

Stangvik Aldersheim, 15 plassar

Storkjøkken, som produserer mat for institusjonane, omsorgsbustad, heimebuande(matombringing), i tillegg driftar dei tre 3 kantiner.

Vaskeri



Ansvar 340 Bu- og aktivitetstenesta

Tenestene innafor Bu- og aktivitetstenesta er heimla etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester.

Eininga har desse tenestene:

Bårdshaugen og Tronvoll fellesbustad med 10 brukarar

Sommero fellesbustad med 7 brukarar

Leitet fellesbustad med 8 brukarar

Nistutrøa fellesbustad med 2 brukarar

Avlastingstilbod, både privat og avlasting i institusjon

Røtet dagsenter med 8 - 10 brukarar

Bu- og aktivitetstenesta gir tenestetilbod til menneske med utviklingshemming.

Dette omfattar m.a. praktisk bistand og opplæring til dei som har eit særskild hjelpebehov i bustad med heildøgn omsorgstenester. Vidare gir ein tilbod om avlastingstiltak for personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid.

Ansvar 350 Heimetenenesta

Heimetenenesta omfattar heimesjukepleie, heimehjelp, omsorgsløn, brukarstyrt personleg assistent (BPA), matombringning og tryggleiksalarmer. Heimetenenesta skal tilby tenester som er med på å oppretthalde eigenomsorgsnivået til brukarane, førebyggje, behandle og lindre sjukdom. Målet er at brukarane skal klare seg heime lengst mogleg, og ha ein best mogleg livskvalitet. Heimetenenesta er heimla i helse- og omsorgstenestelova.

Ansvar 360 NAV

NAV Surnadal har både kommunale og statlege tenester, begge deler er regulert i samarbeidsavtalen mellom Surnadal kommune og NAV Møre og Romsdal.

Kommunalt område.

Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga nr. 131 av 18.12.2009

Denne loven samlar alle dei kommunale, sosiale tenestene (obligatoriske tenestene) i ei eiga lov.

Husbankens bostøtteordning

Administrasjon av fylkets TT-ordning (Tilrettelagt Transport-tjeneste)

"Barnefattigdom". Prosjekt finansiert frå Fylkesmannen der vi skal samarbeide med fleire einingar i Surnadal kommune, spesielt barnevern og Familie og helse. Prosjektet avsluttast i 2014.

"Ruskonsulent". Prosjektet var finansiert av fylkesmannen/Helsedirektoratet, eit tverretatleg samarbeid i kommunen der prosjektmedarbeidaren har kontorlass ved NAV. Frå 2014 vart stillinga gjort om til ei fast stilling og ruskonsulenten vart fast tilsett.

Ny samarbeidsavtale mellom Surnadal kommune og NAV Møre og Romsdal vart underteikna 21.06.10. Når ny administrativ og politisk organisering vert vedteke må



samarbeidsavtalen justerast, seinast ved utgangen av året 2012. Avtalen vart ikkje endra i 2014, men ligg til underskriving i starten av 2015.

Statleg område – dei oppgåvane som til ei kvar tid ligg til NAV kontoret lokalt. Det kan nemnast:

NAV-loven § 14A

Lov om folketrygd

Lov om arbeidsmarknadstenester

Lov om barn og foreldre

Lov om barnetrygd

Arbeids og avklaringspenger

AFP-ordninga

Lov om kontantstøtte

Lov om supplerande stønad

Deler av desse tenestene/oppgåvene er samla i eigne forvaltingseininger

Særskilde fokusområde i 2014

Bustadsosial handlingsplan

Følgje opp Rundskriv IS-1/2014 frå Helsedirektoratet og utarbeide handlingsplan i tråd med dette.

Omsorgsplana – gjennomgang/evaluering av mål og tiltak. Sentrale stikkord:

Demensteam, dagtilbodog avlastningsplassar for heimebuande personar med demens.

Gjennomgang av talet/typar institusjonsplassar og tilbodet innan heimebasert omsorg.

Rus/psykiatri/vanskelig stilt ungdom/brukarar med kognitiv svikt - organisering av tenestene

Tilgjengeleg velferdsteknologi

Etablere fora for samarbeid med frivillige organisasjonar – brukarutval

Bustadsosial handlingsplan

- I 2014 vart det byggestart av Sommerrotunet aktivitetshus. Dette er noko både tilsette og brukarar innan Bu- og aktivitetstenesta har sett fram til!
- Ferdigstilling av ny tomannsbolig ved Røssmoen.
- Planlegging av ny bustad i same område starta opp.
- Vi ser at det er behov for ein gjennomgang av plana då det er endringar i brukargruppene, nye grupper med behov for bustad og byggemønsteret i sentrum har endra seg.



Følgje opp Rundskriv IS-1/2014 frå Helsedirektoratet og utarbeide handlingsplan i tråd med dette.

- Mange av punkta i rundskrivet er fulgt opp, men det er ikkje utarbeidd eiga handlingsplan i tråd med punkta.

Omsorgsplana – gjennomgang/evaluering av mål og tiltak. Sentrale stikkord:

Demensteam, dagtilbod og avlastningsplassar for heimebuande personar med demens.


Gjennomgang av talet/typar institusjonsplassar og tilbodet innan heimebasert omsorg.

- Det vart i 2014 utarbeidd ein eigen rapport;
Samhandlingsreformen i Surnadal kommune – Analyse av styringsdata i Helse og omsorg våren 2014

I rapporten har vi sett på befolkningssstatistikk og utvikling, forbruk av sjukehustenester og kva profil vi har på eigne helse- og omsorgstjenester. Vi kjem til slutt med forslag til korleis vi bør innrette tenestene for å møte dei utfordringane vi står ovanfor.

Utdrag frå samandraget i rapporten:

Gjennomgangen syner at Surnadal kommune manglar tenestetilbod tidleg i mestringstrappa. Surnadal kommune har hatt fokus på drift av institusjon og har mindre ressurser til førebyggande arbeid og heimetenester. Dette kan ikkje fortsette dersom vi skal greie å forebygge livsstilssykdommar og redusere bruk av sjukehus- og sjukeheimstenester. Kvardagsmestring krev ei faglig omstilling av tenestene, ved at kvar enkelt innbyggjar si mestringsevne blir vektlagt. Vi har nokre "rolege" år framover til å rekruttere rett kompetanse, samhandle og samarbeide tverrfagleg. Vi må vri tenestetilboden frå institusjon til førebygging og heimebehandling/rehabilitering med aktiv bruk av velferdsteknologi, frivillig innsats og kompetente helsearbeidarar.



Rus/psykiatri/vanskelig stilt ungdom/brukarar med kognitiv svikt - organisering av tenestene

- Hausten 2014 vart prosjektet «Det skal være lett» starta opp. Prosjektet er eit samarbeid mellom Surnadal kommune, Halsa kommune, Helse Møre og Romsdal, og Halsa Interkommunale Psykiatriske Senter (HIPS).
- Prosjektet har som mål å utvikle, utarbeide og implementere ein samhandlingsmodell innan rusfeltet/ psykisk helse. Modell for å yte gode helse- og omsorgstenester i bustad, og på brukaranes arena står sentralt.

Tilgjengeleg velferdsteknologi



- Det er gjennomført ei kartlegging blant dei tilsette i helse- og omsorgssektoren der dei er spurt om eksisterande bruk og ønska utvikling av både velferdsteknologi og fagprogramma. Denne kartlegginga saman med nasjonale styringsdokument og erfaringar frå andre kommunar/ prosjekt, er samlia i ein eigen rapport. Kartlegginga viste at vi har eit forbetringspotensiale i forhold til å utnytte og gi nok opplæring av eksisterande hjelpemidlar og fagprogram. Samstundes var også fokuset og kjennskapen blant dei tilsette låg.
- Med dette som utgangspunkt, vart det søkt og fått skjønnsmidlar til eit prosjekt rundt velferdsteknologi og kunnskap.

Etablere fora for samarbeid med frivillige organisasjoner – brukarutval

- Blir sett på i samband med politisk- og administrativ struktur.

Viktige hendingar i 2014

- Surnadal sjukeheim vart tildelt ei flott fotografsamling (Fotograf Reidar Østvik) frå Surnadal demensforening og helselag i forbindelse med at dei fekk Eldrearbeidsprisen frå Møre – og Romsdal fylke.
- Byggestart av Sommerrotunet aktivitetshus.
- Onnadag på Dagsenteret og rehabiliteringsavdelinga.

2. Satsingsområde

Satsingsområde 1: Befolkningsutvikling og kompetanse

Ei av dei viktigaste utfordringane framover blir å sikre tilgang på tilstrekkeleg helse- og sosialpersonell. Dette kan først og fremst gjerast gjennom utdannings- og rekrutteringstiltak, ei styrking av den faglege kompetansen, og gjennom tiltak som styrker nærværsfaktorar, reduserar sjukefråveret og utstøting frå arbeidslivet.

Felles helse og omsorg

Mål:

- Rett kompetanse på rett plass til ein kvar tid.

Tiltak:

- Ferdigstille og aktivt ta i bruk "Strategisk kompetanseplan for helse- og omsorgstenestene".
- Arbeidstidsordningar som sikrar gode arbeidsvilkår og effektiv bruk av personellressursane.
- Leiaropplæring / leiarutvikling for mellomleiarar i pleie og omsorg.

Vurdering:

Vi har ikkje sluttført arbeidet med Strategisk kompetanseplan for helse- og omsorgstenestene. Opplæringsplan for 2014 vart utarbeidd og danna grunnlag for søknad om kompetansemidlar til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og prioritering av søknader om permisjon/støtte i løpet av året.

Surnadal kommune har delteke i programmet Saman om ein betre kommune i to år, frå 1.januar 2013. I 2014 vart prosjektet utvida til å omfatta bu- og aktivitetstenesta, i tillegg til institusjonane.



Årsrapporteringa for 2014 syner at vi er på rett veg i arbeidet med heiltidskultur. Tabellen nedafor syner utviklinga innan piloteiningane for tilsette som faktisk arbeider i heil stilling. Talet på heiltidsstillingar er i realiteten betydeleg høgare om ein tek med talet på alle som «eig» heil stilling men som t.d. går i 80%.

Antall ansatte i heltidsstilling (som går i heil stilling. Ikkje med heiltidstilsette med delvis permisjon).					
Eining	Antall i heltids-stilling		Pr 2012	Pr 2013	Pr 2014
1	Institusjonane		23	25	31
2	Bu-og aktivitetstenesta		20	19	24

Leiaropplæringa for mellomleiarar i pleie og omsorg vart slutført i 2014. Ein vil vidareføre jamnlege samlingar for denne gruppa.

Helse og rehabilitering

Mål:

- Rekruttere og halde på kompetent arbeidskraft.
- Legge til rette for utdanning av eigne tilsette.

Tiltak:

- Rekruttere fastlege og psykolog.
- Utarbeide intern handlingsplan for kompetansebygging i samsvar med "Strategisk kompetanseplan for helse- og omsorgstenestene".
- Arbeide med etikk og verdiar i tenestene for å sikre at brukarar og pårørande blir møtt med respekt og forståing.

Vurdering:

Det lukkast ikkje å tilsette psykolog i 2014, men det blir lyst ut på nytt i 2014.

Kommuneoverlege vart tilsett i 30 % stilling med opptart 01.3.2015.

Ein tilsett er i vidareutdanning etter opplæringsplanen. På einingsmøtene har etikk og verdiar vore tema, samt det årleg blir gjennomført ei medarbeidarundersøking det psykososialt arbeidsmiljø er sentralt. Resultata er tatt opp samtala kring på personalmøte.

Institusjonane

Mål:

- I prosjektet *saman om ein betre institusjon* (2013 – 2015) skal det utviklast konkrete tiltak på heiltidskultur, nærvær, omdømme og kompetanse, som skal gje varige endringar med ein ny driftsideologi og gje ei betre arbeidskvardag.
- Gje et fagleg forsvarleg og tilpassa tenestetilbod.
- Auke andelen med helsefagleg utdanning bla. med betre samhandling med vidaregåande skule og høgskuler.

Tiltak:

- Gjennomføre fleire utviklingsprosjekter på kvar avdeling ved institusjonane.
- Gjennomføre kompetansekartlegging og utarbeide kompetansekrav for ulike rollar / funksjonar.
- Alternative rekrutteringsmåtar.



Vurdering:

Vi har fleire tilsette som tek helsefag- og vernepleiarutdanning, og 1 tilsett har starta på masterstudie i palliativ omsorg. 1 tilsett har tatt vidareutdanning i sårbehandling og 1 tilsett er i gang med vidareutdanning i omsorg ved livets slutt. Det vart gjennomført Personalseminar for alle tilsette med Ståle Einarsen vart gjennomført i 2014. Det er starta arbeidet med pasientforløp i institusjon, og vi har delteke i læringsnettverk i regi av Høgskolen i Molde / Utviklingscenter for sykehjem i Møre- og Romsdal innan forbedringsarbeid, og vi avslutta i 2014 arbeidet i læringsnettverket innan riktig legemiddelbruk i sykehjem. Det har også vært kurs i regi av Fylkesmannen her i Surnadal kring helsehjelp til pasientar utan samtykkekompetanse som motsetter seg helsehjelpen. Vi har lagt til rette for internundervisning gjennom nettbaserte kurs via Norsk Helseinformatikk.

Det har vore eit aktivt år i 2014, og utviklingsprosjekta i kvar avdeling har gitt synlege resultat. Det er utført eit godt arbeid av dei tilsette. Samarbeidet med vidaregåande skule har vore godt, og det er fleire praksisperiodar som er iverksett i 2014. Det har vore frå 2 - 5 lærlingar i helsefag i 2014, og 1 lærling starta i kokkefaget.

Det har vore et sterkt fokus på kompetanseheving i form av internundervisning, veiledning, refleksjon, gruppearbeid under personalmøtar, læringsnettverk og utviklingssamtalar. Medbestemmelse har vore eit satsingsarbeid og det har vore mykje fokus på treffpunkt og møtearenaer for personalet.

Bu - og aktivitetstenesta

Mål:

- Vi skal gje eit fagleg forsvarleg og tilpassa tenestetilbod til brukarane av omsorgstenesta. Vi skal også styrke tilsettes kompetanse innafor helsefag slik at dei opplever meistring og meinings i det arbeidet dei gjer, og gjer dei til trygge og gode omsorgsytatarar.

Tiltak:

- Sikre tilgang til tilstrekkeleg helsepersonell gjennom utdanning og rekrutteringstiltak.
- Kvalifisering og kompetanseheving av helsepersonell. Ein prøver å leggje til rette slik at fleire tar helsefagarbeidar-, vernepleier- eller vidareutdanning. Kommunen har mogelighet med å gi støtte, da Fylke har dette som eit satsingsområde, og overfører midlar.

Vurdering:

Vi har fleire tilsette som tek utdanning som vernepleiar eller helsefagarbeidar. Tre helsefagarbeidarar har teke vidareutdanning innan aldring og helse blant psykisk utviklingshemma. Det er gjennomført fleire bolkar med internundervisning der vi nyttar tilsette sin kompetanse.

Vi har lagt til rette for internundervisning gjennom nettbaserte kurs via Norsk Helseinformatikk.



Vi har delteke på konferanse om velferdsteknologi og konferansar om bruk av tvang/makt. Det er framleis ei utfordring å få kvalifiserte søkjarar på utlyste stillingar, og eininga har stadig eit behov for å rekruttere fagfolk.

Heimetenesta

Mål:

- Heimetenesta skal til ei kvar tid ha personellressursar med riktig kompetanse som kan tilby tenester av god kvalitet. Det betyr at pasienten får rett teneste, til rett tid på rett stad.

Tiltak:

- Sikre at Heimetenesta oppfyller nasjonale krav til kvalitet gjennom utvikling av, og arbeid etter metoden HPH – ”Helhetlig pasientforløp i hjemmet”.
- Kompetanseheving for tilsette gjennom tilrettelegging av gode læringsarenaer:
- Internundervisning.
- Kunnskapsdeling med interne og eksterne samarbeidspartnarar og gjennom nettverkssamarbeid.
- Bemanningsplan som samsvarer med tenestebehov:
- Rekruttering av rett kompetanse.
- Tilstrekkeleg bemanningsfaktor.

Vurdering:

Heimetenesta har i 2014 gjennomført opplæring av SiO-kommunane i HPH. Det har vore fire to-dagarssamlingar i Surnadal, der vi har hatt deltakarar frå SiO-kommunane og den lokale pleie- og omsorgstenesta. Vi har hatt lokale forelesarar og gjesteforelesarar. Prosjektet har vore finansiert av Helsedirektoratet.

Vi leiar arbeidet med implementering av HPH i kommunen sine pleie- og omsorgstenester. Vi har lagt til rette for internundervisning gjennom nettbaserte kurs via Norsk Helseinformasjon.

Vi har tilsette som har fullført helsefagarbeidarutdanning, som går på vidareutdanning i geriatri og vidareutdanning i legemiddelhandtering.

Vi deltek i kreftnettverket i SiO, nettverk for kvardagsrehabilitering og nettverk for velferdsteknologi. Alle desse er støtta av helsedirektoratet.

Heimetenesta har lykkast i å rekruttere ønska kompetanse og har liten turnover.

NAV

Mål:

- Bidra til at fleire kjem i arbeid og aktivitet og at færre vert avhengig av økonomisk sosialhjelp over lengre tid – redusere arbeidsledigheita til under 1,5 %.
- Redusere andel sosialhjelpmottakarar iif innbyggjarar i alderen 20 – 66 år til under 2%.
- Sikre kvalitativ god oppfølging av flyktningar/innvandrarar.

Tiltak:

- Alle kandidatar i målgruppa til Kvalifiseringsprogrammet skal få tilbod om deltaking.
- Samordne tenester for personar med samansette behov, gi dei ein fast kontaktperson ved NAV.



- Tilby aktuelle brukarar individuell plan.
- Tilby økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving/økonomistyringsavtalar til dei som treng det og ynskjer det.
- Styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga.
- Styrke ferdighetene i rettleiing og samhandlinga med brukarane.

Vurdering:

Vi har jobba målretta for å tilby arbeidsmarkedstiltak til dei som treng det, og sikre at potensielle brukarar av Kvalifiseringsprogrammet får eit godt tilbod. Vi har hatt deltakarar inne i programmet og kan vise til godt resultat for dei. Vi har ikkje greidd å redusere bruken av økonomisk sosialhjelp vi har hatt ei auke i utbetalingane. Det skyldast dels ressurskrevande enkeltbrukarar og manglande lågterskeltilbod for å nemne noe. Vi har jobba målretta for å sikre betre arbeidsretta brukaroppfølging i 2014 og vi har styrka breddekompetansen til dei tilsette som eit ledd i dette.

Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår

Førebygging er eit viktig element i samhandlingsreforma. Med utgangspunkt i dei framtidige helseutfordringane er det behov for å styrke dei førebyggande helsetenestene i kommunen.

Helse og rehabilitering

Mål:

- Samhandlinga mellom ulike nivå og tenester i arbeidet med barn og unge skal styrkast.
- Sikre eit lågterskeltilbod til barn/unge med psykiske vanskar og lidingar.
- Avdekke og gi tilbod til barn og unge som står i fare for å utvikle sjukeleg overvekt.

Tiltak:

- Arbeide vidare med "tidleg tverrfagleg innsats" i samarbeid med barnevern, PPT og barnehage.
- Skaffe oversikt over utvikling av overvekt hos barn og unge ved å følgje Helsedirektoratet sin rettleiar og retningsline "Nasjonal faglig retningslinje for veiling og måling i helsestasjonen og skolehelsetjenesten" og "Nasjonal faglig retningslinje for forebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge".
- Oppfølging av overvektige barn og unge gjennom treningsgruppe i Frisklivssentralen og "Bra mat kurs."
- Gi barn og unge med psykiske vanskar og lidingar raskt tilbod om samtalar og avklaring av behov for hjelp og oppfølging.
- Open trefftid med helsesøster skal prioriterast i den vidaregåande skulen.
- Ferdigstille rutine for tverrfagleg samarbeid ved kriser i heimen der barn og unge er involvert.



Vurdering:

Det tverrfaglege samarbeidet om tidleg tverrfagleg innsats har fungert godt.

Skulehelsetenesta i den vidaregåande skulen vart styrka dei siste månadene i 2014 i samband med tilskott frå Helsedirektoratet.

Det har vore gitt tilbod om «Bra mat-kurs» og treningsgrupper for familiar med barn som står i fare for, eller har utvikla overvekt. Tilbodet har ikkje vore vidareført i siste halvår av 2014 da interesse og oppmøte var for därleg. Helsestasjonen vil fortsette å gi rettleiing til dei som ønskjer det og tek kontakt.

Bu - og aktivitetstenesta

Mål:

- Surnadal kommune har avlastingstilbod for dei familiar som har born som er utviklingshemma. Avlastingstiltaket skal vere tilpassa behova til den det gjeld.
- Tilbodet om avlasting skal gi tryggleik og kontinuitet for dei som har born med tunge omsorgsbehov.

Tiltak:

- Nok ressursar til å gi slik hjelp det er behov for.
- Arbeide for å rekruttere og behalde private avlastarar og støttekontaktar.

Vurdering:

Vi har styrka dette tilbodet i 2014 grunna auke i behov og nye brukarar. Ei utfordring med avlastingstilbod er at det er ressurskrevjande i form av at det oftast er behov for avlasting på helg, og i kombinasjon med kveld og natt. Dette kan på den eine sida føre til fleire små helgestillingar, men gir på den andre sida den hjelpa foreldra ønskjer seg.

Heimetenesta

Mål:

- Barn og unge har eit trygt og godt oppvekstmiljø, prega av omsorg, kunnskap og trivsel.

Tiltak:

- Samarbeid med andre faginstansar i kommunen og 2. linetenesta for å tilby ei mest muleg samanhengande teneste.
- Bidra med spesialkompetanse i t.d. diabetes, kreft, psykiatri når barn blir alvorleg sjuke eller får kroniske sjukdommar.
- Bidra til at barn blir ivareteke der pårørande får redusert omsorgsevne pga. sjukdom.
- Støtte til pårørande som har sjuke barn.

Vurdering:

Stadig fleire ønskjer å motta helsehjelp i heimen i staden for på sjukehus. Dette gjer at Heimetenesta oftare møter barn og unge med omsorgsbehov, eller behov for helsehjelp. Vi har samarbeida godt med andre faginstansar og har kompetnanse innan fagfeltet.

NAV

Mål:



- Bidra til at ungdom får eit positivt forhold til eigen kommune og til å gi dei som ikkje har skoleplass/arbeid eit alternativt tilbod.
- Sikre eit helhetlig veiledning og samhandling i oppfølgingsarbeidet for ungdom.
- Bidra til raskare overgang til arbeid.

Tiltak:

- Delta i tverrfaglege grupper.
- Saman med OT ved Surnadal vidaregåande skole arbeide for at dei unge som ikkje har skoleplass får eit alternativt tilbod, f. eks arbeid eller tilbod om arbeidsmarknadstiltak.
- Vidareføre prosjektet "Bustadsosialt arbeid" som eit driftstiltak finansiert med kommunale midlar.
- Vidareføre prosjekta "Barnefattigdom" og "Ruskonsulent" saman med andre aktuelle kommunale einingar.
- Styrke ferdigheiter i veiledning og samhandling med brukarane samt styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga.

Vurdering:

Vi jobbar godt saman med vidaregåande skule, om dei ungdommane som fell utanfor ordinær skulegong og har ein samabeidsavtale som regulerar ansvarsdelinga mellom NAV og Surnadal Vidaregåande skule.

Prosjekta Bustadsosialt arbeid og Ruskonsulent vart gjort om til faste stillingar integrert i NAV, men dei nyttast tverretatleg i kommunen.

Barnefattigdomsprosjektet vart gjennomført også i 2014 og vidareført til 2015. Her vart det mellom anna arrangert det som kallast Camp Nordmør - ei opplevelseshelg ute i friluft og natur for utsatt ungdom i kommunen.

IK barnevern:

Mål:

- Styrke samhandlinga mellom ulike nivå og tenester i arbeidet med barn og unge.

Tiltak:

- Arbeide vidare med "tidleg tverrfagleg innsats" i samarbeid med helse, PPT og barnehage.
- Delta i tverrfaglege grupper i alle kommunane.
- Deltaking i barnefattigdomsprosjektet

Vurdering:

Det tverrfaglege samarbeidet om tidleg tverrfagleg innsats har fungert godt og blir videreført til Halsa.

Satsingsområde 3: Næringsutvikling

Innan Helse og omsorg har ein prøvd å legge til rette for mottak av lærlingar. Både når det gjeld institusjonskokk og når det gjeld helsefagarbeidarar kan ein tilby lærlingeplassar til ungdom.

Felles pleie og omsorg

Mål:



- Ta inn 3 nye læringer i helsefagarbeidarfaget kvar haust. I tillegg 1 lærling i institusjonskokkefaget annakvart år. Til saman 7 lærlingsplassar til ei kvar tid.

Vurdering:

Målet om å ta inn 3 nyelæringer kvar haust er oppnådd. Vi har gode erfaringar med mottak av lærlingar ute i einingane.

NAV

Mål:

- Bidra til å styrke og utvikle næringslivet gjennom kompetanseheving.

Tiltak:

- NAV Surnadal bidrar gjennom ulike kompetansetiltak som bedriftsintern opplæring, arbeidsmarknadskurs, lønnstilskot, praksisplassar og andre aktuelle arbeidsmarknadstiltak til å heve kompetansen i bedriftene, blant de ansatte og blant dei som er registrert som ledige.
- NAV Surnadal skal vere en proaktiv aktør i samarbeid med næringslivet gjennom å yte de tenester arbeidsgivarar har behov for. For eksempel bistand i sjukefråværsoppfølginga, omstilling, permisjonar, nedbemannning og rekruttering.

Vurdering:

NAV har i snitt hatt kontakt med 20 % av bedriftene i kommunen kvar månad. (24 bedriftskontaktar), og vi har aktivt brukt næringslivet som tiltaksarena for utprøving og praksisplass. Vi har også bidrige med vår kompetanse om sjukefråver, omstilling og rekruttering.

Satsingsområde 4: Folkehelse og levekår

Det overordna målet er god helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar.

Helse og rehabilitering

Mål:

- Gi tilpassa og koordinerte tenestetilbod til brukargruppene innan eininga.
- Det tverrsektorielle folkehelsearbeidet skal bidra til å skape ei bærekraftig helseteneste, fremme god helse, førebygge sjukdom og utjamne sosiale helseforskjellar.
- Styrke det helsefremmande og førebyggande arbeidet med spesielt fokus på (re)habilitering, rus- og psykisk helsearbeid.

Tiltak:

- Delta i tverrfagleg- og tverretatleg plangruppe når det gjeld miljøretta helsevern og folkehelse.
- Utarbeide strategiar, mål og tiltak for rehabiliteringstilbodet i kommunen.
- Samhandling og kompetanseoverføring mellom 1. og 2. linetenesta gjennom implementering av samarbeidsavtalar, nettverk og samarbeid om felles brukarar.
- Arbeide med forståinga for verdien av fysisk aktivitet, trening og kosthald for menneske i alle aldrar – frisklivstilbod.



- Kartlegge og få oversikt over helsetilstanden i befolkninga ved bruk av helsebarometer frå Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet, samt nytte kunnskap frå eigne helse- og omsorgstenester, faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse.
- Samarbeide med Kompetansesenter for rus om rusmiddelførebygging – Dugnad rus.
- Delta i prosjekt saman med Halsa kommune og Halsa interkommunale psykiatriske senter når det gjeld utarbeiding av "Helhetlig pasientforløp, rusfeltet".

Vurdering:

Alle tiltak er gjennomført og vil bli vidareført i 2015. Arbeidet med oversikt over helsetilstanden er ikkje ferdigstilt og er ein del av eit større folkehelsearbeid.

Åktiv i eigen kvardag

Hausten 2014 vart kommunen med i eit nasjonalt nettverk for Kvardagsrehabilitering / Heimerehabilitering.

Kvardagsrehabilitering er ein metode der ein arbeider for ein mest mogleg sjølvstendig og aktiv livsstil uansett alder. Stikkord er målstyrt, tverrfagleg og tidsavgrensa rehabilitering. Det er nedsett ei prosjektgruppe som skal ha eit spesielt ansvar i innføringsfasen. Det er laga prosjektplan for arbeidet. Innføringa vil vare inn i 2016.



(Prosjekteruppa. Foto Gørar Rønning)

Institusjonane

Mål:

- Vere ein aktiv institusjon der kvar enkelt er verdifull.
- Gjere pasientar og tilsette i stand til å betre og bevare sin helse, samt å fremme livskvalitet, overskot og trivsel .
- Revidere og utvikle kvalitetsstandardar for institusjonane.

Tiltak:

- Gjennomføre konkrete utviklingsprosjekt i *saman om ein betre institusjon* .
- Samarbeid med lag og organisasjonar for å fremme aktivitetar.
- Ta imot besøk frå barnehage, skule og kulturskule.
- Gjennomføre brukar- og medarbeidarundersøkingar.

Vurdering:

Kvalitetsstandardane er reviderte i 2014 og utviklingsprosjekta har gått etter oppsett plan. Brukar- og medarbeidarundersøkingane vart gjennomførte i 2014.



Bu - og aktivitetstenesta

Mål:

Det må leggast til rette for at utviklingshemma får oppleve meistring og ha eit meiningsfullt arbeid og/ eller aktivitet. Alle må få mulegheita til å utnytte eigne ressursar og ha eit godt og verdig liv.

Tiltak:

- Ein må ha eit godt samarbeid med andre linjetenesta/ spesialisthelsetenesta, til dømes Vaksenhabilitering.
- Nok ressursar i fellesbustadane, samt bevisstgjering av tilsette ifht. motivasjon og oppmuntring av brukarar til fysisk aktivitet.
- Opplæring til brukarane om riktig kosthald.

Vurdering:

Vaksenhabiliteringa har ved fleire høve vore med i vurderingane av utforming av tiltak. Ein forsøker å nytte tilboda i nærområda som t.d. svømmehall og treningscenter.

NAV

Mål:

- Legge til rette for at dei som ynskjer hjelp i samanband med rus får eit best mogleg tilbod om hjelp.
- Bidra til heilheitleg og god oppfølging av flyktningar.

Tiltak

- Gi tilbod om innsøking til rusbehandling og ettervern.
- Gjennom dei ulike prosjekta vi har bidra til å førebygge mot rus samtidig med at unge kan klare å skaffe seg eigen bustad, hjelpe dei til å organisere dagen sin og bidra til at dei klarer å halde på bustaden.
- Delta i andre samarbeidsfora etter behov.
- Bidra til å etablere betre oppfølging/ettervern for dei som er ferdig med rusbehandling eller kjem ut fra fengsel/institusjon.
- Sikre god samhandling med kommunen i oppfølgingsarbeidet med flyktningar ved å delta i samarbeidsfora ved behov.

Vurdering:

Det har vore ei auke i antal personar som har tatt i mot rusbehandling i 2014. og vi ser at vi når frem til fleire, både pårørande og brukarar.

Vi strevar med at vi ikkje disponerer eigna leilighet til dei som er midlertidig utan bustad, og til dei som trong ei såkalla treningsleilighet i ein periode. Mellom anna dei som kjem ut frå behandlingsinstitusjonar. Det gjer at vi må ty til kostbare, lite tilpassa og ofte lite eigna tilbod til brukarar som allereie er i ei vanskelig fase av livet sitt.

Satsingsområde 5: Kultur – omdømme – identitet

" Jfr. St meld nr 25 (2005-2006). Om framtidas omsorgsutfordringar står det slik:

"Regjeringen vil legge vekt på kultur, aktivitet og trivsel som helt sentrale og grunnleggende elementer i et helhetlig omsorgstilbud. En slik satsing vil kreve større tverrfaglig bredde i



omsorgssektoren, med større vekt på sosialpedagogikk, ergoterapi, fysioterapi og sosialt arbeid."

Institusjonane

Mål:

- Institusjonane vil gjennom utviklingsprosjektet *saman om ein betre institusjon* utvikle institusjonane til å bli ein aktiv institusjon der kvar enkelt er verdifull.
- Omsorgen skal være basert på kjennskap og kunnskap om den enkelte pasient.
- Medbestemmelse og livsglede er i fokus.
- Mobilisere ressursane og hjelpe pasienten til mestring.

Tiltak:

- Aktivitetsprosjekt på kvar avdeling utvikles i prosjektperioden og skal innarbeides i ordinær drift.
- Utprøve nye utviklingsprosjekt i kvar avdeling.

Vurdering:

Utviklingsprosjekta er gjennomførte og utfordringa framover et å ikkje falle tilbake til tida før prosjektstart. Endringar er krevjande, men saman med kompetansepåfyll og medarbeidar som trives i jobben, skal Institusjonane nå målet om å bli ein aktiv institusjon. Arbeidet med pasientforløp og kvalitetssikring av tenestene vil få hovedfokus i 2015.

Heimetenesta

Mål:

- Heimetenesta ønskjer å vere ein pådrivar og ressurs i arbeidet med å utvikle gode pasientfoløp etter metoden HPH –"Helhetlige pasientforløp i hjemmet", i tråd med intensjonen i Samhandlingsreforma.

Tiltak:

- Ta opp att arbeidet som ansvarleg for opplæring av prosessrettleiarar i SiO.
- Halde kontakten med NTNU i arbeidet med utviklinga av HPH.
- Vere aktiv når det gjeld å formidle oppnådde resultat i utviklinga av pasientforløp til aktuelle samarbeidspartnarar.
- Kople e-meldingar til HPH.



Det starta i Surnadal

Har blitt landsomfattende

Nyheter Magasiner Industri, 2014-09-01 10:45:00

Helhetlig pasientforløp (HPH) er en metode for kvalitetssikring av

helhetsrettede velferdsprosesser, og skal blandt ann

Fra artikkeli Driva

Vurdering:

Heimetenesta har i løpet av 2014 gjennomført fleire samlingar med SiO-kommunane der vi har stått for opplæringa. Vi har også hatt undervisning i pasientforløp -HPH ved høgskulen i Molde. Vi har delteke med framlegg om pasientforløp for heile pleie- og omsorgstenesta i Rauma kommune. HPH er grunntanken attom prosjekta våre innan kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.



NAV

Mål:

- Bidra til tverrfagleg og heilheitleg bistand til personar som har behov for det.

Tiltak:

- Deltaking i dei samarbeidsfora det er behov for.

Vurdering:

NAV har bidrege inn i dei fora det har vorte forventa deltaking.

Satsingsområde 6: Tettstads- og arealutvikling

Vi skal bidra til å sikre at innbyggjarane kan få bu i eigen heim så lenge dei sjølv ønskjer det. Dette krev god balanse mellom det kommunale tenestetilbodet innan helse og sosialsektoren. Då stadig fleire ønskjer å bu heime så lengje som mogleg, bør heimetenestene styrkjast. Det bør leggjast til rette for bygging av omsorgsbustader til ulike grupper. Behovet for bustad gjeld brukarar både innan psykiatrien, rusomsorga, rehabilitering og andre grupper som har vanskeleg for å komme inn på bustadmarknaden. Det er behov for heilskapleg planlegging, der ein m.a. ser på oppfølging i bustadene for fleire grupper under eit.

Helse og rehabilitering

Mål:

- Skaffe eigna bustader til grupper med særlege behov – blant desse ungdom med særskilte behov, personar med psykiske vanskar og lidingar, personar med rusproblematikk.
- Klargjere for byggestart av bustader innan psykisk helse.
- Psykiatrisk dagsenter blir ferdigstilt.

Tiltak:

- Dagsenteret innan psykisk helse blir ferdig. Planlegge oppstart av drift.
- Planlegge og legge til rette for byggestart av 4-6 bustader med personalbase for personar med psykiske vanskar og lidingar.
- Planlegge utbygging av ungdomsbustader.

Vurdering:

Bygging av dagsenter med mellom anna tilbod til personar med psykiske lidingar og vanskar kom godt i gang, og er innflyttingsklar hausten 2015. Det er ikkje iverksett planlegging og byggestart av bustader innan psykisk helse og for ungdom.

Institusjonane

Mål:

- Finne alternative løysingar for å legge til rette for eit meir variert tenestetilbod.

Tiltak:

- Vurdere omgjering av einskilde institusjonsplassar til bukollektiv for å tilpassa brukarbehov og tenestetilbod med omsyn til plassering i omsorgstrappa og verknad av samhandlingsreforma.
- Utrede forsterka skjerma eining for aldersdemente.



- Vurdere samansetting av langtidsplassar, utredningsplassar, rulleringsplassar, dagplassar, palliative plassar (lindrande behandling og omsorg), korttidsplassar, avlastningsplassar, observasjonsplassar m.v.

Vurdering:

Tiltaka vart ikkje gjennomført i 2014. I samband med gjennomgang av styringsdata i regi av Kommunenes Sentralforbund vart det gjort vedtak om vridning frå institusjonsdrift til heimetenester. Det blir avgjerande å iverksette mogleghetsstudiet kring Helsehus for å kome vidare med framtidas helse- og omsorgstenester.

Bu - og aktivitetstenesta

Mål:

- Det er ønskelig at tenestene innafor Bu- og aktivitetstenesta skal bli meir samlokalisert. Når ein får bygd det nye dagsenteret samt ein fellesbustad for to brukarar, er det ønskelig at ein er rask startar prosessen bygging av fellesbustad for 3 brukarar samt avlastingstilbod i same bufellesskap på Sommerro området. Det er 5 brukarar som har venta lengje på ny bustad innafor Bu- og aktivitetstenesta. Det har og kome inn søknad frå pårørande om skifte av bustad for ein annan brukar slik at han får ein bustad som er betre eigna for han.

Tiltak:

- Starte bygging av nytt dagsenter i 2014.
- Få bygd ein ny fellesbustad med 3 leilegheiter samt avlastingstilbod i ei leilegheit i tilknyting til fellesbustaden. Denne fellesbustaden skal ligge i nærleiken av det nye dagsenteret.

Vurdering:

Ny tomannsbustad i Røssmovegen vart teke i bruk i løpet av sommaren. Byggestart ved Sommerrotunet aktivitetshus i juli, og planlagt byggestart av firemannsbustad inkludert avlastingsleilighet, i løpet av april -15.

NAV

Mål:

- Bidra til å sette fokus på behovet for korttids - og langtidsbustader for de brukarar som står utan bustadtilbod.

Tiltak:

- NAV Surnadal skal delta i de aktuelle samarbeidsfora ved behov.

Vurdering:

Det har ikkje kome på plass noko godt tilbod til midlertidig bustad for dei som står utan eit slikt tilbod.

Særskilde område det vil bli arbeidd med i 2014.

Felles helse og omsorg

Mål:

- Alle tilsette skal kunne bruke kvalitetssystemet.



- Sørgje for tilfredsstillande informasjonssikkerheit i medhald av lovverket ved behandling av helse-, og personopplysningar.
- Ta i bruk elektronisk meldingsutveksling av helse-, og personopplysningar mellom kommune og interne/eksterne samarbeidspartar.

Tiltak:

- Opplæring i elektronisk kvalitetssystem.
- Arbeide med kvalitet gjennom dokumentasjon, avviksregistrering, avviksbehandling og risiko- og sårbarheitsanalyser.
- Implementere "Norm for informasjonssikkerhet" gjennom dokumentasjon av roller, ansvar, mynde og handtering av helse-, og personopplysningar , samt opplæring av tilsette.
- Sikre gode rutinar for handtering av elektronisk meldingsutveksling.

Vurdering:

Det vart innført nytt kvalitetssystem, Kvalitetslosen, i eit samarbeidsprosjekt mellom Orkidékommunar. Alle tilsette skal kunne bruke systemet til å sjå gjeldane dokument og prosedyrar for sitt fagområde, samt melde avvik.

Opplæring har vore gjennomført på alle nivå, men enno gjenstår noko opplæring. Det har vore meldt avvik i det nye systemet utover hausten. Til saman er 77 avvik meldt.

4. Utfordringar

Helse og rehabilitering

Eininga kjøper mange tenester og er bundne opp i eksterne samarbeidsavtalar der ostnadene aukar for kvart år utan justering i ramma. Dette er m.a. MÅ - tenester som naudnett, legevaktcentral, legetenester, pasientskadeforsikring, gjestepasientar m.m. Desse kostnadene vil auke også i 2014.

Dersom drifta av Frisklivssentralen skal vidareførast innafor tildelt ramme, må noko anna prioriterast bort. Tenester som avlastningstilbod for barn og unge er det ikkje rom for, og støttekontaktordninga må reduserast. Dette er begge lovpålagde tenester. Rekruttering av ein ny psykolog skulle ha vore sett i gang før noverande psykolog sluttar.

Samhandlingsreforma sine intensjonar om å styrke det førebyggande og helsefremjande helsearbeid vil ikkje bli følgt opp, men bli redusert i 2014, både for barn og unge og voksne. Lokala ved rehabiliteringsavdelinga er lite eigna til rehabiliteringsføremål. Det er trongt og sjølve inndelinga av romma er uhensiktsmessig for å kunne drive god nok opptrening for brukarane.

Vurdering:

Helse og rehabilitering fekk gjennom budsjettregulering i 2014 auka budsjettetramma slik at ein fekk til ei forsvarleg drift av lovpålagte tenester. Frisklivstilbodet vart også oppretthalde.

Institusjonane

Bygningsmassen ved Institusjonane treng oppussing og det er behov for skifte av ein del inventar og utstyr. Stangvik aldersheim er ikkje tilpassa behovet pasientar ved ein helse- og



omsorgsinstitusjon har. Det er fleire pasientar som brukar rullestol og gåstol, og gang, pasientrom, bad/WC treng ei oppgradering. Det er fleire pasientar som søker seg til sjukeheimen når dei har fått langtidsopphald ved Institusjonane. Det er i tillegg ei utfordring å få ei stabil personalgruppe ved aldersheimen.

Institusjonane er piloteining i *Saman om ein betre kommune*, og treng noko midlar for å gjennomføre tiltak innan områda: heiltidskultur, nærvær, omdømme og kompetanse. Surnadal kommune har vedteke å nytta økologisk mat i matproduksjon, og det blir nødvendig å innarbeide det i innkjøpssamarbeidet og nye anbudsdocument. Det er nødvendig å auke budsjettet på innkjøp av matvarer om vi skal følgje opp dette vedtaket i kommunen.

Vurdering:

Institusjonane vart innvilga kr 25 000 frå Fylkesmannen til *Saman om ein betre Institusjon*. Avklaring kring framtidas bruk av Stangvik Aldersheim vart ikkje avklart i 2014. Det har vore pussa opp mange rom på BOA og langtidsavdelingane i 2014, men problema kring ventilasjon er ikkje utbetra.

Bu - og aktivitetstenesta

Tenestene innafor Bu- og aktivitetstenesta er lovpålagte tenester. I den siste tida har vi fått stadig press på våre tenester for å yte tenestetilbod til nye brukarar der nokre av dei er i "gråsone" mellom tenestene i kommunen. Dette dreier seg om brukarar som for eksempel vanskeligstilt ungdom eller problematikk innafor rus og psykiatri, samt brukarar med kognitiv svikt. Vi yter allereie i dag tenester til brukarar som ikkje bur i fellesbustadane. Det er eit behov for eit ambulerande team på tvers av einingane i helse og omsorg som kan ivareta dei som bur i kommunen. Eit slikt team bør bestå av tilsette med forskjellig fagkompetanse.

Tiltak:

Årleg funksjonskartlegging av brukarane, og eventuelt fornying og oppdatering av vedtak, slik at ein får synleggjort behov og utfordringar i bustadane.

Strategisk kompetansekartlegging innafor helse- og omsorg. Fokus på kompetanseutvikling, rekruttering og deltidsstillingar.

Samordning av ressursar opp mot «gråsonebrukarar».

Vurdering:

Auka behov for tenester har medført auke i årsverk og auke i små helgestillingar. Dette fører til negative konsekvensar for budsjett og arbeidet med deltidsstillingar.

Heimetenesta

Heimetenesta har etter innføringa av Samhandlingsreforma i januar 2012, fått auka pasienttal med 20%. Kompleksiteten i behandlinga har auka, og pasientane kjem raskare heim frå sjukehus. For å imøtekomme dette har vi styrka kompetansen ute i direkte pasientretta arbeid og har eit ønskje om å få styrke grunnbemanningsa. Ei vidare satsing på utviklingsarbeid og ei modernisering av lokaletilhøva er nødvendig for at Heimetenesta skal



kunne tilby behandling og observasjon i heimen til pasienten på ein forsvarleg og effektiv måte.

NAV

Manglande leiligheter til bruk for dei som står utan bustad midlertidig, eller som trong ei treningsleilighet er bekymringsverdig. Det gjer at vi må ty til dyre og lite eigna tiltak, mellom anna må betale 21000 kr pr månad for eit bustadsrom for ein person.

Vi har og merka ei auke i personar som ikkje fungerar godt nok til å gjere seg nytte av dei ordinære arbeidsmarkedstiltakene vi rår over. Dei hadde tronge eit lågterskeltilbod, kor dei gradvis kan oppleve meistring og tilhøyrighet for å gjere seg i stand til å skaffe seg inntekt og verte sjølvhjelpt. Vi ser og at når det vert starta med aktivitetsplikt for økonomisk sosialhjelp manglar Surnadal Kommune eit slikt lågterskeltilbod. Det vil vere ressursavhengig at man greier å etablere det, då man både må ha lokalar og personalressursar.

5. Rådmannen si vurdering

Einingane innanfor helse og omsorg har jobba godt i 2014. Med unntak av Bu- og aktivitetstenesta har einingane samla sett komme greitt ut i høve tildelt ramme. Når det gjeld Bu- og aktivitetstenesta var det fleire endringar i tilbod/behov som gjorde at ein ved slutten av året kom ut med eit stort underskott. Nye brukarar kom til fár hausten av utan at rammene vart justert i høve dette. Det er sett i gang eit arbeid med å sjå på oppgåvefordeling og ressursbruk i heile eininga med tanke på innsparingar.

Økonomiske rammer	Rekneskap 2014	Budsjett 2014 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2013
Helse og rehabilitering	29 897	30 110	-213	27 951
Institusjonane	53 329	53 635	-306	48 663
Bu- og aktivitetstenesta	39 893	35 467	4 426	32 176
Heimetenesta	27 070	26 995	75	25 834
NAV	4 867	5 200	-333	3 918

Vurdering:

Helse og rehabilitering

Mindreforbruket skuldast at inntekter frå 2013 vart rekneskapsført i 2014.

2014 har vore eit år med fleire programoppdateringar og innkjøp av programvare og pc-utstyr. Dette har medført utgifter ut over det som det var budsjettet med. I og med at vi fekk avslag på søknad om tilskott til prosjektet «Kvardagsrehabilitering», har prosjektet vore eit spleislag mellom Heimetenesta og Helse og rehabilitering.

Institusjonane:



I 2014 vart det behov for å kjøpe ny vaskemaskin på vaskeriet og koppvaskmaskin på kjøkkenet. Utgifter til data (lisensar, PC'ar, nye modular mm) vart høgare enn budsjettet. Lønsoppgjeren 2014 utgjorde vel 2 millionar på Institusjonane, og det er høge utgifter til sjukevikar. Pasientbelegget er i gjennomsnitt på 85% i 2014, og det har medført reduserte inntekter i eininga. OBS-posten fungerer godt mht. til å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset, og vi har merka en mindre pågang i 2014 enn tidlegare år. Trådløst nettverk vart installert i 2014, men det er et stort behov for å auke kappasienten og at det når ut til alle pasientrom, møterom, kontor og alle vaktrom. Det er nødvendig å ta ibruk meir velferdsteknologi ved Institusjonane, og det er nødvendig å rekruttere nok personell med rett kompetanse framover.

Bu- og aktivitetstenesta:

Overskotet i 2013 var 3,6 mill., og om lag det same i 2012. At vi i 2014 har eit stort underskot har fleire forklaringar.

Vi fekk ikkje med oss overskotet frå dei førre åra, og fekk i tillegg redusert budsjetråme i 2014.

Bu- og aktivitetstenesta får inntekter frå staten på ressurskrevjande brukarar. I 2014 avslutta vi to 1:1 tilbod midt i året, og starta opp tilbod kring to nye brukarar. Dette gjer at vi mistar inntekter på alle fire. I tillegg har vi auka bemanninga totalt det siste halve året grunna auka behov. Dette kjem det refusjon på først i 2015. Slike swingingar er ikkje råd å ta med i planelegginga av budsjettet. Det har kome 1,9 mill. frå fylkesmannen til dekking av slike tenester som ikkje gir refusjonsrett, men desse midlane er ikkje ført som inntekt i Bu- og aktivitetstenesta.

Vi arbeider med å sjå på oppgåvefordeling og ressursbruk i heile eininga med tanke på innsparingar.

Heimetenesta:

Heimetenesta har i 2014 fått tilskot på 1 mill. for arbeid med HPH- pasientforløp, og har med det eit meirforbruk på kr 75 000,-.

NAV

NAV fikk ei ekstraløyving hausten 2014, mellom anna pga ei stor auke i økonomisk sosialhjelp. Aukinga vart større enn behovet, og ein greidde mot slutten av året og minskte utviklinga.



IK Barnevern

1. Aktivitet

Ansvar 540 Barnevern

Frå 1. september 2010 vart det etablert ei interkommunal barnevernsteneste mellom Halsa, Rindal og Surnadal. Surnadal er vertskommune for tenesta. Hovudoppgåva til eininga er å



sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og tilhøve deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, og medvirke til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

2. Satsingsområde

Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår

Mål:

- Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel. Barnevernstenesta skal vere med å sikre gode overgangar frå barn til vaksenliv.

Tiltak:

- Vidareutvikle arbeidet med "tidleg tverrfagleg innsats med fokus på barn i alderen 0 - til 5 år.
- Arbeide for gode og koordinerte tiltak for barn som bur heime saman med forelder.
- Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet internt i dei tre kommunane.
- Sikre god oppfølging og kontroll av barn som er plassert i tiltak utanfor heimen.
- Etablere gode samarbeidsformer mellom dei ulike tenesteområda i familiens hus.
- Etablere gode samhandlingsformer med Bufetat og barne- og ungdomspsykiatrien.

Vurdering:

"Tidleg tverrfagleg innsats" med fokus på 0-5 år: Tverrfagleg team er oppretta. Teamet er sett saman av tilsette frå helsestasjon, barnevern, PPT, koordinator for førebygging og alle barnehagane. Modellen er overført til barnehagar i Rindal og blir etablert i Halsa i 2015. Dei andre satsingsområda er kontinuerlig under arbeid.

Satsingsområde 5: Kultur – omdømme – identitet

Det blir viktig for den interkommunale barnevernstenesta å arbeide med kulturbygging for å skape ein felles vi - kultur.

Mål:

Den interkommunale barnevernstenesta skal framstå som ei felles teneste for innbyggjarane i kommunane Halsa, Rindal og Surnadal.

Tiltak:

Drive kulturbygging internt i eininga ved felles samlingar.

Sikre god informasjon til befolkninga.

Arbeide for at tenesta skal vere lett tilgjengeleg.

Faste kontordagar i Halsa og Rindal.

Drive utadretta informasjon om tenesta til samarbeidspartnarane.

Vurdering:

Ik barnevern har bidrege inn i dei fora det har vorte forventa deltaking. Det er satt opp turnus for betjening av kontoret i Halsa og Rindal.



3. Kvalitetsarbeid

Mål:

- Auke den faglege kompetansen i akuttvurderingar
- Aue den faglege kompetansen i utredningsarbeidet.
- Styrke rettstryggleiken i saksbehandlinga.

Tiltak:

- Rettleiing på dei ulike fagområda er iversett og vil halde fram
- Arbeidet med utvikling av den nye kvalitetssystemet held fram.
- Iverksette vedtak om etablering av barnevernvakt i Halsa, Rindal og Surnadal

Vurdering:

Det er innført nytt kvalitetssystem, Kvalitetslosen, eit samarbeidsprosjekt mellom Orkidékommunar. Alle tilsette skal kunne bruke systemet til å sjå gjeldane dokument og prosedyrar innanfor fagområde, samt melde avvik.

Opplæring har vore gjennomført for tilsette i avdelinga.

4.Utfordringar

- Auka behov for tidleg innsats.
- Tilgang på målretta tiltak.
- Beskytte barn som vert utsett for omsorgssvikt mishandling og overgrep.

5. Rådmannen si vurdering

Spørsmålet vedrørande etablering av barnevernvakt for Halsa, Rindal og Surnadal i form av kjøp frå Trondheim kommune vart avklart i 2014 med oppstart i 2015. IK Barnevern gjekk med eit lite underskott i 2014, men samanlikna med 2013 har det vore ein nedgang i driftsutgiftene.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014 (regulering)	Avvik	Rekneskap 2013
IK Barnevern	9 510	9 255	255	9 848

Vurdering:

Meirforbruk skyldas ombygging i samband med ROS analyse og sikringstiltak og auka kostnader med barn plassert i tiltak utanfor heimen



Teknisk

1. Aktivitet

Dei viktigaste lovverka som blir nytta innafor teknisk sektor er :

- Plan - og bygningslov med forskrifter
- Brann - og eksplosjonsvernlova
- Forurensingslova
- Naturmangfaldlova
- Jordlov, skoglov og konsesjonslov
- Matrikkellova
- Veglova
- Vegtrafikklova

ANSVAR 420 Kommunalteknikk

Ansvar 430 VAR – Kommunalteknikk

Vassverk

Vedlikehald og drift av:

- 15 kommunale vassverk, kor 9 av desse er godkjenningspliktige.
- 213.500 meter med vassleidningar.
- 14 stasjonar for trykkauke.

Avløp

Vedlikehald og drift av:

- Eitt mekanisk reinseanlegg (silanlegg) på Syltøran.
- 94.000 meter med avløpsleidningar.
- 14 store kommunale slamavskiljarar
- 25 avløppspumpestasjonar

Slam

Privat entreprenør tek seg av töming av:

- 1189 private slamavskiljarar for heilårsbustader.
- 256 private slamavskiljarar for fritidshus/hytter.

Kommunale vegar og parkar

Vedlikehald og drift av:

- 92 km med kommunal veg, av dette 55 km med fast dekke.
- 12,5 km med gang- og sykkelvegar/fortau.
- Parkanlegg på Skei samt miljøgata.
- 760 lyspunkt/gatelys.

Renovasjon

Frå 01.07.2010 har Hamos teke seg av all organisering av renovasjon for:

- Alle heilårsbustader i kommunen.
- 1350 ab. med hytte/fritidshus.



- 7 returpunkt for glas/metallemballasje.
- 1 miljøstasjon (Syltøran).

Hamna

- Industrikaia i Røtet (drifta av Kristiansund og Nordmøre Hamn IKS, Surnadal Kommunen har daglig tilsyn og assisterer ved behov).

Brann- og Feiarvesen

- Brannvesenet har tre brannkorps med til saman 32 brannmenn.
- Brannvernet organiserar også feiring, førebyggande tiltak og tilsyn.
- Samarbeid med Rindal om bl.a. felles brannsjef.

Forutan vedlikehald og drift er eininga ansvarleg for ei rekke investeringsprosjekt innan dei same tenestene, samt utbygging av nye bustadfelt.

Ansvar 440 Næring, bygg og miljø

Bygg og miljø:

- Behandlar byggesaker, delingssaker, plansaker og dispensasjonar etter plan- og bygningslova.
- Gjennomføre tilsyn i byggesaker.
- Utarbeider egne planer.
- Ajourføring av kart og plandata
- Behandle saker om motorferdsel i utmark .
- Vassdrags og miljøforvaltning.

Landbruk:

- Oppfølging, forvaltning og drift av mange tilskottsortningar i landbruket.
- Rådgjeving og oppfølging av landbruksaktørar innan skog- og landbruk.
- Næringsutvikling og vidareutvikling innan landbruksnæringa.
- Samlining mellom landbruk og andre ansvarsområde o kommunen..

Skogbruk:

- Skog- og skogreising – Forvaltning av tilskott til skogsbilvegar og traktorvegar.
- Forvaltning av tilskott til skogkultur, skogsbilvegar og traktorvegar.
- Viltnemd – oppfølging og drift av viltnemnda sitt arbeide.
- Viltfond – forvaltning av viltfondet.

Ansvar 460 Eigedom

Eigedomsavdelinga har som oppgåve å drifte kommunale bygg og anlegg, og i den forbindning er det ei rekke lover, forskrifter og normer vi må retta oss etter.

Det aller meste innafor Eigedomsavdelinga vært styrt ut frå plan og bygningslova samt arbeidsmiljølova, som vel er gjengs for alle.



Ved at vi drifter kommunale bygg som skoler, barnehagar, og andre bygg det oppheld seg menneskje, er bla. forskrifter og normer som regulerer inneklimaet viktige og retta seg etter. I den samanheng kan nemnast:

- Reinhald
- Luftkvalitet(ventilasjonsanlegg med spesifikke krav)
- Lys(krav til vindaugeareal og belysning)
- Lyd (krav til overflatar, og ekstratiltak ved behov)
- Varme (varmekjelder som gjev nok varme, og samtidig er energieffektiv).

Drifting av uteanlegga, herunder tilsyn og reparasjon av leikeapparat er også eigedom sitt ansvar, og her er vi underlagt "leikeplasskontrollen" med dei forskrifter og normer som gjeld for leikeplassar og leikeapparater.

Dette er ei krevjande oppgåve, for apparata får tøff medfart, så å halde dei i forskriftsmessig og sikker stand krev mykje arbeid.

I tillegg til dette har eininga ansvaret for:

- Utleige av kommunale bustader, samt vedlikehald av desse.
- Planlegging av byggeprosjekt.
- Byggeleiing av eigne byggeprosjekt.
- Forsikringsansvar for ting og eigedom.

Særskilde fokusområde i 2014

- Planlegge vassforsyninga til Kvanne og Stangvik
- Revidere arealdelen til kommuneplana
- Energisparekontraktar for kommunale bygg

2. Satsingsområde

Satsingsområde 1: Befolkningsutvikling og kompetanse

Tilrettelegging av nye bustadfelt. Det er fortsatt gledeleg stor aktivitet med bygging av hus både i Svartvatnet og på Stormyra. Kommunen må etter kvart tenke på nye felt også i sentrum. Men like viktig er det å gjennomføre prosessane med regulering av felt ute i grendene.

Kommunalteknikk - VAR

Mål:

- Etablere bustadfelt for å kunne tilby attraktive tomter for dei som vil etablere seg i kommunen.



Tiltak:

- Regulere (eining for næring, bygg og miljø) bustadfelt og detaljplanlegge infrastruktur for å kunne tilby tomter med gode offentlege tenester (veg, vann, avløp og liknande)

Vurdering:

Kråkhaugen bustadfelt på Kvanne ble ferdigstilt i 2014. Feltet er privat med i alt 11 tomter, men utbygd av kommunen gjennom ein utbyggingsavtale. I 2014 vart det seld og i gangsett utbygging på 3 av tomtene.

Næring, bygg og miljø

Mål:

- Auka busetting og befolkningsvekst.
- Stimulere næringa og innbuarar til samarbeid om bustadfelt.

Tiltak:

- Full satsing på å utarbeide nye bustadfelt i sentrum og ute i grondene.
- Styrke kapasiteten for område plan i eininga.
- Bruke Bustadsosial handlingsplan aktivt.
- Målretta marknadsføring av bustadfelt.

Vurdering:

Det er arbeidd aktivt med å prioritere nye bustadfelt i kommunen. Det er fortsatt ein mangel på plankapasitet.

Eigedom

Mål:

- Ha gode kommunale bygg og anlegg som gjør kommunen attraktiv.
- Tilby attraktive jobbar.

Tiltak:

- Ha fornuftige bygg, samt ressursar til riktig og godt vedlikehald.
- Dagens bygg krev driftspersonell med kompetanse.

Vurdering:

Den kommunale bygningsmassen er for det meste av god standard, med bra teknisk utrustning. Betre vil det bli når EPC er utført, og det vil samstundes gi eit løft i kompetansen til driftspersonellet.

Satsingsområde 2: Barn og unge sine oppvekstvilkår

Innanfor teknisk sektor er det trafikksikring som er dei viktigaste tiltak for å trygge barn og unge sine oppvekstvilkår. Bygging av gang - og sykkelvegar og sikre skulevegane er prioriterte tiltak.



Kommunalteknikk - VAR

Mål:

- Hindre ulykker for både kjørande og mjuke trafikkantar.

Tiltak:

- Gjennomføre tiltak i trafikktryggingsplana.
- Prioritere tiltak innom den økonomisk ramma for å hindre ulykker, for eksempel kantklipping (spesielt i kryss), strøing, snøbrøyting, fartsgrenser o.a.
- Vurdere nedklassifisering frå kommunal til privat veg, for på den måten å kunne vedlikehalde "resten" på ein tilfredsstillande måte.

Vurdering:

Bygging av nytt vegkryss m/tlforselsvegar og parkeringsanlegg på Øye ble ferdigstilt i 2014.

Næring, bygg og miljø

Mål:

- Tettare samarbeid mellom skule, arbeids- og næringsliv og eininga.
- Få barn og unge meir interessert i sin oppvekstvilkår.

Tiltak:

- Meir hjelp til yrkesval/karriereval.
- Få betre kontakt med skulane – inn i skulen med oss .
- Motivere for å etablere fleire lærlingeplassar.

Vurdering:

Det blir arbeidd aktivt med å få dei unge engasjert i planarbeidet med f. eks. bruk av ungdomsrådet. Her nemnast gründerkamp og arbeidet med arealdelen til kommuneplana.

Eigedom

Mål:

- Mål om å ha gode og fornuftige barnehagar og skular.
- Ha uteområde kring barnehagar og skular som fremmer trivsel og fysisk aktivitet.
- Auka bruk av kommunale anlegg/idrettsanlegg.

Tiltak:

- Godt planlagde bygg med ditto vedlikehald.
- Planleggja gode uteområde med fornuftige leikeapparat.
- Stimulere til bruk, med god tilgjengeleghet.

Vurdering:

Eigedom brukar mykje ressursar for å halde leikeområde og andre ute anlegg trygge og attraktiv til aktiv bruk.

Satsingsområde 3: Næringsutvikling

Kommunalteknikk

Mål:

- Etablere områder beregnet for forretning/industri, for å kunne tilby attraktive tomter for dei som vil etablere slik verksemrd.



- Utvikle Industrikaia i Røtet.

Tiltak:

- Regulere (eining for næring, bygg og miljø) industriområder og detaljplanlegge infrastruktur for å kunne tilby industritomter med gode offentlege tenester (veg, vann, avløp og liknande)
- Bygge ut Industrikaia for å kunne ta i mot ro-ro-skip.

Vurdering:

Store tomteareal vart i 2014 utfylt i Industriområdet i Røtet med tunnelmasser frå Folldalen.

Arbeidet med å etabler eit eige hamneselskap; Surnadal Hamn AS, er godt i gang.

Næring, bygg og miljø

Mål:

- Meir bruk av ByggSøk.
- Lettare tilgjengeleg informasjon på heimesida.
- Aktivt næringsutviklingsarbeid med landbruk og anna næring.

Tiltak:

- Informasjons- og dialogmøte med næringa.
- Meir systematisk informasjon på heimesida – byggesakshjelp.
- Bidra aktivt til informasjon til landbruksnæringa.
- Legge til rette næringsareal ved revisjon av arealdelen.
- Meir aktiv for nettverksbygging.

Vurdering:

Ein stadig større del av byggesøknadane blir sendt inn og handsama elektronisk.

Førehandskonferanse som del av plan- og byggesaker fungerar godt. Næringsareal er prioritert i arealdelen.

Satsingsområde 4: Folkehelse og levekår

Surnadal kommune har 15 vassverk og forsyner omlag 75 % av innbyggjarane med drikkevatn. I tillegg er det mange bedrifter som er abonnementar som stiller strenge krav til stabilitet og kvalitet til vassforsyninga. Med stadig strengare krav til kvaliteten på drikkevatnet, er det viktig å sette av ressursar til drift og vedlikehald av vassforsyningsanlegga.

Kommunalteknikk – VAR

Mål:

- God og trygg vassforsyning.
- Hindre uønska kloakkutslepp – forureining.

Tiltak:

- Fortsette utskifting av därleg leidningsnett, spesielt 30 – 50 år gamle asbestcement-rør, som har vært årsak til mange leidningsbrot.
- Forsterka deler av leidningsnettet som pr. i dag har for därleg overføringskapasitet.



- Renovering/oppgradering/samanslåing av vassverk.
- Ferdigstille hovudplan for vassforsyning.
- Starte arbeidet med ny hovudplan for avløp.
- Forsterke overføringsleidningar og pumpestasjonar for å hindre uønska overløp og forureining.
- Kartlegge tilstanden på avløpsforholda i andre delar av kommunen.

Vurdering:

Skiftet ut og la om i ny tracè ca. 850 meter av hovudvassleidning i Søyådalen, for å sikre/trygge vassforsyninga til ab. i nedre Surnadal.

Utskiftet ca. 350 meter med gql. asbest-cement rør, kor vi har hatt mange rørbrudd, på Sylte i nedre Surnadal.

Fremføring av ny vassleidning og tilkobling av Skralthaug private vassverk.

Installerte ny PLS-styring ved Bøfjorden vassverk.

Arbeidet med forprosjekt Kvanne – Prestelva vassverk med tanke på val av framtidig løysing.

Næring, bygg og miljø

Mål:

- Gode levevilkår vil også si å bu godt og ha eit "levande" sentrum.

Tiltak:

- Delta aktivt med gjennomføring av sentrumsplana.
- Bruke Bustadsosial handlingsplan meir aktivt.
- Informasjon om universell utforming.

Vurdering:

Det blir kontinuerleg arbeidd med dei tiltak som er nemnt.

Eigedom

Mål:

- Kommunale bygg med fornuftig utforming og godt inneklima.
- Uteareal som fremjer trivsel og fysisk aktivitet.
- Gode idrettsanlegg/arenaer.

Tiltak:

- Gode prosessar i planlegginga av nye bygg.
- Godt planlagde og vedlikehaldne utomhusanlegg.
- Robuste og lettdrivne idrettsanlegg som tåler dagleg bruk.

Vurdering:

Meiner vi lukkast bra med dette, og når det gjeld utomhusanlegg / idrettsanlegg er det eit satsingsområde vi brukar mykje ressursar på gjennom året.



Satsingsområde 5: Kultur – omdømme – identitet

Teknisk infrastruktur er viktig for alle innbyggjarane i kommunen. Det blir til ei kvar tid stilt strengare krav til kvalitet på tenestene.

Kommunalteknikk – VAR

Mål:

- Abonnentane og befolkninga elles skal oppfatte Surnadal kommune som ein påliteleg, ansvarsbevist og kvalitetsbevist leverandør av tenestene innan communalteknikk.

Tiltak:

- Yte best muleg service innan våre tenesteområde.
- Levere tenester med god kvalitet.

Vurdering:

Spesielt har Gemini Varsling vorte eit nyttig verktøy for oss, for gjennom dette nettbaserte verktøyet å kunne varsle abonnementar/innbyggjarar om uønska hendingar og hendingar som vi planlegg og som har direkte innverknad på våre abonnementar.

Næring, bygg og miljø

Mål:

- Auke Surnadal sitt omdømme som offentleg verksemد.
- Bevare eldre bygningsmasse, spesielt på Surnadalsøra og andre enkeltbygg og samlingar av bygg.

Tiltak:

- Meir informasjon om verdien av elder bygg og om reglar som gjeld.
- Bruke dei tilskottordningane som er tilgjengelege.

Vurdering:

Her er gjennomført informasjon om tiltak og støtteordningar. Det er viktig med vurdering av prioriteringar i spørsmål om riv eller vern.

Eigedom

Mål:

- Våre kulturarenaer/bygg skal holde god standard og være tilgjengeleg for publikum ved behov.

Tiltak:

- Sørgje for at driftspersonell har nødvendig tid og ressursar til å halde områda vedlike på ein tilfredstillande måte.

Vurdering:

Meiner vi har dei ressursane som trengspå dette området, og standarden på anlegga vert teke vare på.



Satsingsområde 6: Tettstads- og arealutvikling

Planlegging av sentrumsområdet

Her er arbeidet inne i ein avgjerande fase ved at kommunestyret skal ta stilling til hovudgrepa som no blir foreslått. Neste år vil den formelle reguleringsprosessen bli gjennomført.

Næring, bygg og miljø

Mål:

- Delta i prosjektgrupper/byggjekomitear med ny tettstadsplan.
- Skape tett samarbeid mellom føretaka som er etablert i sentrum.
- Få ungdom aktivt med i arbeidet.

Tiltak:

- Komme i gang med opparbeiding av "nytt" sentrum.
- Skape auka trivsel og fleire handelstilbod og utvikle identiteten og attraktiviteten til sentrum.

Vurdering:

Sentrumsplanarbeidet er skuva ut i tid på grunn av for lite tilgjengelege ressursar.

3. Kvalitetsarbeid

Kommunalteknikk – VAR

Mål:

- Innføre ny utarbeida "*Plan for sikkerhet og beredskap i vassforsyninga*" i heile organisasjonen.

Tiltak:

- Informasjonsmøte og øvingar.
- IK – system for vatn og avløp.

Vurdering:

Bruk av Gemini – varsling er viktig i kvalitetsarbeidet vårt.

Næring, bygg og miljø

- Gode rutinar for sakshandsaminga.

Vurdering:

I 2014 er det gjennomført opplæring i nytt kvalitetssystem med dokumentsamling, prosedyrar og system for avvikshandtering. Dette skal bli teke i bruk i 2015.

Eigedom

- Fokus på universell utforming.

Vurdering:

Universell utforming blir teke omsyn til ved alle høve, både ved nybygging samt oppussing.



4. Utfordringar

Kommunalteknikk – VAR

- Rekruttering av fagpersonell.
- Rehabilitering og fornying av behandlingsanlegg for vatn.

Vurdering:

Det er fortsatt eit hovudfokus på vassforsyninga til Kvanne og Stangvikområdet.

Næring, bygg og miljø

- Rekruttering av auka plankapasitet.
- Halde tidsfristane i plan – og byggesaker, inkl. oppmåling.

Vurdering:

Plankapasiteten er for låg. Dette gir utslag i lang saksbehandlingstid både for private og kommunale planer. Dette fører igjen til at bustadprosjekt og utbyggingsprosjekt ikkje blir iverksatt i rett tid.

Eigedom

- Redusere arealet på kommunale bygg (sal).
- Nok midlar til vedlikehaldet av bygningane.

Vurdering:

Arealet på kommunale bygg i drift er uendra i 2014.

Det blei ikkje løyvd midlar til vedlikehald utover det som låg i ramma for 2014, så ein del større jobbar er skyva på, men vi fekk gjort ein god del, mange rom ved sjukeheimen blei bl.a. pussa opp.

5. Rådmannen si vurdering

Det er viktig for både trivsel og trafikktryggleik at nivået på vedlikehaldet av dei kommunale vegane blir opprethalde. Innanfor VAR- området er det eit prioritert arbeid å revidere hovudplan for vassforsyninga og hovudplan for avløp. Spesielt viktig er det å avklare framtidig vassforsyning til Kvanne og Stangvik. Forsyningsområdet for hovudvassverket frå Fauskåa blir stadig utvida, noe rådmannen meiner er ei god løysing for abonnentane. Den største oppgåva innanfor arealplanlegginga neste år ligg i ferdigstilling av revidert arealdel til kommuneplana. Revidert trafikktryggingsplan må og ferdigstillast.

Dei store utbyggingsprosjekta med dagsenteret, omsorgsbustadene og sentrumsplana er krevjande på kapasitet og kompetanse. Prosjekta treng god oppfølging for å få eit godt



Bystartet: Grunnsatsmøtet er sett i jorda for bygging av nytt Dagsenter på Sottemoen i Gausdal. Her ser vi kommunalråd Ingvild Skog-Kærn, oppgjørslær Roger Vaernes, rektorparet Bir og Ingrid Helene Margrethe Sævild, Rødgardens leiarne til Gunn Aune og ungmøter

Spadetak for dagsenter

Frå avisat Driva sommaren 2014
Revidert trafikktryggingsplan



resultat. Vi stiller store forventningar til energisparekontraktane med inntening av dei store investeringa i løpet av ein periode på 6-8 år.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2014	Budsjett 2014 (regulert)	Avvik	Rekneskap 2013
Kommunalteknikk	10 350	13 885	-3 535	18 567
Kommunalteknikk VAR	-2 424	-2 606	182	-949
Næring, bygg og miljø	6 127	6 148	- 20	5 020
Eigedom	30 961	29 999	962	30 135

Vurdering:

Eit viktig anlegg for å auke trafikktryggleiken er kryss og parkeringsplass ved skuleområdet på Øye, eit anlegg som ble ferdigstilt i 2014. På grunn av milde vintrar har ein klart å oppretthalde eit akseptabelt vintervedlikehald innanfor tildelt ramme. «Oveskottet» i 2014-rekneskapen for vegkapitlet skuldast tilbakebetaling av forskottering frå vegvesenet til asfalt på fylkesvegar.

Innanfor VAR – området er det no trekt ein endeleg konklusjon for alternativ til vassforsyning til Kvanne og Stangvik. Her blir det arbeidd vidare med planer for overføringsledning frå Fauskåa vassverk. Fauskåa vassverk får utvida forsyningsområde og forsterka ledningsnett kvart år i samsvar med budsjetttrammene.

Vi er ikkje komme i mål med arealdelen til kommuneplana, men arbeidet er komme langt og vi reknar med sluttbehandling tidleg i 2015. Trafikktryggingsplanen er ikkje ferdig revidert. Her er planleggingskapasiteten årsaka til forseinkingane.

Innanfor eigedomsforvaltninga er det no skreve kontraktar på energisparetiltak, EPC – kontraktane. Investeringane i samband med desse vil komme i 2015. Det er utarbeidd ein ny og fyldigare versjon av vedlikehaldsplanen.

Det er god budsjettdisiplin i alle einingane. Dei avvik som kjem fram i tabellen skuldast overføringa frå vegvesenet for kommunalteknikk. For avviket på eigedom er årsaka i hovudsak avvik mellom budsjett og rekneskap for avskrivningane.



Investeringar

Investeringsbudsjett 2014-2017

		2014	Vurdering
Ansvar:	100 RÅDMANN		
117	IKT - Orkidé	346	Utført.
	Sum 100 RÅDMANN	346	
Ansvar:	350 HEIMETENESTA		
100	BILKJØP	250	Utsett til 2015
	Sum 350 HEIMETENESTA	250	
Ansvar:	420 KOMMUNALTEKNIKK		
000	BYGGEFELT	1 000	Noko planlegging utført på Nystubakken II
100	BILKJØP	450	Utført
145	NØDNETT - KOMMUNALTEKNIKK		Innkjøp, igangkjøring i 2015
409	OPPRUSTING KOMMUNALE VEGAR	1 000	Utført
428	SENTRUMSUTVIKLING	3 000	Omprioritert, ikkje utført
437	SVARTVATNET FRIOMRÅDE GANGVEG	200	Utført
441	KRÅKAUGEN BYGGEFELT		Første byggetrinn ferdig i 2014
482	RØTET – OPPARB. INDUSTRITOMTER	7 000	Utført, noe gjennstår
445	SVISSHOLMEN STANGVIK	1 500	Budsjetterast på nytt, reg.plan forseinka
	Sum 420 KOMMUNALTEKNIKK	14 150	
Ansvar:	430 KOMMUNALTEKNIKK - VAR		
000	TINEAGGREGAT	300	Utført
100	BILKJØP	450	Utført
451	FAUSKÅA VASSVERK	2 500	Utført
458	MO VASSVERK	600	Budsjetterast på nytt
467	KVANNE OG STANGVIK VASSVERK	200	Framføring av vatn til fire bustader på Røen.
463	BØFJORD VASSVERK NY PLS-STYRING	250	Utført
480	PUMPESTASJONAR AVLØPSNETT	250	Utført
	Sum 430 KOMM.TEKNIKK - VAR	4 550	
Ansvar:	440 BYGG OG MILJØ		
447	SKILTING - VEGADRESSERING	500	Mindre del utført, budsjetterast på nytt
	Sum 440 BYGG OG MILJØ	500	
Ansvar:	460 EIGEDOM		
146	KULTURHUSET VARME/ KJØLEPUMPE	500	Endra løysing, mindre kostnad
151	KULTURHUSET LYDSKJERMING BIBLIOTEK	100	Utført
152	ENØK - ENERGISPAREPLAN	3 000	Kontraktsarbeidet ikkje komme i gang
235	STANGVIK - UTEAREAL	100	Ikkje komme i gang



		2014	Vurdering
154	OMBYGGING/REHAB BUSTADHUS	200	Gjennomført.
243	NYE ØYE SKULE/ FLEIRBRUKSHALL	400	Vedtak i PBN om å lage skisseprosjekt av to altenativ.
448	PARKERING - ØYE BARNEHAGE	700	Utført
315	DAGSENTER HABILITERING/ HELSE	18 000	Arbeid går etter plan
316	BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN	5 000	Arbeid går etter plan
000	ASFALTVED UNGDOMSSKULEN	400	Utført
	Sum 460 EIGEDOM	28 400	
Ansvar:	530 KYRKJELEG FELLESRÅD		
000	Investeringar - kyrkja	400	Ikkje overført
	Sum 530	400	
	TOTALSUM	48 596	